



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

AORG350
Masteroppgåve

Vurdera, representera, fokusera?

Ei samanlikning av geografisk representasjonsfokus blant norske og svenske kommunestyrerepresentantar.

Anna Laupsa Helvik

Vår 2016



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Samandrag

I denne oppgåva tek eg føre meg representasjonsfokuset blant norske og svenske kommunestyrerepresentantar. Representasjonsfokuset til representantane syner kven dei i størst grad meiner det er viktig at dei representerer når avgjerder skal takast og beslutningar gjerast. Hovudfokuset for oppgåva er det geografiske representasjonsfokuset og korleis representantane ser på det å representera ein bestemt geografisk del av kommunen. Studien er gjennomført som ein kvantitativ analyse med utgangspunkt i tal samla inn i samband med MAELG¹-undersøkinga i 2007, ei felles undersøking av ulike haldningar blant kommunestyrerepresentantar i 16 ulike europeiske land.

Hovudfunna i studien syner at det lokale geografiske representasjonsfokuset skil seg frå andre representasjonsfokus blant kommunestyrerepresentantane. Medan representantane i stor grad er einige om kor vidt ei innbyggjargruppe er viktig å representera er det store sprik i kor viktig representantane meiner det er å representera ein bestemt geografisk del av kommunen. Deskriptive analysar og multivariate regresjonsanalysar syner at dei viktigaste variablane for å forklara dei norske og svenske representantane si haldning til å representera einskilddelar av kommunen både er politiske og sosiale. Partitilhøyrslø og det å vera valt inn i kommunestyret på ei lokal liste påverkar begge korleis representantane ser på det å vera representant for ein einskild del av kommunen. På same måte syner det seg at både utdanningsbakgrunn og butid i kommunen heng saman med korleis kommunestyrerepresentantane ser på det å vera representant for ein bestemt geografisk del av ein kommune.

¹ Municipal Assemblies in European Local Government, felles prosjekt for 16 europeiske land for å undersøkjia mellom anna haldningar til representasjon.

Føreord

Når no det siste punktumet er sett i masteroppgåva er det mange tankar som sviv gjennom hovudet på ein litt sliten masterstudent. Den fyrste er at *det er jammen godt det er ferdig no*. Det siste året har vore prega av intens jobbing i periodar avløyst av lange stunder med mykje tankeverksemd. Heldigvis har det vore mest av det fyrste sjølv om heller ikkje det siste skal undervurderast.

Den andre tanken som dukkar opp er at *jammen var det litt kjekt óg*. Eg har fått jobba med eit emne eg interesserer meg for, sett meg inn i litteratur på emnet og har eit produkt som er ferdig. Haldningane til representasjon blant kommunestyrerepresentantar kjem aldri til å verta det same igjen. Sjølv om eg nokre gonger har lurt på kvifor eg sette i gang har eg alt i alt hatt to fantastiske år på Lindstrøms.

Tredje tanken er at *det er mange som må takkast!* Fyrst av alt må eg takka hovudrettleiar, Jacob Aars for gode innspel både rundt val av tema og gjennomføring, stor støtte og endå større tolmod. Ei stor takk skal óg birettleiar Ole Andreas Danielsen ha for å ha komme med mange gode innspel på både struktur og teori og generelt gode idear for korleis heilskapen kan bli betre. Forskargruppa *Politisk organisering og fleirnivåstyring* må takkast for fleire gode innspel gjennom prosessen.

Takk til foreldre og annan familie for all støtte og motivasjon. Det hadde vore veldig mykje tyngre utan. Og til sist; takk til Sindre som har korrekturlese alt utan å mista forstanden på grunn av uvettig teiknsetjing. Kanskje nokon får ein hårklipp denne gongen.

Den siste tanken? *Eg må sjå til å få levert alle desse bøkene tilbake på biblioteket!*

Bergen

29. mai 2016

Innhaldsliste

Samandrag	I
Føreord	II
Liste over tabellar	IV
Figurliste	V
1 Innleiing	1
1.1 Om val av forskingstema og aktualisering	1
1.1.1 Kvifor fokus på fokus?	2
1.2 Kva veit me frå før?	4
1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål	6
1.4 Oppgåva si oppbygging	8
2 Lokalpolitikk og parti hand i hand	9
2.1 Kommunestyra og lokalpolitikarane	9
2.2 Partia sin rolle i lokalpolitikken	11
2.2.1 Partia inntek lokalpolitikken	13
2.2.2 Fleire parti og lokale lister.....	15
2.2.3 Mykje partipolitikk, lite lokalpolitikk?	16
2.3 Avrunding	19
3 Teori	20
3.1 Representasjon som idé	20
3.1.1 Representasjonsfokus og representasjonsstil - korleis representerer ein?	22
3.1.2 Representasjonsstil - kven påverkar kven?	23
3.1.3 Representasjonsfokus; dei det er viktigast å representera.....	24
3.1.4 Det geografiske representasjonsfokuset.....	26
3.2 Representasjon i lokaldemokratiet	28
3.3 Forklaringar på tre nivå	29
3.3.1 Makronivået.....	30
3.3.2 Mesonivået	31
3.3.3 Mikronivået - sosialisering og rasjonelle aktørar.....	34
3.4 Avrunding	39
4 Metode	41
4.1 Om datamaterialet:	41
4.2 utfordringar ved å nytta dette (og andre) datasettet i denne analysen	45
4.3 Small-N-comparison og bruk av statistiske data	47
4.4 Variablane	48
4.4.1 Den avhengige variabelen.....	49
4.4.2 Om dei uavhengige variablane.....	51
4.4.3 Operasjonaliseringar av dei uavhengige variablane	51
4.4.4 Tilhøvet mellom dei ulike variablane	55
4.5 Deskriptive analysar	56
4.6 Lineær regresjonsanalyse	57
4.7 Avrunding	60
5 Deskriptive analysar	61
5.1 Geografiske og andre representasjonsfokus	62
5.2 Trivariate deskriptive analysar	64

5.2.1	Makrovariabelen	65
5.2.2	Mesovariablane	66
5.2.3	Mikrovariablane - dei sosiale	72
5.2.4	Mikrovariablane - dei politiske.....	77
5.3	Avrunding.....	85
6	Multivariate analysar	88
6.1	Noreg	89
6.2	Sverige	95
6.3	Samanlikninga Noreg - Sverige.....	99
6.4	Effekten av land	102
6.5	Avrunding	103
7	Diskusjon av analyseresultat: Svara på dei store spørsmåla.	105
7.1	Korleis var det med dette geografiske representasjonsfokuset?	105
7.2	Land har noko å sei.....	107
7.3	Korleis påverkar desse faktorane? Eigentleg?.....	108
7.3.1	Senterparti og lokale lister	109
7.3.2	Sosiale faktorar og politisk bakgrunn og ambisjonar	111
7.3.3	Og kva med det som ikkje har effekt?	113
7.4	Skilnadar mellom land og kommunar	114
7.5	Kva er det egentleg som bestemmer det lokale geografiske representasjonsfokuset?	117
8	Oppsummering og avrunding.....	119
8.1	Generaliseringshøve	120
8.2	Kva kan ein sjå på no?.....	121
	Litteraturliste	122
	Vedlegg 1: Toleransetestar for kollinearitet.....	127
	Vedlegg 2: Logistiske regresjonsanalysar	129
	Vedlegg 3: Spørsmål frå MAELG-undersøkinga nytta i oppgåva.....	131

Liste over tabellar

Tabell 4.1: Samanlikning av faktiske resultat ved det svenske kommunevalet i 2006 (mandatfordeling) og fordelinga av representantar frå dei ulike partia i datamaterialet, med fordelsbrøkar	44
Tabell 4.2: Samanlikning av faktiske resultat ved det norske kommunevalet i 2007 (mandatfordeling) og fordelinga av representantar frå dei ulike partia i datamaterialet, med fordelsbrøkar	45
Tabell 4.3: Spørsmål 16k, Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera følgjande grupper sine interesser? Eit bestemt geografisk område av kommunen	50
Tabell 4.4: Oversikt over dei uavhengige variablane som vert nytta i analysen.	52
Tabell 5.1 Alle representasjonsfokus for norske og svenske lokalpolitikarar,	63
Tabell 5.2 Land.....	65
Tabell 5.3: Kommunestorleik	66
Tabell 5.4: Politisk ideologi	68
Tabell 5.5: Valt inn på lokal liste?	71

Tabell 5.6: Kjønn.....	72
Tabell 5.7: Høgste fullførte utdanning.....	73
Tabell 5.8: Butid.....	76
Tabell 5.9: Tillitsverv.....	78
Tabell 5.10 Medlemstid i politiske parti.....	80
Tabell 5.11: Kommunestyreansiennitet.....	81
Tabell 5.12: Politisk framtid.....	84
Tabell 6.1 Multivariate regresjonsanalysar, norske kommunar	90
Tabell 6.2 Multivariate regresjonsanalysar svenske kommunar	96
Tabell 6.3 Oppsummeringstabell, signifikante funn i Noreg og Sverige, samanhengar signifikante på 0,1-nivå eller lågare markerte med +	100
Tabell 6.4 Effekten av land.....	103
Tabell 5: Toleransetest regresjonsmodell norske kommunar	127
Tabell 6: Toleransetest regresjonsmodell svenske kommunar	127
Tabell 7: Toleransetest regresjonsmodell norske og svenske kommunar kommunar ..	128
Tabell 8: Logistiske regresjonsanalysar norske kommunar	129
Tabell 9: Logistiske regresjonsanalysar svenske kommunar	130

Figurliste

Figur 4.1 Samanlikningar gjort i oppgåva	43
Figur 4.2 Analysemodell for oppgåva	59

1 Innleiing

Temaet for denne masteroppgåva er *geografisk representasjonsfokus blant kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige*. Oppgåva er ei kvantitativ undersøking med mål om å finna likskapar og ulikskapar mellom haldningar til det å representera ein bestemt geografisk del av kommunen og kva som kva påverkar desse haldningane blant dei lokale folkevalde. Ved å undersøkje variablar på fleire analysenivå ønskjer eg å seia noko om korleis bakgrunnen til representantane påverkar dette. Representasjonsfokuset til representantane er ei konkretisering av *kven representantane meiner det er viktigast å representera (Eulau mfl., 1959, Pitkin, 1967)*. Dette kan vera einskilde innbyggjargrupper, næringsinteresser eller det kan vera heile eller einskilde geografiske delar av kommunen. Det geografiske representasjonsfokuset som er hovudanleggande for denne oppgåva kan som sagt delast inn i fleire nivå.

For denne oppgåva sin del ligg hovudfokuset på den delen av det geografiske representasjonsfokuset som går på haldningane kommunestyrerepresentantane har til det å representera einskilddelar av kommunen. I dette innleiande kapitlet vert bakgrunn for val av fokusområde og problemstilling lagt fram, både personleg motivasjon og faglege argument for at dette er interessant å sjå på. I tillegg vert problemstillinga for oppgåva presentert saman med mindre forskingsspørsmål og ein kort litteraturgjennomgang før strukturen for resten av oppgåva kort vert lagt fram.

1.1 Om val av forskningstema og aktualisering

Det å både undersøkje kva som påverkar representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane og i tillegg få høve til å samanlikna norske og svenske kommunestyrerepresentantar gjer oppgåva endå meir spanande. I desse to landa som ser såpass like ut bør politikarane ha om lag dei same føresetnadane for meiningsdanning. Ein kan tenkja seg at dette igjen vil gjera at kommunestyrerepresentantar i dei to landa vil ha haldningar som liknar på einannan når det gjeld kven det er viktig at vert representerte når avgjerder skal takast. Samstundes er oppgåvene til kommunane i stor grad like i dei to landa og funksjonen kommunane har i det administrative og politiske systemet er mykje den same (Aars, 2014). Likevel er det historisk nokre skilnadar som gjer at ein kan venta å finna

ulikskapar mellom korleis politikarane forhold seg til ulike store spørsmål (Petersson og Valen, 1979). Dette gjer ei samanlikning av haldningar og kva som påverkar haldningar blant kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige både utfordrande og spanande. Spanande av di ho potensielt kan byggja ny kunnskap, utfordrande av di eg må leita etter forklaringar på dei skilnadane som fins i det lokale geografiske representasjonsfokuset.

Oppgåva tek gjennom deskriptive analysar og multivariate regresjonsanalysar sikte på å kunna forklara kva som påverkar haldningane til eit av desse spørsmåla det geografiske representasjonsfokuset til representantane. Medan representasjonsfokus generelt seier noko om kven ulike folkevalde meiner det er viktig å representera fortel det geografiske representasjonsfokuset korleis representantane ser på det å representera eit geografisk område (Eulau mfl., 1959). Dette geografiske representasjonsfokuset kan så delast inn i fleire nivå og til dømes seia noko om kor vidt representantane meiner det er viktig å representera *ein* del av kommunen. Ein ser stadig vekk at nasjonale saker overdøyver lokale saker og at partipolitikk stadig vert viktigare og i lokalpolitikken (Skare, 1996). Trass i dette kan lokalpolitikken framleis vera kjensleladd og følast personleg for både representant og dei representerte. Samstundes er politikk óg i stor grad lokalpolitikk eit tema som aldri vert ferdigdebattert og ferdig undersøkt. Dei fleste meiner noko om korleis avgjerder vert tekne, særleg avgjerder som er tett på ein sjølv. Det fins alltid ein ny vinkel å sjå sakene frå.

1.1.1 Kvifor fokus på fokus?

Kommunane som det tredje forvaltingsnivået i både Noreg og Sverige har på mange måtar eit dobbelt ansvar både når det gjeld forvaltning og politikk. Dei har både ansvar for å handheva dei føringane og retningslinjene dei vert gjevne frå staten, samstundes som dei skal passa på den lokale dimensjonen i forvaltninga. Eit viktig kjenneteikn ved kommunane er at dei i stor grad er politiske institusjonar (Offerdal, 1999). Utan politikk ville ikkje kommunane funnest på samme måte som i dag, og utan politikarar ville det ikkje funnest nokon politikk å føra. Lokalpolitikken står i eit krysningpunkt der det både skal drivast politikk med utgangspunkt i dei nasjonale partiorganisasjonane og denne politikken skal tilpassast den lokale konteksten ut frå den kunnskapen politikarane sjølve har om lokale tilhøve. Eit spørsmål det då er interessant å stilla seg er i kor stor grad lokalpolitikken faktisk er lokal og i kor stor grad politikarane sjølve meiner det er viktig at dei er representantar for dei lokale interessene, anten dette er

kommunen som heilskap eller einskilde geografiske delar av kommunen. Sidan politikken føreset og kommunestyrerepresentantane i stor grad har fridom til å handla utan at avgjerder vert påverka av indre eller ytre krefter (Offerdal, 1999: 10) vil han alltid vera ein kamp mellom fleire interesser. Heller enn å berre vera eit organ som gjennomfører nasjonal politikk gjev denne fridomen kommunestyrerepresentantane høve til å representera slik dei sjølv finn det best. Ei av moglegheitene er dei lokale listene som gjev opning for at lokalpolitikarar og personar som i utgangspunktet ikkje nødvendigvis ser på seg sjølv som lokalpolitikarar som både er opptekne av einskildsaker og einskilddelar av kommunane (Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013). Det å sjå på det geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane vert difor både ein studie av representantar valde inn både på lokale lister og på partilister for landsdekkande parti. Ein finn lokalistar ikkje berre på dei lokale listene, men og i mange av dei lokale partia med utspring i dei nasjonale partiorganisasjonane.

Lokalpolitikken påverkar oss alle, anten me er bevisste på det eller ikkje. Dei avgjerdene kommunestyrerepresentantane tek betyr noko for innbyggjarane i ein kommune og desse vert stadig vekk gjenstand for diskusjonar. Politikarar vert tidvis kritiserte for å ikkje følgja partiprogram og lovnader som er gjevne før eit val. Nokre gonger vert det og stilt spørsmål rundt *kven det eigentleg er kommunestyrerepresentantane representerer*. I både små og store kommunar er dette ei mogleg kjelde til konflikt, noko ein frå tid til annan får referert utførleg i lokalaviser i heile landet. Dette representasjonsfokuset som alle politiske representantar har anten dei er medvitne på det eller ikkje påverkar korleis dei tek avgjerder og kva saker dei meiner det er viktig at vert handsama i kommunestyret. Representasjonsfokuset kan gje seg utslag på fleire måtar ved at representanten til dømes meiner han har ei særleg plikt til å vera representant for einskilde grupper i kommunen. Korleis den enkelte kommunestyrerepresentanten sitt representasjonsfokus oppstår kan vera ein komplisert affære å finna ut av. Eg meiner likevel dette er viktig for betre å skjønna kva som gjer at ein lokalpolitikar meiner han bør vera representant for ei einskild gruppe (eller for så vidt fleire) blant innbyggjarane eller einskilde geografiske område.

1.2 Kva veit me frå før?

Frå representasjonsfokuset vart teke opp på seint 50-tal og seinare (Eulau mfl., 1959, Eulau og Karps, 1977) har fokuset ofte har vore på kva grunnar representantane har for å velgja som dei gjer. Mellom anna Eulau et al.² og Eulau og Karps synta at representantar som ønskjer å verta attvalde i verva sine vil ha stort fokus på å representera sitt valdistrikt. Det same vil representantar som har budd lenge i eit område vera. Dei meiner likevel at politske faktorar er viktigare enn dei sosiale faktorane når det gjeld kva som påverkar representantane sitt geografiske representasjonsfokus.

Oftast har dette vore gjort på nasjonalt nivå som Holmberg og Esaiasson (1988) si bok om Riksdagsledarmøta i Sverige, Esaiasson og Holmberg (1996) si bok som tek delvis utgangspunkt i Riksdagsstudien og Narud og Valen (2007) si bok om tilhøva blant norske stortingspolitikarar. Både Holmberg og Esaiasson og Esaiasson og Holmberg finn at representantar i den svenske Riksdagen meiner det er viktig at dei har høve til å framføra saker dei "*personleg meiner er viktige*" (Esaiasson og Holmberg, 1996: 62). Dei syner med andre ord at sjølv om spørsmålet er ope meiner representantane at det bør vera høve til å finna sitt eige fokus og arbeida etter dette. Vidare syner Esaiasson og Holmberg at 94% av representantane ved den svenske Riksdagen meinte det var veldig eller ganske viktig å representera interessene til deira eige heimdistrikt. Noko av det same syner Narud og Valen (2007) i si bok om norske stortingspolitikarar der dei syner at så godt som alle representantane meinte det var viktig å representera eige distrikt/fylke og ei endå større gruppe meiente det var viktig å representera eige parti. Dei fann likevel at det var tydelege skilnadar mellom representantar frå ulike parti for kor viktig dei meinte ulike representasjonsfokus var. Medan politikarane frå FrP meinte det var minst viktig å representera sitt eige heimfylke (105) var det representantar frå dei to sentrumspartia Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti (KrF) som i størst grad meinte dette var viktig.

Óg på meir internasjonalt nivå har det vore gjennomført studium med ønskje om å seia noko om representasjonsfokuset til medlemmer i til dømes hovudoppgåva til Tørhaug (2003) der han mellom anna såg på representasjonsfokuset til nordiske representantar i

² Artikkelen er basert på ei undersøking frå 1957 av representantar i statlege lovgjevande institusjonar i Ohio, New Jersey, Tennessee og Ohio.

regionale europeiske organisasjonar. Tørhaug fann i si hovudoppgåve, som handla om nordiske representantar si åtferd i europeiske institusjonar at representantar frå dei størst og dei minste områda (under 20.000 og over 100.000 innbyggjarar) var dei representantane som i størst grad var opptekne av lokale interessene. Han fann óg at representantar frå parti på høgresida var meir unionsretta medan dei nordiske representantane frå venstresida var meir retta mot interesser i Østersjøområdet og reint nordiske omsyn.

Men óg norske lokalpolitikarar sitt representasjonsfokus har vore gjenstand for undersøkingar. Andrea Mandt tok i si masteroppgåve (2011) føre seg opprettinga av lokale lister. Ho fann at opprettinga av lokale lister fører til ei dreining av politikken ved at representantar på desse listene føler seg nærare velgjarane og deira ønskje i større grad enn det lister frå landsomfattande parti gjerne gjer. Dette kan igjen føra til at fleire velgjarar vel å engsjera seg i lokalpolitikken. Noko av det same syner Aars og Ringkjøb (2005) når dei seier at lokalvala slit i motbakke når det gjeld valoppslutnad, men at lokale lister ved desse vala kan føra til at velgjarararar som elles ville site heime likevel møter i vallokala. Aars og Ringkjøb meiner at noko av bakgrunnen er at partipoliseringa har ført til at den nasjonale politikken har gjennomsyra det lokale nivået og gjort lokalvala noko mindre lokale, noko dei lokale listene kan vera eit botemiddel mot.

Alle desse har på ulikt vis freista å visa korleis ulike representasjonsfokus påverkar og vert påverka av tilhøve rundt og eigenskapar ved representantane sjølve. Eller dei har synt korleis lokale lister og fokus på dei heilt lokale sakene framleis er viktige i lokalpolitikken. Kva er så desse faktorane som påverkar korleis kommunestyrerepresentantane forhold seg til det å representera ein einskild gruppe i ein kommune? Eller ein einskild del av kommunen for den del? Det er dette som er hovudfokusset for denne oppgåva; å finna ut av korleis nokre utvalde bakgrunnsvariablar påverkar haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen og finna ut kor vidt påverknaden frå desse variablane er den same blant norske og svenske kommunestyrerepresentantar.

1.3 Problemstilling og forskings spørsmål

Med mål om å seia noko om det geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane i Noreg og Sverige og kva som påverkar dette er utgangspunktet for oppgåva klar. Eg går inn i henne med eit mål om å både kunna skildra skilnadar mellom landa og å forklara kva som påverkar haldningar. Problemstillinga for oppgåva er difor formulert på denne måten:

Korleis skil det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige seg frå andre representasjonsfokus? Korleis påverkar bakgrunnen til representantane det geografiske representasjonsfokuset deira? Og i kva grad er det skilnad i haldninga til det å representera ein skilddelar av kommunen mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar?

Problemstillinga er tredelt då ho både har fokus på å skilja det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane frå dei andre representasjonsfokusa som er undersøkte for i MAELG³-undersøkinga. Ho søker svar på korleis bakgrunnen til representantane påverkar dette fokuset og ho søker å finna skilnadar mellom det lokale geografiske representasjonsfokuset hjå norske og svenske kommunestyrerepresentantar.

For å klargjera kva eg eigentleg er ute etter har eg i tillegg formulert nokre mindre, meir konkrete underproblemstillingar/forskingsspørsmål som vil fungera som støtte gjennom heile oppgåva. Eg vil svara på desse gjennom analysar og diskusjonsdel og dei er grunnlaget for oppbygginga av både teori-, empiri- og analysekapittela:

- *Er det skilnad mellom geografiske representasjonsfokus og andre fokus?*
- *I kva grad påverkar sosiale bakgrunnsfaktorar det geografiske representasjonsfokuset til lokalpolitikarane?*
- *I kva grad vert det geografiske representasjonsfokuset påverka av politisk bakgrunn og ambisjonar?*
- *I kor stor grad er det skilnadar mellom Noreg og Sverige og mellom store og små kommunar internt i landa?*

³ Municipal Assemblies in European Local Government, felles prosjekt for 16 europeiske land for å undersøka mellom anna haldningar til representasjon.

Med desse spørsmåla som utgangspunkt har eg gode moglegheiter til å både freista å finna ut korleis dei utvalde uavhengige variablane påverkar representantane sitt representasjonsfokus og korleis det geografiske representasjonsfokus til representantane skil seg frå andre representasjonsfokus. Det lokale geografiske representasjonsfokus er eitt av mange representasjonsfokus og eg trur, som både Esaiasson og Holmberg (1996) og Narud og Valen (2007) syner, at geografi er viktig for representantane. Spørsmålet som står att er om det er heile kommunen, eller ein einskild del av kommunen som er den viktigaste for representantane. Eg meiner vidare at det sannsynlegvis vil vera slik at dei politiske faktorane vil vera dei som i størst grad påverkar representantane sine haldningar til det å representera einskilddelar av kommunen slik som Eulau et al (1959) syner i sin artikkel. Likevel vel eg å tru at den sosiale bakgrunnen representantane har vil vera med på å påverka denne haldninga og at dei er viktige forklaringsfaktorar når det gjeld det lokale geografiske representasjonsfokus. Eg vil óg som Tørhaug syner tru at *kvar* representantane kjem frå, anten det gjeld kommunestorleik eller politisk ideologi er faktorar som påverkar dette. I det siste store spørsmålet om kor vidt det er skilnadar mellom Noreg og Sverige meiner eg, igjen med utgangspunkt i Esaiasson og Holmberg og Narud og Valen at dette fokuset vil vera noko sterkare blant norske enn blant svenske kommunestyrerepresentantar⁴.

Gjennom heile oppgåva vil eg prøva å knyta saman empiri og teori og halda fast på samanlikninga mellom tilhøva i Noreg og Sverige. Oppgåva vil difor både vera kvantitativt fundert samstundes som ho er ein gjennomført komparasjon av stoda i dei norske og dei svenske kommunane. Hovudmålet for analysane er å finna ut korleis *dei utvalde variablane* påverkar haldninga til det å representera ein einskild geografisk del av kommunen og korleis påverknaden frå desse eventuelt varierer mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar. Det er derimot ikkje å finna den forklaringsmodellen som nødvendigvis gjev den størst moglege forklarte variansen i ein regresjonsanalyse. Dette er diskutert nærare i metodekapittelet i oppgåva.

⁴ Grundige grunngjevingar for dette vert presenterte i teorikapittelet.

1.4 Oppgåva si oppbygging

Oppgåva er delt inn i sju kapittel, kvart med ein klar plass i det oppdraget det er å svara på problemstillinga. Kapittela er bygde opp om tanken på at det fins ulike delar av forklaringa når representasjonsfokuset skal undersøkjast. Både dei politiske og dei sosiale faktorane får plass og eg har så godt det let seg gjera freista å balansera fokuset på desse i kapittela.

Kapittel 2 er eit kontekstkapittel der eg kort går gjennom kommunane og kommunestyra sine oppgåver i norsk og svensk samanheng før eg gjev eit historisk oversyn over endringar i lokalpolitikken med særleg auge for partia og dei lokale listene sin plass i denne samanhengen.

I kapittel 3 vert det teoretiske grunnlaget for representasjonsfokuset klarlagt saman med ein teoretisk gjennomgang av dei variablane som er inkluderte i analysane. I tillegg til dette gjev eg her ein oversikt over korleis eg tenkjer at samanhengane mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen ser ut.

Metodekapittelet, kapittel 4, gjev ein gjennomgang av datamaterialet, operasjonalisering av variablane og gjennomgang av analysemetodane som vert nytta i oppgåva. I dette kapittelet vert og nokre av føresetnadane for analysane klargjorte før eg i kapittel 5 og 6 legg fram fyrst dei deskriptive analysane av representasjonsfokuset og samanhengar mellom uavhengige og avhengig variabel før eg i kapittel 6 presenterer resultata frå den multivariate regresjonsanalysen der påverknaden kvar av dei uavhengige variablane har på den avhengige kjem fram.

I kapittel 7 vert moglege forklaringar på funna i kapittel 5 og 6 diskuterte før eg avsluttar oppgåva i dette kapittelet med eit oppsummerande avsnitt og frampeik mot mogleg vidare forskning.

2 Lokalpolitikk og parti hand i hand

Eg vil i dette kapittelet fyrst gje eit oversyn over kommunane sine ansvarsområde og organisering av desse. Etter dette kjem ein gjennomgang av kommunestyra sin plass i dei norske og svenske kommunane og valordningar ved lokalval. Ein kort gjennomgang av historiske endringar i valordningar og oppbygging av partisystema i begge landa følgjer før kapittelet vert avslutta med tankar rundt den lokale politikken sin plass i det moderne politiske systemet. Gjennom heile den siste delen av kapittelet vil eg og sjå på dei lokale listene sin plass i lokalpolitikken. Deira fokus er gjerne annleis enn partigruppene som har utspring i dei nasjonale partiorganisasjonane og det er difor venteleg at representantar frå desse listene vil ha eit anna representasjonsfokus enn andre representantar i kommunestyra. På same tid er representantane frå dei lokale listene viktige for å utvida og styrka legitimiteten (Copus, 2004) til alle representantane som er innvalde i kommunestyra.

2.1 Kommunestyra og lokalpolitikarane

Noreg og Sverige er begge land med mange innbyggjarar spreidd over store geografiske avstandar, noko som er grunnen til at begge landa har relativt mange kommunar (428 i Noreg, 290 i Sverige). I store kommunereformar på 1950- og 70-talet vart talet på svenske kommunar redusert til under ein tidel av det opprinnelege talet medan det norske kommunekartet med unntak av kommunereforma på 1950-talet der kommunetalet vart redusert frå 774 til 443 i liten grad har endra seg den seinare tida (Aars, 2014). I begge landa er kommunane det tredje administrasjonsnivået etter stat og fylke/landsting og oppgåvene til kommunane i dei to landa skil seg ikkje i nemneverdig grad frå einannan. Hovudoppgåvene deira er at dei skal passa på å fordela goder og byrder mellom innbyggjarane. Dei obligatoriske oppgåvene for ein svensk kommune er; sosiale tenester, før-, grunn- og vidaregåande skule, plan- og bygningssaker, miljø- og helsespørsmål, renovasjonsarbeid, vatn og avlaup, redningstenester, sivilforsvarstenester, bibliotektenester og bustadshjelp til innbyggjarane⁵. På same måte er hovudoppgåvene til dei norske kommunane barnehage, grunnskuleopplæring, renovasjon, vatn og avløp, primærhelseteneste og

⁵ Liste henta frå Regeringskansliet (2015)

eldreomsorg⁶. Det er med andre ord stor likskapar mellom kommunale oppgåver i Noreg og Sverige.

I dei 290 svenske kommunane vart det ved kommunevalet i 2007 valt inn 13.078⁷ representantar noko som gjev eit snitt på 45 representantar pr kommune, eller vel 750 innbyggjarar pr representant. For dei 428 norske kommunane var det tilsvarende talet etter kommunevalet i 2011 10.952⁸ representantar, eller om lag 26 representantar i snitt pr kommune og vel 464 innbyggjarar pr kommunestyrerepresentant. Kvar kommunestyrepolitkar i Sverige har med andre ord ansvar for om lag 62 prosent fleire innbyggjarar enn dei norske kommunestyrerepresentantane. Både norske og svenske kommunestyre jobbar seg gjennom svært mange saker i løpet av eit år. Mange av desse er saker som er viktige på ein eller fleire måtar for innbyggjarane i kommunen, og gjerne saker det knyter seg sterke kjensler til. Debattane går ofte høgt i både lokale og landsdekkande media før eit val rundt meir og mindre betente lokalpolitiske saker. Eit døme på dette er debatten rundt bybanetrasé over Bryggen i Bergen som har vore intens dei siste åra (Pletten, 2016).

Både dei norske og dei svenske kommunan har lokalval kvart fjerde år. Medan lokalvala i Noreg vert haldne to år etter stortingsval (men samstundes som fylkestingsvala) vert lokalvala i Sverige arrangerte slik at dei fell saman med vala til Riksdagen og regions- og landstingsval. Dette gjer at medan norske kommunar, lokale parti og lokalpolitikarar køyrer eigne valkampar (nesten) heilt uforstyrtra av dei nasjonale vala vert den lokale valkampen noko mindre synleg og tydeleg i dei svenske kommunane. Dette kan nok i nokon grad gjera at fokuset på dei lokale sakene vert sterkare i dei norske kommunane då dei får større plass i desse vala. Dei nasjonale partia har alle lokale partiorganisasjonar som er knytte til den nasjonale organisasjonen og på dette viset knyter saman det lokale og det nasjonale politiske nivået. Når dette vert gjort er det i stor grad opp til dei lokale politikarane å overføra den politikken dei nasjonale partia ønskjer å føra slik at dei passar til dei lokale tilhøva som lokalpolitikarane har mykje betre oversyn over enn det politikarane sentralt i partiet har.

⁶ Thorsnes og Berg, 2016

⁷ Statistiska Centralbyrån (SCB), 2016

⁸ SSB.NO, 2016a

Partiet fungerer med andre ord som ei styring av korleis dei lokale politikarane arbeider, men gjev ikkje heile svaret, korkje for kva saker som er dei viktige eller korleis politikken skal implementerast i kommunane. Her er det viktig at dei lokale politikarane nyttar den kunnskapen dei har om lokale tilhøve både geografisk og økonomisk til å gjennomføra politikken på ein best mogleg måte (Offerdal, 1999). Sjølv om det er sterkt fokus på det lokale ved lokalpolitikken vert det som nemnt i innleiinga gjerne snakka om eit lokaldemokrati i krise. Dette kjem at lokalpolitikarane ikkje står fritt nok til å forvalta oppgåvene sine som ønskjeleg i stor grad grunna at ny og sterk rettighetstenking gjer økonomiske handlingsrommet noko mindre i kommunane enn det har vore tidlegare (NOU 2003:19). I sluttrapporten etter den svenske demokratitugreiinga frå 2000 ser ein noko lysare på den nye typen rettighetstankegang og seier at *"I servicedemokratien är det effektiviteten i servicen snarare än förmågan att uppträda som medborgarnas företrädare som ger de lokala politikerna och partierna legitimitet"* (SOU 2000:1: 147)⁹. Ein kan kanskje seia at fokuset for dei to ulike utgreiingane har lege på ulike dimensjonar og utfordringar for lokalpolitikken.

2.2 Partia sin rolle i lokalpolitikken¹⁰

Ein viktig del av arbeidet med problemstillinga er å undersøkje kor vidt partitilhøyrslø påverkar det mest lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane. Særleg interessant er det å sjå på kor vidt det er skilnad mellom kommunestyrerepresentantar som vart innvalde på partilister og dei som vart innvalde på lokale lister. Vil ein representant frå ei liste som spring ut frå eit landsdekkande parti ha eit anna fokus enn kommunestyrerepresentantar frå dei lokale listene som gjerne er meir kortliva og har eit noko smalare fokusområde enn partia? Grunnen til at dei er kortliva kan i stor grad forklarast med at dei ofte vert etablerte i samband med enkeltsaker (Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013). Å skjønna kva plass partia har i lokalpolitikken er viktig for å kunna forklara moglege skilnader i haldningar blant lokalpolitikarar som er innvalde på partilister og dei som ikkje er det.

⁹ Eit poeng her er at medan tittelen på sluttboka etter den norske maktutgreiinga som kom i 2003 er *Makten og demokratiet* har svenskane valt eit noko lysare syn på livet og kalt sin sluttrapport *Et uthålligt demokrati*.

¹⁰ Dette delkapittelet og underavsnitt 2.2.1 og 2.2.3 byggjer på feltoppgåva (Helvik, 2015).

Frå *formannsskapslovene* vart vedtekne i Noreg i 1837 og med dét det lokale sjølvstyret for kommunane vart lovfesta har det skjedd relativt store endringar i korleis samansetjinga av kommunestyra ser ut. Innføringa av lovene gjorde at moglegheitene for kommunane til å styra seg sjølve vart utvida, sjølv om dei i praksis hadde hatt stor grad av sjølvråderett mykje lenger enn dette (Bergsgård, 1937). Den lokale styringa har med andre ord lange tradisjonar i dei norske kommunane óg før ho vart nedfelt i lovverket. Den nye lovgjevinga var i stor grad ei formalisering av dette og eit ledd i desentraliseringa av makta som fram til dette stort sett hadde vore samla på få hender. Lovene gav i liten grad instruksjon om kva oppgåvene til kommunen faktisk var, men formannsskapslovene var i større grad ei klargjering av kva kommunane var. Dei avgrensa kommunane territorielt, gav instruksjonar for dei kommunale styringsorgana og la klarare retningsliner for den kommunale sakshandsaminga og var ei fyrste konkretisering av grensene mellom stat og kommune. Men kva så med kven som kunne velgjast inn i kommunestyra?

Frå 1837 og framover vart det innført nye lover og retningsliner for kven som kunne velgjast inn i kommunestyra og korleis vala skulle gjennomførast. Frå å fyrst vera reine fleirtalsval vart kommunestyra etter kvart samansette etter forholdstalsprinsippet, eit prinsipp som vart viktigare og viktigare etter som partia gjorde sine inntog på den politiske arenaen i løpet av seint 1800-tal (både i Noreg og Sverige). I norske kommunar vart forholdstalsval til kommunestyra innført ved lov i fyrst i 1896, sjølv om dette ikkje skjedde utan debatt i Stortinget og utan kompromiss og unntaksordningar. Bakgrunnen for lovendringa var mellom anna endringar i ordningane rundt stortingsvala før dette og at det i fleire kommunar vart mobilisert ved lister (Bergsgård, 1937). Dei fyrste proporsjonelle lokalvala i Noreg vart gjennomført i 1898 og frå valet i 1919 var det obligatorisk å ha ei proporsjonell lokalvalsordning så lenge det var to eller fleire partilister tilgjengelege i kommunen (Bäck, Offerdal og Aars, 2005: 339).

I Sverige vart det tilsvarande, men noko seinare, innført ei kommunallov; *Kommunalförordningarna* som i stor grad la dei same føringane for kommunane som det formannsskapslovene gjorde for dei norske kommunane. Etter dette vart det innført valordning med proporsjonelle val i kommunar med *kommunfullmäktigar* (kommunestyremodell) i 1910 (Bäck, Offerdal og Aars, 2005). Medan dette i 1910 stort sett gjaldt bykommunar var modellen utvida til å gjelda over halvparten av alle svenske

kommunar i 1938. Etter dette gjekk endringane i Sverige og Noreg om lag i same tempo, og valordningane har stort sett vore relativt like sidan den gong. Både ved norske og svenske kommuneval er det høve til å kumulera representantar som er oppførte på listene og på det viset gje personrøyster. Dette kan ved enkelte høve føra til at andre personar enn dei listestillarane har prioritert høgt vert innvalde i kommunestyra. På den andre sida er det enkelte små skilnadar i kva som faktisk utgjer eit valdistrikt ved kommunevala i dei to landa. Medan heile kommunen er valdistrikt i alle dei norske kommunane er det i dei svenske lagt opp til eit noko anna system for store kommunar¹¹ som har høve til å dela kommunen opp i to eller fleire krinsar som har sine eigne representantar (skl.se, 2016). I ein stor svenske kommune kan ein altså i praksis ha to ulike lister for same parti.

2.2.1 Partia inntek lokalpolitikken

Då partia for alvor gjorde sitt inntog i lokalpolitikken etter andre verdskrigen var dette samstundes med bygginga av ein solid velferdsstat og ein meir gjennomgripande stat som på mange måtar gjorde kvar enkelt kommune meir avhengig av storsamfunnet (Kjellberg, 1965). Saman med utbygginga av velferdsstaten vart kommunane og tillagde fleire oppgåver frå staten og dette gjorde at trongen for felles ideologiske plattformer i lokalpolitikken auka (Kjellberg, 1965). Der dei tidlegare oppgåvene lett kunne løysast av utval utan sams ideologisk forankring krev dei nye oppgåvene i større grad at at samordninga internt er sterkare og at velgjarane lett kan identifisera kva representantar og lister som står for kva syn. Partia verkar altså som ein sorteringsmekanisme for velgjarane samstundes som større partipolisering opna for at det er mogleg å vera profesjonell politiskar også på lokalnivået. Samstundes virkar lokalpartia og lokalpolitikken både i Noreg og Sverige som eit springbrett og opptrening for representantar som ynskjer seg inn i den nasjonale politikken. I begge landa har ein stor del av politikarane på nasjonalt nivå starta sine politiske karrierar i lokale partigrupper (Aars, 2014) før dei har jobba seg opp gjennom systemet.

Når ein snakkar om partipolisering av lokalpolitikken er det rollen til dei nasjonale partia i det lokalpolitiske landskapet som er fokuset. Denne rolla har endra seg mykje frå den tida då lokalvala vart gjennomført som reine majoritetsval til proporsjonelle val

¹¹ Kommunar over 36.000 innbyggjarar, noko som vil seia 80 av dei 290 svenske kommunane (Valmyndigheten, u.å.).

med partilister på tidleg 1900-tal. Partia sitt inntog i lokalpolitikken og med dette partipoliseringa var i gang for alvor etter dette. Det tok likevel noko tid før alle norske kommunar hadde kome forbi det Rokkan (1966) kallar den "*pre-politiske tilstanden*" og hadde eit fleirtal av lister som tilhørde nasjonale parti (251). Lenge var både den svenske og den norske politikken prega av det som gjerne vert kalla *den skandinaviske fempartimodellen* der dei politiske partia grovt sett var organiserte på same måten med to parti på venstresida: Eitt sosialdemokratisk og eitt (mindre) sosialistisk parti, eit sentrumparti som i både Noreg og Sverige har utgangspunkt i landbrukssektoren, vidare på høgresida eitt liberalt parti og lengst til høgre på den politiske skalaen eit konservativt parti (Demker og Svåsand, 2005b). Etter kvart som det politiske systemet har vorte modernisert¹² har fleire parti kome til og enkelte parti har oppstått ved at parti har blitt splitta opp eller slegne saman. Endringane har gjort det politiske systemet både meir komplekst og kanskje uoversiktleg samstundes som det no er større moglegheiter enn nokon gong for velgjarane å finna eit parti dei høyrer heime i på den politiske marknaden.

Desse vridningane mot eit meir moderne politisk system følgjer i stor grad det Rokkan meinte ville vera framtida for den norske politikken; ei større einsretting mot den nasjonale partipolitikken og med det ei utarming av sentrum-/periferi-konflikten. Trass i moderniseringa har ikkje dei lokale listene forsvunne og dei landsdekkande partia teke heilt over. Dei lokale listene har overlevd. Sjølv om korkje utvalet av eller oppslutnaden om slike lister er veldig stor er dét at dei framleis er ein viktig del av lokalpolitikken ikkje til å stikka under ein stol. Det er truleg fleire grunnar til dette. Framleis fins det til dømes saker som engasjerer innbyggjarar i ein kommune så mykje at dei meiner at desse må opp på den politiske dagsordenen og framleis fins det grupperingar i kommunar som ønskjer å arbeida for spesielle geografiske område i ein kommune. Truleg er desse meir til bate for lokalpolitikken som heilskap enn dei er til skade då dei kan opna for at personar som elles ikkje ville engasjert seg i politikken vert aktiviserte, om så berre for kortare periodar (Mandt, 2011, Aars og Christensen, 2013). Dette syner seg mellom anna i at kommunar der ein har tilgang på fleire gjerne konkurrerande lokale lister kan ein sjå at oppmøtet på valdagen er noko høgare enn i kommunar der

¹² Jfr. Rokkan (1987)

lokale lister er fråverande (Aars og Ringkjøb, 2005). Ein slik effekt av dei lokale listene vil nok mange meina er positiv for det lokale demokratiet.

2.2.2 Fleire parti og lokale lister

Sidan politikken både i Noreg og Sverige i nokon grad har bevega seg vekk frå den tradisjonelle *fempartimodellen* som dei skandinaviske landa lenge var kjende for, har stadig fleire ulike parti dukka opp. Den gamle modellen, med eitt leiande sosialdemokratisk parti, eitt mindre sosialistisk parti, eitt liberalt parti, eitt parti med utgangspunkt i landbrukssektoren (Senterpartiet og Centerpartiet) og lengst til høgre eit konservativt parti gjorde den politiske arenaen oversiktleg og skiljelinjene i politikken rimeleg klare (Demker og Svåsand, 2005a). Med aukande tal parti i begge landa, i Noreg etter 1960 og i Sverige særleg sidan 80-talet har den politiske marknaden vorte noko meir uoversiktleg samstundes som det og i den nasjonale politikken har vorte rom for fleire særinteresseparti.

Dei fleste av partia har uttalte haldningar til tilhøvet mellom sentrum og periferi. Likevel har enkelte av dei opprinnelege fem partia halde på grunnideane frå dei vart grunnlagde. Dette gjeld til dømes dei to senterpartia i Noreg og Sverige: Senterpartiet og Centerpartiet, som begge i utgangspunktet var *bondeparti* og retta seg mot (særleg stor-) bønder sine interesser (Christensen, 2005). Tradisjonelt har dette vore parti som kan karakteriserast som *lokalistparti*, parti med særleg fokus på at lokale styresmakter skal ha stor innverknad på eiga drift slik at dei skal kunna pleia sine eigne interesser (Page, 1991) noko som framleis kan seiast om dei. Samstundes har dei i større grad enn mange av dei andre partia fokus på småskalapolitikk og ønskje om å oppretthalda utkantane (Fimreite mfl., 2004, Christensen, 2005). Sjølv om fokuset til partia har endra seg frå å vera eit reint bondeparti er dette framleis parti med fokus på lokale tilnærmingar og *"partiene lever, som de alltid har gjort, først og fremst av periferien"* (Christensen, 2005: 188). Som einaste sams parti i dei to landa med eit uttalt fokus på sentrum-/periferidimensjonen skil dette partiet seg ut blant dei mange andre partilistene og dannar eit politisk sentrum.

2.2.3 Mykje partipolitikk, lite lokalpolitikk?¹³

Ved lokalval er det gjerne slik at det er dei lokale sakene som bør vera dei viktigaste. Sjølv om partia som del av eit nasjonalt system står sterkt ved lokalvala er som synt over ikkje dei riksdekkande partia einerådande i lokalpolitikken (Aars og Christensen, 2013). Lokallistene som berre stiller til val i ein enkelt kommune står framleis sterkt i mange kommunar sjølv om dei har sterk konkurranse frå dei etablerte partia. Målet til desse listene er gjerne å ta opp saker som er spesielle for den enkelte kommunen og som synest viktige for fleire innbyggjarar. Dei vert gjerne oppretta av di enkelte innbyggjarar er særleg opptekne av anten einskiddelar av kommunen eller av einskildsaker dei meiner er viktige.

Nokre lokale lister vert óg danna som motsatsar eller alternativ til partilister som av ulike grunnar ikkje er lister velgjarane ønskjer å støtta. Partia kan vera *"irrelevante i kommunene (...) attpåtil betraktes som topptunge og lite lydhøre overfor medlemmene"* (Aars og Christensen, 2013: 151). Dette kan tyda på at dei lokale listene fyller eit rom i lokalpolitikken som dei nasjonale partia ikkje klarar å dekkja, samstundes som det kan vera ein måte å engasjera fleire enn dei som faktisk er partimedlemmer til innsats ved lokalvala og oppmøte ved stemmeurna. Dei lokale ikkje-parti-listene kan slik vera ein måte for representantar på dei listene som *er* partilister å legitimera sine eigne rollar og sin eigen plass i lokalpolitikken på (Copus, 2004). Dette kan igjen gjera det lettare å avskrive personar som prøver å påverka lokalpolitikken utan å vera valt inn av innbyggjarane av di dei har hatt alle moglege høve til å stilla til val. Likevel er det ikkje nødvendigvis slik at alle lokale lister er heilt utan band til eksisterande parti. Nokre gonger oppstår lokale lister som meir enn noko anna er samarbeidslistar mellom ulike parti. I Namsskogan kommune oppsto lista Optimum som ei samarbeidsliste sett saman av kandidatar frå Senterpartiet, KrF, Høyre, Venstre og den eldre borgarlege samarbeidslista Frie Velgere (Aars og Christensen, 2013). Dette gjer at sjølv lister som i utgangspunktet ser ut som ei rein lokal liste for utanforståande kan ha ein felles ideologi i botnen og sams syn på konfliktsituasjonar i kommunen.

Tilgangen på og oppslutnaden om dei lokale listene varierer, både etter storleik på kommunane og andre lokale tilhøve. Samstundes er det ikkje nødvendigvis direkte samsvar mellom tilgangen på lokale lister og talet på velgjarar som vel å nytta seg av

¹³ Med referanse til Skare (1996) sin artikkel

desse listene (Aars og Ringkjøb, 2005). Tilgangen på lister har variert gjennom åra, med ein generell nedgang frå 1937 og fram til i dag. Ved kommunevalet i 1937 stilte det lokale lister til val i 48% av kommunane, medan det talet i 2003 var redusert til 38% (Aars og Ringkjøb, 2005: 169). Nedgangen har trass dette ikkje vore jamn og ein kan nok seia at ikkje-parti-listene ved nokre høve har styrka sin posisjon særleg i kommunar med meir enn 10.000 innbyggjarar i løpet av valperiodane på slutten av 1990-talet. Når tilgangen på lokale lister er god, men velgjarane likevel vel å ikkje nytta seg av denne moglegheiten kan grunnane til dette vera fleire. Til dømes vil oppslutnaden rundt denne typen lister vera dårlegare i kommunar som tradisjonelt ikkje har hatt lokale lister ved kommunevalet enn det ein finn i kommunar der innbyggjarane har for vane å forhalda seg til slike lister ved vala (Aars og Ringkjøb, 2005).

Likevel har partipolitiseringa ført til at dei rikspolitiske sakene og difor også dei nasjonale partia til ein stor grad dominerer i lokalpolitikken (Skare, 1996, Rommetvedt, 2000). Dette kan føra til det Skare omtalar som "*det lokaldemokratiske problem*". Ein representant kan verta vald inn i kommunestyret på bakgrunn av den overordna politikken til partiet han står på liste for utan at det eigentleg er klart for han sjølv eller velgjarane, kva lokalpolitiske styringssignal velgjarane eigentleg går etter (Skare, 1996). Mellom anna kan problemet her vera at det er lite samsvar mellom kva ønskje det nasjonale partiet har, kva som faktisk er ansvarsområda til lokalpolitikarane og kva avgjerder som skal (og kan) takast på kva plan. På den eine sida her ein eit institusjonelt argument: At lokalpolitikken vert utøvd innanfor rammer som i stor grad avgrensar politikken og viskar ut dei konfliktlinjene som fins mellom partia (1996: 240). Medan ein i det politisk-sosiologiske argumentet finn at dei overordna politiske skiljelinjene ikkje samsvarar med dei ein finn i lokalpolitikken. Det er ikkje nødvendigvis slik at dei ideologiske motsetnadene ein finn mellom parti på det nasjonale nivået vil finnast på same måte og like tydeleg i dei lokale partigruppene ved eit kommuneval.

Sjølv om det ikkje alltid er enkelt å finna att dei nasjonalpolitiske skiljelinjene i lokalpolitikken har partilistene viktige funksjonar ved kommunevala. Dei skal sørgja for å gje velgjaren eit "*politisk pakketilbod*" ved å organisera politikken på ein oversiktleg måte, både for velgjarane og partimedlemmene sjølve (Skare, 1996). Slik sørgjer dei for at det ikkje berre er dei med høgast politisk kompetanse som kan ta informerte avgjerder. Dette vil og føra med seg at ein unngår at dei folkevalde kun er ein avgrensa

politisk elite, men i større grad eit tverrsnitt av befolkninga. Di tydelegare eit parti klarar å formidla kva det står for i sakene velgjarane bryr seg om, di større er sannsynet for at partiet får ein stor del av stemmene. Likevel kan det av og til vera slik at det følest som om partia og medlemskap i desse er for "dei flinke og aktive" og alternativet kan vera å oppretta lokale lister, som innbyggjarane kan ha lågare terskel for å føra seg på av di dei følest meir tilgjengelege enn ei partiliste. Her spelar likevel skilnader i kommunestorleik inn. I små kommunar er det større fokus på kva namn som står oppført på dei ulike vallistene enn det er i større kommunar (Skare, 1996). Vala i desse kommunane vert med det fort noko meir personlege enn i større kommunar. Det kan altså sjå ut til at i dei små kommunane, der ein gjerne veit meir om dei ulike kandidatane enn i ein større kommune vil parti ha noko mindre tyding for valet enn kven som faktisk er oppførte på lista. Truleg er det fleire grunnar til dette, men noko av forklaringa kan vera at velgjarane har betre kjennskap til kandidatane og allereie før valet vil ha ei meining om korleis desse vil forhalda seg til ulike saker og kva som er deira representasjonsfokus.

Det er altså viktig både for velgjarar og lokalpolitikarar å skilja mellom nasjonalt og lokalt parti. Dette er noko som krev både politisk kompetanse, noko som syner seg både som kunnskap om og interesse for den lokale politikken (Baldersheim og Rose, 2011). For å få dette til er det ein føresetnad at partia er tydelege på kva som er deira viktigaste kampsaker både på det nasjonale, men ikkje minst på det lokale nivået. korleis forhold dei seg til dømes til det å vera representantar for ein bestemt geografisk del av kommunen? Konflikhtar mellom det nasjonalpolitiske og det lokalpolitiske kan gjera at dei lokale sakene ikkje kjem så godt til syne som ein kunne ønskja, men at dei vert overdøyvde av dei store rikspolitiske sakene (Skare, 1996). Dette leier vidare til at det er vanskeleg for både velgjarar og lokalpolitikarar å ta aktivt stilling til konflikhtar på lokalpolitisk nivå, då dei forsvinn i valkampen før kommunevala, sjølv om dei eigentleg er viktige både for velgjarar og lokalpartia.

På same måte kan nasjonale enkeltsaker skapa splid mellom medlemmer i lokale parti. Dette kan gjera det vanskelegare for velgjarane å vita kva partiet eigentleg står for i desse sakene. Ein kan då få situasjonar som i Selje i 2011 der Tverrpolitisk liste fekk i overkant av 28 prosent av stemmene (Aars og Christensen, 2013: 156). Lista vart skipa då Arbeiderpartiet sitt lokallag vart splitta i kampen rundt lokalsjukehuset i Lærdal og partigruppa ikkje klarte å jobba seg fram til ei semje før valet. Fleirtalet i partiet braut ut

og danna ei tverrpolitisk liste. På denne måten kan konfliktrar på høgare nivå leia til at partilister (og partigrupper) lokalt bryt saman. Dei lokale sakene som vekker mest engasjement er gjerne lokaliseringssaker. Til dømes plasseringa av ungdomsskulen i Kvam herad i 2007. Store deler av lokalsamfunnet engasjerte seg, ikkje berre lokalpolitikarane (Mo, 2009) og saka farga lokalpolitikken i fleire år etterpå. I desse sakene vert kommunestyrerepresentantane sine haldningar til å representera einskilddelar av kommunen ofte svært tydelege og dei gamle motsetnadane som Christophersen (1969) og Rokkan (1987) snakkar om manifisterer seg sjølv om det ikkje nødvendigvis er snakk om eigentlege sentrum-periferi-motsetnader.

2.3 Avrunding

Dette kapitlet har gjeve ein kort gjennomgang av både kommunestyra sin plass i det nasjonale forvaltningssystema og endringar i korleis lokalpolitikken vert påverka av den nasjonale partipolitikken. Samstundes har eg her forsøkt å klargjera dei lokale partia sin plass i det nasjonale partisystemet og korleis dei lokale listene kan virka som motsats til den "nasjonaliserte partipolitikken". Hovudpoenget i kapitlet er korleis den historiske utviklinga av lokalpolitikken har gjort at dei nasjonale partia har teke ein større og større plass i lokalpolitikken medan kommunestyra har som oppgåve å tilretteleggja etter lokale tilhøve og freistar å halda fast ved det lokale i dei lokale sakene.

Noko av dette vert halde ved like ved at dei lokale listene som gjerne er grendelister eller reine sakslister framleis har ein plass i det lokale demokratiet. Desse er med på å halda lokalpolitikken lokal og er slik ei viktig brikke i utøvinga av den lokale politikken. Dei er gjerne med på å dreia den lokale politikken i ein retning som gjer at dei lokale sakene framstår som viktigare i det lokale politiske klimaet og dei har gjerne eit uttalt ønske om å representera ein bestemt del av kommunen til beste for denne.

Til saman dannar dette eit bilete både av utfordringane og av moglegheitene den lokale politikken står ovanfor. Nye styringssignal og utdelte oppgåver gjer at lokalpolitikken er noko mindre fri no enn han har vore tidlegare, men det gjer han ikkje mindre viktig for innbyggjarane i kommunane. Det geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane er difor framleis viktig for både representanten sjølv og velgjarane. Nokre av poenga frå kontekstkapitlet vil verta dregne med til teorikapitlet og det påfølgjande analysearbeidet då desse er med på å understreka og støtta opp om nokre av dei hypotesane som vert presenterte og diskuterte der.

3 Teori

Dette kapittelet er todelt. Fyrst presenterer eg teoriar om representasjon og går nærare inn på kva teori som ligg bak den avhengige variabelen eg nyttar: *lokalt geografisk representasjonsfokus*. Eg innleiar med å omtala representasjon generelt før eg presenterer to dimensjonar ved representasjonen: *stil og fokus*. Her går eg og nærare inn på det geografiske representasjonsfokuset som er hovudspørsmålet i oppgåva. For denne oppgåva sin del er det geografiske representasjonsfokuset delt i to. Eit generelt geografisk representasjonsfokus der representantane meiner det er viktig å representera heile kommunen og eit *lokalt geografisk representasjonsfokus* som seier noko om kor viktig representantane meiner det er å representera ein bestemt geografisk del av kommunen. I del to går eg nærare inn på dei ulike forklaringsvariablane som er tekne med i analysen og presenterer teoretiske grunngjevingar for vala og hypotesar for kva påverknad desse har på kommunestyrerepresentantane sine haldningar til det å representera einskilddelar av kommunen. Variablane som vert nytta er i stor grad erfarings- og faktabaserte, noko som gjer at det er få haldningsvariablar i analysen utanom den avhengige variabelen. Kapittelet vert avslutta med ei kort oppsummering der eg freistar å peika mot kva som er dei venta resultata og korleis eg meiner tilhøvet mellom dei ulike forklaringsfaktorane og den avhengige variabelen forhold seg.

3.1 Representasjon som idé¹⁴

Representasjonsomgrepet kan nyttast og forståast på ulike måtar ut frå kva samanheng ein nyttar det i, frå den heilt bokstavlege tydinga: *å bringa noko fram i lyset* (Pitkin, 1967) til den moderne forståinga: *å ta avgjerder på vegne av folket*. Omgrepet representasjon, og innhaldet i omgrepet, har vore omdiskutert sidan Edmund Burke haldt dei berømte talane sine til elektoratet i Bristol på 1700-talet og fram til i dag. Dette var talar han haldt etter sjølv å ha vorte valt inn som representant og før han vart teken i eid. Talane vart haldne som eit forsvar av det representative demokratiet der representantane har moglegheit til å nytta si eiga sunne fornuft og mot tanken om at dei valde representantane berre skulle opptre som talsmenn og mellommenn for partiet eller velgjargrupper¹⁵. Burke var oppteiken av tre ting: *Kven* er det som skal

¹⁴ Denne delen av kapittelet med underavsnitt (3.1.1, 3.1.2, 3.1.3 og 3.1.4) byggjer på feltoppgåva Helvik (2015).

¹⁵ (Krogh, 2014)

representera? *Korleis* skal ein representera? Og ikkje minst: *Kven er det viktigast at vert representerte?* Alle tankar som vert dregne med vidare i representasjonslitteraturen.

Saman med tankane til Burke om representasjon og vidareutviklinga av desse finn me ulike representasjonsformer som varierer i innhald og gjennomføring etter kven og kva som skal representerast og konteksten representasjonen utspelar seg i. Pitkin presenterer i utgangspunktet fire ulike dimensjonar ved representasjonsomgrepet (1967). *Formal representasjon*, der ein fokuserer på dei formelle sidene ved representasjonen, *deskriptiv representasjon*, som handlar om å faktisk representera dei som ikkje er til stades på ein slik måte at ein speglar deira tankar og behov gjerne ved at den som representerer liknar på den eller dei som skal representerast, *symbolsk representasjon*, som heller fokuserer på sjølve oppfattinga av representasjon blant dei som vert representerte og *substansiell representasjon* – sjølve representasjonshandlinga på vegne av dei representerte.

Dimensjonane tek kvar føre seg ulike sider ved representasjon som han framstår i praksis. Den *substansielle representasjonen*, som er mest aktuell i samband med mi problemstilling, kan i stor grad samanliknast med det Heidar (1988) kallar *primærrepresentasjonen* - "meningsrepresentativiteten i et politisk system" (60). Dette er sjølve representasjonshandlinga der representanten handlar som utsending på vegne av andre. Han meiner det viktigaste for den som har eit representasjonsverv er å representera interessene og meiningane til velgjarane og at demokratiet "*dreier seg likevel primært om meningsrepresentasjon*" (1988: 30). Det er denne sida ved den politiske representasjonen som er mest interessant i samband med arbeidet for å svara på problemstillinga. Fokuset er på korleis representantane ser seg sjølve som meningsberande for grupper i kommunen, anten det er einskildgrupper i delar av kommunen, enkelte innbyggjargrupper eller kommunen som heilskap.

Den politiske representasjonen - å representera nokon som har valt ein som deira eigen representant - anten han går føre seg på internasjonalt, nasjonalt eller lokalnivå er eit oppdrag i å jobba på best måte for å handtera behova og interessene dei representerte har. Dette gjeld både om dei representerte veit at dette er i deira interesse eller ikkje. Den folkevalde representanten er valt inn i nasjonalforsamlinga eller kommunestyret i ein "institusjonalisert kontekst med ei spesifikk oppgåve - å styra ein nasjon eller stat" (Pitkin, 1967: 215, mi omsetjing) - den same typen institusjonalisert kontekst kan og

flyttast ned til kommunenivået. Den institusjonelle konteksten, *lokaldemokratiet*, set enkelte rammer for kva som er mogleg å få gjennomført som folkevald på dette nivået. Samstundes gjev det, i nokon grad, gjev representantane høve til å velgja korleis dei ønskjer å utføra representasjonsoppdraget dei er sette til å forvalta. Den faktiske rolla til representanten kan likevel vera noko uklar, inkonsekvent og lite stabil (endring over tid), av di handlingar i dag avheng av tidlegare hendingar (March, 1988: 269).

Truleg vil ein lokalpolitikar ta på seg ulike rollar i ulike typer saker og med dette føla seg som representant for ulike grupper på ulike tidspunkt. Trass i at representanten er valt inn i eit system med klare forventingar og avgrensingar har han i nokon grad høve til å forvalta representasjonsrolla si som han sjølv finn best (Eulau mfl., 1959; Pitkin, 1967). Dette fører til at ulike representantar vil ha ulikt syn på korleis dei kan representera velgjarane sine interesser og ønskje på best mogleg måte. For både representanten sjølv og dei han representerer er det viktig at representanten ikkje i for stor grad kjem på kant med ønskja til dei han representerer (Pitkin, 1967). Dette gjeld særleg om det ikkje fins gode grunnar til å handla på tvers av ønskja til velgjarane.

3.1.1 Representasjonsfokus og representasjonsstil - korleis representerer ein?

Når ein ser på kva Pitkin, March og Heidar seier om representasjon er det høveleg å dra linjene vidare til det representative demokratiet. I eit slikt demokrati er høvet til innbyggjarane til å påverka politiske avgjerder stort sett avgrensa. I staden vert folkevalde representantar gjevne ansvaret for å forvalta dei demokratiske ordningane til beste for innbyggjarane og dei valde representantane skal handla slik at "*noe(n) som faktisk ikke er til stede, skal være det likevel*" (Olsen, 1984: 89). Det knyter seg forventingar til desse representantane og korleis dei bør og kan representera velgjarane. Samstundes skal representantane forvalta verva sine som best dei kan og freistar å gjera ein så god jobb som mogleg. Likevel finn me diskusjon rundt korleis representasjonen vert gjennomført og korleis dette påverkar åtferda til representanten i ulike saker og korvidt dette kan vera problematisk for demokratiet som. institusjon at representantar sjølve kan påverka korleis rolla vert utført (Miller og Stokes, 1963) Denne diskusjonen kan gjerne delast inn i to hovuddimensjonar: *representasjonsstil* og *representasjonsfokus*. Desse dimensjonane kan ikkje sjåast heilt isolerte frå einannan då det er sannsyn for at korleis representasjonsstilen til ein representant er og vil påverka representasjonsfokuset hans. Eg vil i dei to følgjande delkapittela presentera desse

dimensjonane, først *representasjonsstil* før eg presenterer *representasjonsfokus* og går over til å diskutera det *geografiske representasjonsfokuset* som siste del av fyrste halvdel av kapittelet. Sjølv om problemstillinga fokuserer på representasjonsfokuset til representantane kan ein sjå at desse to, *stil* og *fokus*, til ein viss grad heng saman.

3.1.2 Representasjonsstil - kven påverkar kven?

Representasjonsstilen til den folkevalde fortel noko om i kva grad representanten oppfører seg som representant *for* nokon, anten partiet, velgjarane eller andre grupper, eller om han utfører oppgåvene sine i ei noko friare rolle. Om desse skilnadane i representasjonsoppfatting seier Burke (1774) mellom anna at: *"it ought to be the happiness and glory of a representative to live in the strictest union, the closest correspondence, and the most unreserved communication with his constituents"* (95). Han meiner at ein valt representant i utgangspunktet bør vera lydhøyr for og merksam på ønskja til dei som faktisk har gjeve han inn tillit til å sitja i posisjonen han skal forvalta. Likevel seier Burke at fordi politikk ikkje berre dreiar seg om å få gjennom det ein ønskjer i størst mogleg grad, må representanten nytta si eiga fornuft og sine egne kunnskarar når avgjerder skal takast: *"But his unbiased opinion, his mature judgment, his enlightened conscience, he ought not to sacrifice to you"* (95). Han legg med dette vekt på at sidan politikken handlar om noko meir enn berre det å få viljen sin må ein nytta seg av fornuft og god dømekraft for å få i stand dei beste avgjerdene. Velgjarane bør ikkje kunna forventast at representanten følgjer deira ønskje i eitt og alt. Representanten må ha høve til å ta dei avgjerdene han meiner vil vera dei beste for fellesskapen. Burke meiner at dette må vera slik fordi det velgjarane ønskjer ikkje nødvendigvis er det beste, korkje for dei sjølve eller fellesskapen i samfunnet. Representanten må handla på ein slik måte at det i størst mogleg grad er samfunnet sine interesser som vert stetta, sjølv om dette går på tvers av ønskja til einskildvelgjarar. Mellom anna vil det finnast høve der interessene og ønskja til dei som skal representast ikkje eigentleg samsvarer. Det vil då vera representanten si oppgåve å ta den beste avgjerda på vegne av folket og å handla i det han ser som interessa til folket, sjølv om dette ikkje samsvarar med ønskja deira der og då (Pitkin, 1967).

Eulau mfl. (1959) lenar seg i stor grad på Burke sine idear når dei nesten 200 år seinare skil mellom *forvaltar*, *delegat* og *politico* i samband med representasjonsstilar. Desse tre måtane å representera på skil seg frå einannan ved at representantane i ulik grad følgjer

påverknad utanfrå eller heller jobbar ut frå eiga overbevising. Ein *forvaltar* følgjer i stor grad det han sjølv meiner er rett i dei avgjerdene som skal takast. Samstundes som han baserer avgjerdene sine på dei fakta som til ei kvar tid er tilgjengelege (749). Uansett korleis ein ser på det vil det i ein slik representasjonsstil vera opp til representanten sitt eige hovud og skjønn å avgjera kva som vil vera den beste avgjerda. Det som hjå Eulau mfl. vert kalla *delegate* vil på den andre sida vera representantar som *ikkje* nyttar seg av si eiga personlege meining eller overbevising når ei avgjerd skal takast (750). Desse representantane vil i mykje større grad lytta til instruksjonar gjevne utanfrå.

Kvar desse innspela kjem frå og i kor stor grad representanten følgjer dei innspela som kjem vil variera, både mellom representantar og frå sak til sak. I denne gruppa vil ein kunna finna representantar som i praksis stemmer mot eiga overbevising når ei sak vert handsama av di dei heller følgjer instruksjonar gjevne av andre. Den siste typen representasjonsstil som Eulau mfl. presenterer er ei samansmelting av dei to førre. *Politicoen* vil skifta mellom å fungera som ein representant som følgjer eige hovud og å følgja påverknad utanfrå. Forfattarane meiner at representantar som hallar mot denne representasjonsstilen i større grad enn andre vil vera våre på konfliktsituasjonar og tilpassa handlingane sine i valsituasjonar etter kva som "kjennest" rett der og då (1959, 750). Dette kan så setjast i samband med March sin påstand om at handlingane til representantane kan vera vanskeleg å føresei då dei ofte vil vera ustabile og inkonsekvante.

Narud og Valen (2007) nyttar hovudsakleg dei same skilja når i boka *Demokrati og ansvar* snakkar om representasjonsstilar, sjølv om dei avgrensar seg til å skilja mellom *delegat* og *forvaltar* (44). Også her er Burke ein viktig støtte og Narud og Valen vidareutviklar hans tankar om kva som vil vera det beste valet av representasjonsstil for ein representant. Forfattarane problematiserer óg, som Eulau mfl. (1959), at det å operera som *forvaltar* kan vera risikabelt om ein representant ønskjer å verta omvald i neste omgang, då velgjarane gjerne straffar kandidatar dei føler ikkje har levd opp til det dei har lova, eller rolla som er venta av dei.

3.1.3 Representasjonsfokus; dei det er viktigast å representera

Representasjonsfokus, som er hovudtema for denne oppgåva og fokuset for problemstillinga, handlar i stor grad om *kven* den innvalde representanten

representerer når han tek ei avgjerd. Fokuset vil variera etter om representanten meiner det er viktigast å representera interessene til partiet, egne interesser eller interessene til velgjarane eller einskildgrupper blant velgjarane. Kort sagt er representasjonsfokuset representantane sine tankar kring *kven* og *kva* som skal og bør representerast. Ein finn ulike typar representasjonsfokus og kan skilja mellom det å ha fokus på enkeltgrupper til dømes i ein kommune eller fokus på einskildområde i den same kommunen. Korleis ein representant forhold seg til dette vil variera og i mange høve vil nok representasjonsfokuset til representantane endra seg mellom ulike typar saker (Eulau mfl., 1959).

Representasjonsfokuset handlar om kva interesser representanten meiner det er viktig at vert representerte. Om dette er næringslivet sine interesser, eller om det er interessene og behova til dei svakarestilte i samfunnet ein bør fokusera vil vera utslag av dette fokuset. I tillegg på er den geografiske dimensjonen sentral når ein snakkar om representane sitt fokus. Denne dimensjonen er interessant då han seier noko om korleis dei folkevalde ser på det å skulla representera eit spesielt geografisk område, anten dette er ein del av kommunen eller heile kommunen sett opp mot til dømes nasjonale interesser. Også dette tek Eulau mfl. tak i i artikkelen og fokuset deira på geografisk representasjonsfokus er tydeleg og gjennomgåande. Det er likevel viktig å hugsa på at dette ikkje er den einaste måten å sjå representasjonsfokuset på. Fokuset kan til dømes vera på partiet eller lista sitt valprogram, velgjarane som heilskap, særlege velgjargrupper, støttespelarar til partiet eller eiga overttyding (Mandt, 2011).

Om samspelet mellom representasjonsstil og representasjonsfokus kan ein mest truleg sjå nokre mønster som går att (Eulau mfl., 1959). Ein representant som ser seg sjølv som ein *forvaltar* vil kanskje ha mindre fokus på kva partiprogrammet seier og ta dei avgjerdene han til ei kvar tid meiner er dei rette - gjerne med sitt personlege fokus på anten spesielle grupper i kommunen eller spesielle geografiske område. Representantane som på den andre sida ser på seg sjølv som *delegatar* og med det ser seg sjølv meir som utsendingar for partiet (eller i sjeldnare tilfelle einskildgrupper i kommunen) vil truleg i større grad ha eit representasjonsfokus som er retta mot partiet sin politikk og mindre mot andre grupper i valkrinsen. Sjølv om dette ikkje er fokus i denne oppgåva, er det greitt å ha desse skilnadane tankane.

Samstundes seier Bengtsson og Wass (2011) at sjølv om representasjonsstil og representasjonsfokus er analytisk to ulike konsept vil dei, særleg i eit val der preferanseval¹⁶ er ein del av systemet slik det er for både norske og svenske kommuneval, vera tett samanknytte. Dei meiner at det i utgangspunktet er fire rollar som gjeld for ein demokratisk valt representant: fokus på geografi, parti eller individ og det Eulau omtalar som trustee-rolla. Dei meiner dette er særleg viktig i valsysteem der ein kan nytta seg av preferanseval. Sjølv om det er einskilde skilnadar mellom dei svenske og norske valsystema er det ikkje unaturleg å tenkja at desse fire og er dei rollane som gjeld og for representantar i desse landa.

3.1.4 Det geografiske representasjonsfokuset

Eulau mfl. (1959) seier at fokuset geografisk anten vil vera på valkrinsen (heile eller delar av kommunen), nasjonalt eller på partiet sin spesifikke politikk. Dei geografiske elementa vert óg her særleg vektlagde. Eulau mfl. seier óg at eit geografisk representasjonsfokus truleg i stor grad kjem av ønsket om å verta attvald (som med forvaltarrolla i representasjonsstil). Dette er truleg ei større sak i land der ein nyttar seg av enkeltmannskrinsar enn det er i Noreg og Sverige som begge gjennomfører sine lokalval som listeval. Likevel kan det tenkjast at ein representant på ei liste har større sjanse til å verta attvald om han representerer velgjarane slik dei meiner det er best då det ved både norske og svenske lokalval er mogleg å kumulera representantar på listene. Om ein representant på ein god måte lyfter fram saker frå eige distrikt meiner Eulau mfl. (1959) at det er truleg at han vil verta omvald ved neste høve. Om dette *eige distrikt* er heile eller einskilddelar av kommunen er noko uklart, men det kan nok finnast argument for at både det å vera representant for kommunen som heilskap og for ein enkelt geografisk del av kommunen kan vera måtar å få omval på. Når det gjeld representasjonsfokuset til svenske og norske lokalpolitikarar er tilhøva litt meir uoversiktlege. Det geografiske representasjonsfokuset deira kan enkelt delast i to: *fokus på kommunen som heilskap* eller på den andre sida *fokus på ein einskild del av kommunen*. Sidan ein representant, både i dei norske og i dei svenske lokalvala, vil vera valt inn frå ein heil kommune vil det å ha fokus på kommunen som heilskap nok vera

¹⁶ Bengtsson og Wass tek her utgangspunkt i det finske valsystemet, men både ved norske og det svenske lokalval har velgjarane høve til å kumulera representantar på listene.

naturleg for dei fleste. Denne delen av det geografiske representasjonsfokuset meiner eg difor vil vera relativt likt fordelt mellom ulike representantar med ulik bakgrunn.

Når det gjeld den andre dimensjonen av det geografiske representasjonsfokuset, det her kallar *det lokale geografiske representasjonsfokuset*, går eg på den andre sida ut frå at denne dimensjonen av det geografiske representasjonsfokuset vil verta vektlagt ulikt av ulike representantar. Det er fleire grunnar til dette, men truleg ligg noko av bakgrunnen for dette i at representantane har hatt ulike politiske sosialiseringssprossar (Lægreid og Olsen, 1978). Eit særleg skilje vil gå mellom representantar innvalde på partilister og representantar som er innvalde på lokale lister. Eulau mfl. (1959) meiner at det viktigaste for å forstå det geografiske representasjonsfokuset til representanten, er å skjønna kvar dette fokuset kjem frå og korleis fokuset eventuelt påverkar representanten si oppfatning av eiga rolle. Dei problematiserer tanken om at ein representant skal vera talsmann for interessene i det geografiske området han representerer samstundes som han skal representera partiet sine meiningar i ulike saker. Det å få desse to sidene ved representasjonen til å gå opp vil vera krevjande til tider.

I følgje Esaiasson og Holmberg (1996) er det den geografisk avgrensa valkrinsen som er kjernen i den geografiske representasjonen og at denne representasjonstypen er den eldste måten å tenkja representasjon på. Dette grunnjev dei med at før partia vart sterke i lokalpolitikken var det å ha støtte for sitt kandidatur endå sterkare forankra i den enkelte valkrinsen. Det geografiske representasjonsfokuset til ein kommunestyrerepresentant kan koma frå fleire stader, men vil som Esaiasson og Holmberg seier gjerne ha bakgrunn i forventingar velgjarane har til dei innvalde representantane. Sidan representantane gjerne er innvalde for eit område¹⁷ ventar velgjarane at representanten tek særleg omsyn til dette geografiske området når avgjerder vert tekne (Copus, 2004). Christophersen (1969) meiner om lag det same; *"rent umiddelbart vil sikkert mange peke på den geografiske eller regionale basis for representasjon som noe nærmest selvsagt"* (12). Han framhevar at ein representant naturleg vil ha eit geografisk representasjonsfokus som ligg nært til eigen valkrins nettopp av di han er vald inn på vegne av denne valkrinsen og at det difor nærast er ei plikt å representera området han er valt inn på vegne av.

¹⁷ I samband med lokalvala er dette tilfelle i nokre svenske kommunar, men ikkje i alle. I alle norske kommunar er heile kommunen eitt valdistrikt (sjå kontekstkapittel).

3.2 Representasjon i lokaldemokratiet

I både det norske og det svenske lokaldemokratiet har kommunestyrerepresentantane både makt og ansvar for å representera velgjarane på best mogleg måte og ein ser at både representasjonsstil og representasjonsfokus varierer mykje mellom lokalpolitikarane (Ringkjøb, 2004). Samstundes verkar lokalpolitikken som ein opplæringsstad i demokratiet for dei som tek aktivt del i han, og særleg for dei som har rolla som kommunestyrerepresentantar (Skare, 1996, Stava, 2005). Representantane får erfaring med korleis det demokratiske systemet fungerer frå innsida og har, om dei ønskjer det høve til å klatra i partiet, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. For ein lokalpolitikar som ønskjer å komma seg opp på det nasjonale nivået vil det å starta som lokalpolitikar i eit lokallag vera den enklaste og tryggaste vegen mot maktas tindar som stortingsrepresentant eller tillitsvalt i partiet (Skare, 1996, Offerdal og Aars, 2012).

Haldningane til den nasjonale partiorganisasjonen vil gå att nedover i systemet og ein kan såleis seia at den nasjonale politikken til partia penetrerer eller gjennomsyrrar den lokale politikken (Rokkan og Valen, 1962). Partipolitikken vil vera viktig ved vala saman med dei faktisk lokale sakene, noko som gjer at sjølv om lokalpolitikken til eit parti i stor grad er ei spegling av kva det nasjonale partiet står for, kan ein i stor grad finna igjen saker og haldningar frå den nasjonale politikken i lokalpolitikken (Skare, 1996, Aars og Christensen, 2013). Det at lokaldemokratiet i stor grad er bygd opp over dei same skiljelinjene som den nasjonale partipolitikken gjer at det i utgangspunktet vil vera lett å kjenna att den politiske ideologien til dei ulike partia på lokalnivået og med dette vita kva dei står for (Bäck, Offerdal og Aars, 2005, Aars og Christensen, 2013). Dette fører og i ein viss grad til at det og ved lokalval er dei store og nasjonale sakene som vert løfta fram av media (Baldersheim og Rose, 2011) og at desse nasjonale sakene vert ein viktig del av lokalvalkampane og ikkje berre ved dei nasjonale vala.

På den andre sida er det i stor grad dei lokalpolitiske sakene som er viktige ved lokalvala og som nok engasjerer innbyggjarane mest ved lokalvala (Baldersheim og Rose, 2011). Nokre av desse lokale sakene vil og gå på tvers av dei tradisjonelle partiskilja og løysa opp i dei motsetnadene ein finn mellom partia på nasjonalt nivå, dei kan jamvel gå mot det som er den nasjonale politikken til partiet. Dei lokale listene har til ein viss grad rolla som interessehevdar for spesialtilfella, einskilddelar av kommunane og i nokre samanhengar for enkeltsakene (Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013). Ein

ser mellom anna at i særleg oppheita lokaliseringsdebattar til dømes skulesaka i Kvam (Solheim, 2010) står representantar frå lokale lister særleg sterkt på barrikadane for *sin* del av kommunen.

For kommunestyrepraesentantar som er valde inn som representantar, og særleg frå lister for landsomfattande parti, kan det difor oppstå spenningar eller krysspress der han ofte må velgja om han ønskjer å ta omsyn til det som vil vera den nasjonale politikken til partiet og det som er ønska til partiet lokalt (Skare, 1996). Dette kan igjen leia til at representantane må velgja mellom å følgja det som vil vera partiet sitt ønske, representera kommunen som heilskap eller å fokusera på å representera einskilddelar av kommunen. Denne typen krysspress kan truleg gjera det å ta avgjerder meir komplisert for ein representant som ikkje på førehand har valt eit standpunkt - eller som ved dette høvet: eit representasjonsfokus (LazarsfeldGaudet og Berelson, 1968). Det vil vera opp til den enkelte representanten å velgja sitt fokus, men dette vil nok vera påverka av det politiske miljøet han omgjev seg med (Lægreid og Olsen, 1978) og såleis vera avhengig av både partitilhøyrse og kor vidt han faktisk er medlem i eit politisk parti eller er valt inn på ei lokal liste.

3.3 Forklaringar på tre nivå

Ein kan tenkja seg mange faktorar som vil påverka representasjonsfokuset til kommunestyrepolitikarane. Alle desse kan så seiast å falla inn under kategorien *sosialisering*. Ein snakkar gjerne om den tidlege sosialiseringa, *primærsosialiseringa* og den seinare *politiske sosialiseringa* (Lægreid og Olsen, 1978)¹⁸. Mellom desse er kanskje den politiske sosialiseringa viktigast. Den politiske sosialiseringa vil gå føre seg i miljøet ein oppheld seg i når ein er noko eldre enn den primære sosialiseringa og ein kan difor i nokon grad sjølv påverka korleis og kven som har moglegheit til å påverka haldningar ein har (Lægreid og Olsen, 1978). Det er sannsynleg at både erfaringar ein faktisk har og erfaringar ein trur ein vil gjera seg seinare i livet vil påverka korleis ein stiller seg til politiske avgjerder som skal takast. Dette vil gjera at ein person som har ein viss bakgrunn, anten det er kvar han kjem frå, yrkesbakgrunn, utdanningsbakgrunn eller andre sosiale faktorar, vil handla på ein viss måte (Lægreid og Olsen, 1978: 26). Ein kan

¹⁸ Sjølv om Lægreid og Olsen her primært snakkar om tilsette i norske departement er overføringsverdien til norske (og truleg svenske) kommunestyrepraesentantar til stades og mange av sosialiseringsmekanisme vil fungera på same måte.

og venta at representantar med erfaring frå enkelte yrke vil identifisera seg med og føla større representasjonsansvar for velgjarar i desse gruppene enn andre innbyggjargrupper.

Både sosial bakgrunn, utdanningsbakgrunn, yrkesbakgrunn og politiske erfaringar vil kunna vera med på å forma haldningar som sidan kjem til uttrykk gjennom mellom anna representasjonsfokuset til representanten. På same måte kan kor vidt ein representant ser seg som ein politisk representant påverka kven og kva ein meiner det er viktigast å representera (Tørhaug, 2003: 64). Tørhaug fann skilnadar mellom dei som såg seg sjølv som politiske representantar fordelt på politisk ideologi. Dette er noko av bakgrunnen for utvalet av forklaringsvariablar til analysane i denne oppgåva. Variablane er delte inn i tre analysenivå: makro-, meso- og mikronivåa. På makronivået ligg sjølv samanlikninga mellom Noreg og Sverige, på mesonivået finn ein to politiske variablar: *valt på lokal liste* og *Senterpartimedlem*. I tillegg er *kommunestorleik* plassert på dette analysenivået. Mikronivået er delt i to med dei sosiale variablane *kjønn*, *alder*, *butid i kommunen* og *høgste fullførte utdanningsnivå* for seg og variablane som tek føre seg politiske erfaringar og framtidsutsikter: *medlemstid i partiet*, *kommunestyreansiennitet*, *tillitsvervserfaring* og *politisk framtid*. Ei teoretisk grunngjeving for val av variablar og hypotesar for samanhengar mellom desse og den avhengige variabelen, formulerte som hypotesar, følgjer i avsnitta under. Operasjonalisering og koding av variablane vert gjennomgått i metodekapittelet (kap. 4).

3.3.1 Makronivået

På dette analysenivået ligg berre landvariabelen. Det er denne variabelen som utgjer hovudkomparasjonen for oppgåva og han er difor viktig å ha i tankane gjennom heile oppgåva. Med 62% fleire innbyggjarar per kommunestyrerepresentant i Sverige enn i Noreg (sjå kapittel 2.1) vil ein truleg finna ein markert ulikskap i korleis desse forhold seg til velgjarane sine. Eg reknar med at dette vil vera med på å gjera dei svenske kommunepolitikarane meir fokuserte på partiet sin politikk og kommunen som heilskap enn dei er på det å representera einskildgrupper, eller einskilddelar, i kommunen. Saman med ein sterkare sentrum-periferi-konflikt i Noreg dei siste åra (Rokkan, 1987)¹⁹

¹⁹ Sjå óg kontekstkapittelet

er det difor stort sannsyn for at dei norske kommunestyrerepresentantane vil meina det er viktigare å representera ein einskild del av kommunen enn deira svenske motstykke.

Narud og Valen (2007) såg på representasjonsfokuset for norske stortingsrepresentantar og fann at desse, gjennomgåande, i stor grad meinte det var viktig å representera det distriktet (fylket) dei var valde inn for. Dette er ikkje er uventa då desse representantane er valde inn som representantar for sine respektive fylke. Esaiasson og Holmberg fann, basert på Riksdagsstudien frå 1988 (1996: 61-63), på si side at svenske riksdagsrepresentantar i mykje mindre grad var opptekne av å representera sitt heimfylke enn deira norske motpartar. Sidan dei fleste nasjonalforsamlingsrepresentantane i begge landa har bakgrunn som lokalpolitikarar ser eg det som sannsynleg at desse skilnadane vil gå att i haldningane til det å skulla representera delar av kommunen for kommunestyrerepresentantane.

Samstundes er det verdt å dra med seg eit viktig poeng som er nemnt i kontekstkapittelet, nemleg at dei svenske kommunevala går føre seg samstundes som Riksdagsvalet. Dette poenget meiner eg støttar opp rundt ein hypotese som kan avleiaast frå det Skare (1996) om tilhøvet mellom lokalpolitikk og partipolitikk og at når fokuset på det sentrale partiet sin politikk vert stort, minkar fokuset på den lokale dimensjonen av politikken noko. Det følgjer naturleg av dette ein tanke om at når desse vala føregår på same tid er det lett for at dei store rikspolitiske sakene overskuggar dei små lokale sakene og at desse sakene difor vert viktigare óg for lokalpolitikarane som kjempar om plassar i kommunestyra (Werner, 2008). Dette kan igjen tenkjast at fører til at dei heilt lokale sakene, dei som handlar om det lokale i det lokale, i større grad forsvinn i dei svenske lokalvala og med det frå medvitet til dei svenske kommunestyrerepresentantane i større grad enn for dei norske lokalpolitikarane som i mykje større grad kan fokusera på lokale saker i lokalvalskampen. Dette til trass for at det óg i dei norske lokalvala ofte er

H1: *Kommunestyrerepresentantar frå Noreg vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn deira svenske kollegar.*

3.3.2 Mesonivået

Mellom faktorane som påverkar representasjonsfokuset til ein representant er *kvar* representanten faktisk er frå, enklast oversett til mitt bruk til kommunestorleik. Dette

synte mellom anna Stian Tørhaug (2003) i si hovudfagsoppgåve der han undersøker representasjonsfokus blant representantar i ulike regionale EU-organisasjonar. Kommunestorleik som forklaringsvariabel er eit tveegga sverd då det gjerne vert sagt at det i små samfunn vil vera meir demokrati enn i større samfunn (Dahl og Tufte, 1973, Gerring og Zarecki, 2012). I dei små demokratia vil det vera lettare å ha oversyn over dei knytingane som er til stades samstundes som det er færre å fordela arbeidsoppgåver og ansvar på, noko som gjer tilhøva noko meir oversiktlege i dei små kommunane enn i dei store. Samstundes vil nærleiken kvar av kommunestyrerepresentantane føler til kvar enkelt sak vera større i dei små kommunane enn i dei større, noko som igjen kan leia til at personlege kjensler i samband med sakene kan verta endå viktigare i dei små kommunane enn i dei store. Dahl og Tufte (1973) syner og at det for Sverige sin del er i dei små kommunane med under 8.000 innbyggjarar at velgjarane i størst grad føler dei deltek i demokratiet. Ein av dei viktigaste grunnane til dette, seier Dahl og Tufte, er at ein større del av velgjarane sa at lokale problem ofte vert tekne opp og diskuterte i desse kommunane enn i kommunar med fleire innbyggjarar. Ei følgje av dette kan vera at det i dei små kommunane, der det er lettare å ta opp dei lokale kampsakene og er lettare for at representantar føler dei må ta ekstra omsyn til einskilddelar av kommunen når ei avgjerd skal takast. Eg vil difor meina at kommunestorleik vil vera med på å påverka haldninga til det å skulla representera einskilddelar av kommunen.

H2: Representantar i små kommunar (under 10.000 i Noreg og 30.000 i Sverige) vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar frå kommunar som er større enn dette.

*Kva parti representanten tilhøyrer vil truleg óg ha noko å seia for haldninga til representasjonsfokuset deira. Medan mange av partia, både på høgre- og venstresida har ideologiar som langt på veg krinsar rundt ein tanke om det *sentrale* som det viktigaste har senterpartia, både i Noreg og Sverige tradisjonelt vore parti som har vore rekna som lokalistar og i større grad enn andre vil ha fokus på *sitt eige område* (Glassberg, 1981). Partia har sterkt fokus på periferien og ser gjerne på politiske konflikhtar som spenningar langs sentrum - periferiaksen (Christensen, 2005). Samstundes seier Esaiasson og Holmberg (1996) at Centerpartimedlemmer i åra fram mot 90-talet vart meir og meir velgjarorienterte og at dei på denne måten tok ein posisjon som liknar på det Eulau mfl. (1959) kallar delegat. Senterpartia i både Noreg og*

Sverige forsvargar sin posisjon som typiske lokalistparti (Christensen, 2005) og har eit ønske om at kommunar skal ha stor sjølvråderett over eigne tenester og ressursar. Det vil difor vera naturleg å tru at dei samstundes vil ha det same fokuset internt i kommunane. Dette fører til at desse representantane vil vera opptekne av at einskilddelar av kommunen får stor fridom og gjerne særleg støtta einskilddelar av kommunen.

Ein kan sjølv sagt tenkja seg at haldningane representantane har til det å representera einskilddelar av kommunen kan påverka kvar dei vel å stilla seg politisk. Eg torer likevel å meina at sidan det lokale geografiske representasjonsfokuset vil vera ein liten del av det som byggjer politisk ideologi er det sannsynleg at ein representant som har valt å melda seg inn i eit politisk parti vil verta påverka av dei ideologiske haldningane i partiet når det gjeld det å representera einskilddelar av kommunen. Eg tenkjer difor at i samband med denne undersøkinga vil eg difor meina at det er naturleg å tenkja at:

H3: Representantar frå Senterpartiet i Noreg og Centerpartiet i Sverige vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det representantar frå andre parti vil vera.

Lokalpolitikken i både Noreg og Sverige omfattar som vist i kontekstkapittelet to ulike "typar" representantar: dei som sto på ei liste for eit landsdekkande parti då dei vart valde inn og dei som var oppførte på lokale lister i ei eller anna utgåve ved valet (Bäck, Offerdal og Aars, 2005). Kva politiske interesser ein kommunestyrerepresentant har vil kunna forklarast ut frå ulike faktorar, men eg meiner at politisk ideologi og partitilhøyrse vil vera blant dei viktiagste forklaringsvariablane. Samstundes vil kor vidt ein representant faktisk var oppført på partilista til eit landsdekkande parti då han vart valt inn eller om han var oppført på ei av dei mange lokale listene som fins ved kommunevala truleg vera med på å påverka representantane sine oppfattingar av kven det er viktig å representera. Dei reine partilistene som stiller til val ved lokalvala er, stort sett, ein refleksjon av kva parti som stiller til val ved dei nasjonale vala og eit fleirtal av representantane vil stå på slike lister²⁰. Dei lokale listene vert gjerne oppretta av di dei som ser oppførte på desse listene allereie har fokus på ein einskild del av kommunen (Mandt, 2011; Aars og Christensen, 2013). Det er difor naturleg å gå ut frå at

²⁰ Unntak fins sjølv sagt, i Modalen har det ved dei siste kommunevala berre vore to lister, begge lokale (Modalen kommune, 2014)

representantar som er oppførte på slike lister vil meina det er viktigare å representera einskilddelar av kommunen enn representantar som er innvalde på lister for landsdekkande parti.

H4: Representantar som er valde inn frå lokale lister vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn andre representantar.

3.3.3 Mikronivået - sosialisering og rasjonelle aktørar

Desse variablane, som tek føre seg eigenskapar ved den enkelte kommunstyrerepresentanten er alle faktorar som kan vera med på å farga individa sine haldningar heilt frå dei er unge. Nokre av variablane har påverknad heilt frå den tidlege sosialiseringa og er meir og mindre medfødde (Lægreid og Olsen, 1978) medan andre er erfaringar og eigenskapar som er tileigna seinare i livsløpet. Alle desse vil kunna vera med på å forma haldningar og meiningar hjå dei ulike individa. Haldningar vert i stor grad skapte gjennom læring i det miljøet ein oppheld seg i. Denne sosialiseringa skjer frå tidleg i livet og held fram i alle fall til sein ungdomstid (Lægreid og Olsen, 1978: 32). Ein del av denne sosialiseringa er skapinga og tilpassinga av politiske tankar og ideologi. Sidan desse haldningane igjen vil påverka handlingane og haldningane til dei folkevalde er det å freista å ha tankar om kvar haldningane oppstår og kva som påverkar skapinga av haldningar hos representanten viktig. Det er truleg fleire faktorar som vil påverka korleis dei folkevalde vil sjå på si eiga rolle og kven dei representerer. Lægreid og Olsen (1978) seier at utføringa av rolla som representant er avhengig av den politiske sosialiseringa til den enkelte. Sosialiseringprosessen startar tidleg i livet med den grunnleggjande sosialiseringa i familie og oppvekstmiljø og held truleg fram med politisk sosialisering i sein barndom og tidleg ungdom (Lægreid og Olsen, 1978: 27). Dei meiner likevel det er vanskeleg å seia nøyaktig når og kvar haldningar vert skapte.

I tillegg til sosialiseringsvariablane ligg det her variablar som seier noko om forventingane og ambisjonane til lokalpolitikarane og som kan danna grunnlag for såkalla antesipert sosialisering (Lægreid og Olsen, 1978). Forventinga er at dei ulike representantane vil handla slik at dei på best mogleg måte arbeider seg mot desse måla, anten det er å halda fram som lokalpolitikar, å halda fram si politiske karriere på eit høgare politisk nivå eller dei ønskjer å slutta i politiske verv. Her meiner eg at lokalpolitikarane vil handla og tenkja på ein måte dei sjølve meiner er rasjonelt. Denne

tanken om politikarane som rasjonelle aktørar som handlar på den måten dei sjølve meiner er best ut frå den kunnskapen dei har (Elster, 2008). Kor vidt representantane faktisk har den rette kunnskapen eller dei rette forventingane til si framtidige rolle er mindre viktig så lenge dei sjølve meiner dei handlar rasjonelt. I forlenginga av tanken om den rasjonelle aktøren kan ein sjå at sjølv om representantane handlar til beste for seg sjølv og si eiga framtid handlar dei ikkje nødvendigvis egoistisk (Elster, 2008). I samanheng med denne oppgåva kan ein såleis sjå det slik; heller enn at kan ein seia at representantane handlar egoistisk for å arbeida seg mot sine eigne mål og ambisjonar vil dei oppføra seg på ein slik måte at andre aktørar, som velgjarane eller partiet sjølv, gjev dei moglegheit til å oppfylla desse ambisjonane. Eg meiner at både eigenskapar hjå representantane og politiske erfaringar dei har gjort seg vil vera med på å påverka korleis deira lokale geografiske representasjonsfokus er. Med denne grunngevinga har eg difor valt å fokusera på både sosiale og politiske variablar på dette analysenivået.

3.3.3.1 Sosiale variablar på mikronivået

Kjønn som forklaringsvariabel går att i mange samfunnsvitskaplege forskingsprosjekt, så også her, sjølv om han er potensielt problematisk. Tradisjonelt er det knytt forventingar til at kvinner og menn vil ha ulike haldningar når det kjem til mange emne og korleis ein stiller seg til ulike typar oppgåver (Læg Reid og Olsen, 1978, Christensen og Læg Reid, 2009). Det vert mellom anna forventa at kvinnelege byråkratar vil vera mindre regelbundne enn menn og at dei til ein stor del har oversyns- og generelle oppgåver. Samstundes er kvinnelege representantar gjerne meir moralsk konservative, meir positive i velferds- og omsorgssaker og meir miljømedvitne enn det deira mannlege motpartar er (Esaiaasson og Holmberg, 1996). Det ser med andre ord ut til at dei kvinnelege politikarane er meir opptekne av tradisjonelle "mjuke" verdiane, blant desse velferds politikken som, saman med miljøpolitikk, i større grad enn mykje annan politikk er styrt av nasjonale føringar. Dette kan kanskje og tyda på at det er det store biletet som har fokus blant kvinnelege politikarar, både på nasjonalt og lokalt nivå. Mannlege representantar er på si side meir opptekne av tekniske og infrastrukturelle saker (Esaiaasson og Holmberg, 1996). Dette kan vera ein peikepinn på at dei kvinnlege representantane vil vera meir opptekne av å representera heilskapen - i dette tilfellet heile kommunen, medan dei mannlege representantane vil vera meir opptekne av saker som lokalisering og infrastruktur. Om dette tyder at dei kvinnlege representantane vil

vera meir opptekne av å representera heile kommunen dei er valde inn i kommunestyret for enn einskilddelar av den samme kommunen kan nok diskuterast. Eg vil likevel gå ut frå at dette er tilfellet og grunngje dette med eit "omvendt nærleiksargument"; at kvinnelege representantar vil vera meir opptekne av *dei sakene som i stor grad påverkar dei felleskommunale ordningane* til dømes uttrykt ved velferdspolitikkk og difor vil vera mindre opptekne av å representera ein einskild del av kommunen. Hypotesen for samanhengen mellom kjønn og haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen vert difor formulert slik:

H5: Kvinnelege kommunestyrerepresentantar vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn mannlege kommunestyrerepresentantar.

Utdanning er ein bakgrunnsvariabel som kan innehalda mange typar informasjon og både utdanningslengd, utdanningsnivå og type utdanning kan truleg ha noko å seia for korleis ein representant forhold seg til oppgåvene som kommunestyremedlem. Sjølv om politikarverva er opne for alle utan krav til utdanning er det sannsynleg at representantar med ulik utdanningsbakgrunn vil sjå ulikt på oppgåva som kommunestyrerepresentant. Auka utdanningsnivå kan påverka den politiske kompetansen til representantane og gjera dei betre skodde til å ta sjølvstendige val i avgjerdssamanheng enn representantar med lågare utdanning (Lægreid og Olsen, 1978, Skare, 1996, Christensen og Lægreid, 2009). Når det gjeld korleis utdanning påverkar haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen kan dette slå ut begge vegar. Ein kan venta at kommunestyrerepresentantar med høgare utdanning i større grad lausriv seg frå heilskapstanken på kommunen og med dette fokuserer meir på deler av kommunen. Men ein kan óg tenkja seg at representantar med høg utdanning i større grad ser kommunen som ei eining som må arbeidast for som heilskap og at det difor ikkje er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Eg støttar meg til dette når eg meiner at utdanningsnivå vil påverka haldninga til det å skulla representera einskilddelar av kommunen. I utgangspunktet, og med støtte i det Skare (1996) seier om politisk kompetanse vel eg å tru at:

H6: Di høgare utdanningsnivå ein representant har, di viktigare vil han meina det er å representera einskilddelar av kommunen.

Variabelen *butid i kommunen* er interessant då han truleg kan slå ut begge vegar. Ein kan både argumentera for at ein representant som har budd lenge i kommunen har sterk

tilhøyrse til kommunen som eining (Læg Reid og Olsen, 1978) av di lengre butid vil gjeva fleire kontaktar og med det fleire og sterkare band til fleire delar av kommunen. På den andre sida kan ein sjå føre seg at ein representant som har budd lenge i ein kommune, gjerne i same del av kommunen heile tida, kan ha sterkare tilknytning til ein einskild del av kommunen og meina at det er særleg viktig å representera denne delen av kommunen (Eulau mfl., 1959). Eg meiner difor, som Eulau mfl. (1959) at:

H7: Di lengre ein representant har budd i kommunen di meir oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen.

3.3.3.2 Politiske variablar på mikronivået

Dei politiske variablane på mikronivået går mellom anna på kva *erfaringar* representantane har frå eige politisk virke og kva *ambisjonar* dei har på eigne vegne etter den inneverande perioden. For å forklara dei haldningane ein lokalpolitikar har kan ein difor sjå på dei tidlegare erfaringane hans. I tillegg lyt ein ta omsyn til om han har ambisjonar om å halda fram som lokalpolitikar, ønskjer å fortsetja politikarkarrieren på eit høgare nivå eller om han etter valperioden ønskjer å gå ut av politikken.

Ein annan faktor som kan påverka haldningane til representasjon blant kommunestyrerepresentantane er kor vidt dei har eller har hatt tillitsverv i partiet. Partia verkar på mange måtar som sorteringsmekanisme og opplæringsstad for politikarar som ønskjer seg vidare opp i systemet og siktar mot ei karriere som profesjonell politikar (Kjellberg, 1965). I både det norske og svenske politiske systemet er ein av vegane å gå som tillitsvervsinnehavar i partiet på eit eller anna nivå. Ein representant med slik erfaring vil mest truleg ha ei sterkare knyting til partiet sin politikk enn ein representant som gjennom heile si politiske karriere berre har vore medlem i eit lokallag utan tillitsverv. Desse verva kan ein rekna som del av den politiske karrierestigen for partimedlem som ønskjer seg oppover i systemet (Skare, 1996). Det vil difor vera naturleg at representantane som *har* eller *har hatt* slike verv vil ha eit noko anna fokus enn representantane utan slik erfaring. Dette handlar igjen om at ein representant som har vorte sosialisert inn i eit system vil ta dei avgjerdene han ser på som mest rasjonelle ut frå sine erfaringar og kunnskapar (Elster, 2008) og nytta desse for å stilla seg i ein best mogleg posisjon. Samstundes er det verdt å merka seg at dei representantane som var oppførte på lokale lister då dei vart valde inn i liten grad har hatt moglegheit til å ha denne typen verv andre stader enn i den lokale gruppa. Eg

meiner likevel at denne variabelen er så viktig at han må vera med i ein analyse av kva faktorar som påverkar representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane. For variabelen *tillitsvervserfaring* formulerer eg difor hypotesen min slik:

H8: Representantar som har eller har hatt tillitsverv i partiorganisasjonen vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar utan slik erfaring.

Andre variablar i denne gruppa er *kommunestyreansiennitet* og *medlemstid i politiske parti*. Begge desse variablane vil kunna påverka korleis representantane ser sine egne plassar i partiet og kommunestyret og såleis vera med på å farga haldningane deira til mellom anna kven det er deira oppgåve å representera. Variablane medlemstid og ansiennitet vil begge vera viktige, då det er naturleg å tenkja at dess lengre ein har vore med i ein organisasjon, i dette tilfellet eit parti, di tettare band vil ein ha til denne. Eg kan ikkje overføra dette direkte frå tenesteerfaringa som vert omtala i Christensen og Lægreid (2009) og det dei skriv om norske offentlege tenestemenn. Eg vil likevel meina at di lengre erfaring ein representant har frå kommunestyrearbeid di større fokus vil han ha på å representera heile kommunen når avgjerder skal takast. Representantane vil verta sosialiserte inn i rolla som kommunestyrerepresentantar (Lægreid og Olsen, 1978, Christensen og Lægreid, 2009) og di lengre dei sit i kommunestyret, di sterkare vil denne effekten verta. På same måte vil det at ein har lang fartstid i partiet gjera at ein har sterkare band til partiet sin politikk og vera meir oppteken av å få gjennomført denne heller enn å vera talsmann for einskilddelar av kommunen. Hypotesane for desse variablane vert difor som følgjer:

H9: Di lengre ein representant har vore medlem i eit politisk parti, di mindre oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen.

Og: *H10: Di lengre fartstid ein representant har frå kommunestyret di mindre oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen.*

I tillegg til faktiske erfaringar vil *forventingar* om kva ein skal gjera seinare og målsetjingar ein har, anten karrieremessige eller anna, vil kunna vera med på å avgjera korleis ein handlar. Ein kan seia at kva planar og ambisjonar ein har vil vera med på å danna ei sosialisering som gjer ein klar for framtidige verv. Denne "antesiperte sosialiseringa" (Lægreid og Olsen, 1978: 35) gjer at ambisjonane og planane om det som

skjer i framtida vil påverka det ein gjer i notida. Dette kan ein så sjå i samband med det Elster (2008) seier om den rasjonelle aktøren som vil handla på den måten han ser som den beste ut frå den kunnskapen han til ei kvar tid sit med for å oppnå det han til ei kvar tid ønskjer. Sidan lokalpolitikken både i Noreg og Sverige i stor grad verkar som ein opplæringsstad for politikarar som seinare ønskjer å gå inn i rikspolitikken (Offerdal og Aars, 2012, Aars, 2014) vil det og vera ein andel av lokalpolitikarane som ønskjer å halda fram si karriere på eit høgare politisk nivå. Samstundes er det ikkje gjeve at representantane sjølve er sikre på kva dei ønskjer å gjera etter valperioden er over og ein kan tenkja seg at nokre av representantane difor ikkje vil vera opptekne av å skaffa seg støtte til attval, men heller gjera ein best mogleg jobb der og då (Prewitt, 1970).

Sidan ein ikkje kan vita heilt sikkert kva mål representanten har for karriera si, kan dette vera med på å skapa uvisse rundt kvifor han handlar som han gjer. Ein representant som har eit ønske om å halda fram som lokalpolitikar har eit anna behov for å ha innbyggjarane i kommunen "på si side" også ved neste val enn ein representant som har som mål å stiga i gradene internt i partiet. Ein representant som ønskjer ein høgare posisjon vil nok heller freista å halda seg inne med partiorganisasjonen og difor truleg har eit representasjonsfokus som er meir partiretta. Dette er grunnen til at eg nyttar ein variabel som seier noko om kva politisk framtid representantane ser føre seg, anten det er å halda fram som kommunestyrerepresentantar, halda fram i høgare politiske tillitsverv eller slutta som lokalpolitikarar. For variabelen *politisk framtid* har eg difor to ulike hypotesar:

H11a: Representantar som ønskjer å halda fram si politiske karriere på eit høgare nivå, anten lokalt, regionalt eller nasjonalt, vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar utan slike ambisjonar.

Og: H11b: Representantar som ønskjer å gje seg i lokalpolitikken når valperioden er over vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar som har eit ønske om å halda fram som kommunestyrerepresentantar.

3.4 Avrunding

Teorikapittelet har gjeve ein gjennomgang av teoriar rundt representasjon generelt og representasjonsfokus spesielt. Saman med dette har hovudvekta av kapittelet vore på kva faktorar som er med på å skapa og forma haldningar blant lokalpolitikarar, både

reint personlege faktorar og politiske erfaringar og ambisjonar. Som utgangspunkt, og som mellom anna Læg Reid og Olsen (1978), Prewitt, Eulau og Zisk (1966) og Christensen og Læg Reid (2009) antydar, vil eg tru at dei sosiale variablane på mikronivået – dei som ligg hjå representanten sjølv, vil vera dei faktorane som i minst grad påverkar haldninga deira til det å representera einskilddelar av kommunen. Eg antek at dei meir personlege politiske variablane vil ha noko meir å seia for denne haldninga, og at særleg dei politiske planane og ambisjonane til representantane vil vera med på å påverka korleis desse ser på det å representera einskilddelar av kommunen.

Samstundes meiner eg, slik Eulau mfl. (1959) argumenterer for i sin opprinnelege artikkel, at det er stort sannsyn for at det vil vera dei politiske variablane på mesonivået som i størst grad påverkar utfallet på haldninga kommunestyrerepresentantane har til det å representera einskilddelar av kommunen. Med utgangspunkt i både kontekstkapittelet og teorikapittelet meiner eg å ha sannsynleggjort at dei to variablane, *kor vidt representanten er innvalt på ei lokal liste og kor vidt han er medlem av anten Senterpartiet eller Centerpartiet*, vil ha sterk påverknad på kva haldningar dei ulike representantane har. Eg meiner med andre ord at *kvar representantane står politisk*, i fyrste rekkje ideologisk og listemessig, vil ha sterk påverknad på haldning representantane har til å representera einskilddelar av kommunen. I utgangspunktet ser eg heller ingen grunn for at dei uavhengige variablane skal påverka haldninga til norske og svenske representantar, og representantar frå små og store kommunar, til det å representera einskilddelar av kommunen på ulik måte.

4 Metode

I dette kapitlet vil eg fyrst presentera datamaterialet mitt og kort gjennomgå kva omsyn eg har teke for å ha høve til å gjennomføra ein best mogleg analyse av dei funna eg har gjort. Eg vil her peika på enkelte veikskapar med å nytta denne typen datamateriale til ein komparativ studie slik eg har gjennomført han. Vidare kjem det ein presentasjon av komparativ metode og føremoner og ulemper ved å nytta seg av ein *small-N-comparison* og bruk av statistikk i samband med komparative undersøkingar. Mot slutten av kapitlet presenterer eg kort den avhengige og dei uavhengige variablane før eg syner kva metodar eg nyttar for å gjennomføra analysen og argumenterer kvifor eg meiner desse er gode metodiske val.

4.1 Om datamaterialet:

Datamaterialet eg nyttar i undersøkinga vart samla inn i 2008 av mellom andre Audun Offerdal og Jacob Aars. Innsamlinga var ein del av eit internasjonalt samarbeidsprosjekt, MAELG (Municipal Assemblies in European Local Government), og tek mellom anna føre seg haldningar til representasjon blant lokalpolitikarar i 14 ulike europeiske land (Offerdal og Aars, 2012: 3). Offerdal og Aars gav i 2012 ut ein rapport med oversyn over datamaterialet med fokus på deskriptiv statistikk og kommentarar på moglege forklaringar på kvifor fordelinga/spreiinga er som ho er. Utanom denne rapporten har datamaterialet, vore gjenstand for fleire rapportar, bøkter og bokkapittel, (Heinelt og Bertrana, 2011, BertranaEgner og Heinelt, 2015). Alle variablar som vert nytta i oppgåva er henta frå dette datasettet. Den avhengige variabelen som eg omtalar som *geografisk representasjonsfokus* er henta frå spørsmål 16 i spørjeskjemaet:

Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene?

Blant punkta som skal takast stilling til fins det her to geografiske dimensjonar, både kommunen som heilskap og eit bestemt geografisk område av kommunen²¹. Hovudfokus for oppgåva ligg på haldninga til det å representera eit bestemt geografisk område av kommunen, men og andre representasjonsfokus vert kommenterte på.

²¹ Høvesvis spørsmål 16a og 16k i spørjeskjemaet


I dei 14 landa det vart samla inn data frå konsentrerte innsamlinga seg om kommunar med fleire enn 10.000 innbyggjarar. I tillegg til dette er det samla inn data frå norske kommunar med færre enn 10.000 innbyggjarar på initiativ frå Offerdal og Aars sjøve (Offerdal og Aars, 2012: 7). Eg nyttar meg av data samla inn frå dei norske kommunane og dei svenske kommunane som var med i undersøkinga (alle svenske kommunar har innbyggjartal >10.000). For å ha moglegheit til å seia noko om skilnadar mellom store og små kommunar óg i Sverige har eg valt å dela datamaterialet frå Sverige opp i to. Eg har valt å setja skiljet i det svenske datamaterialet på eit innbyggjartal på 30.000. Grunnen til dette er at samanlikna med Noreg vil eg då ha delt materialet om lag på same stad når det gjeld delen av kommunar med innbyggjartal over/under i dei to landa²².

Utvalet av respondentar er på 1798 norske (1134 frå kommunar over 10.000 innbyggjarar, 664 frå kommunar med under 10.000 innbyggjarar) og 1346 svenske lokalpolitikarar (814 frå kommunar med over 25.000 innbyggjarar, 532 frå kommunar med under 25.000 innbyggjarar). Den relative fordelinga mellom representantar frå små og store kommunar i det norske og svenske materialet er med dette relativt jamn og eg unngår problemet med skeivleik i analysane mine. Dette problemet får eg berre i den avsluttande regresjonsanalysen der det svenske og det norske datamaterialet er slått saman for å kunna kontrollera for effekten av *land*. Sidan hovudfokuset for denne konkrete analysen er på landvariabelen meiner eg likevel dette kan gjerast utan vidare problem.

Skiljet mellom kva som er ein stor og ein liten kommune vil då, relativt sett, gå på same stad i Noreg og Sverige. Fordelinga i datamaterialet for små og store kommunar vert då noko ulikt i dei to landa, men for å gje eit rettast mogleg bilete av dei faktiske tilhøva meiner eg dette er den beste måten å gjera det på. Fordelinga mellom store/små kommunar er relativt lik i dei to datasetta (63,1%/36,9% i det norske materialet mot 61,5%/39,5% i det svenske materialet). Eg meiner denne vesle skilnaden ikkje utgjer eit problem for analysen. Ved å dela på denne måten får eg to utval i kvart land, som, om ein ser på heile populasjonen, er representative for kva som er ein liten og kva som er ein stor kommune. Denne ganske enkle løysinga gjer at eg no kan samanlikna på fleire

²² 73% av norske kommunar har innbyggjartal under 10.000, 71,3% av svenske kommunar har innbyggjartal under 30.000 (SSB, 2016a; SCB, 2014)

måtar, både mellom Noreg og Sverige som heilskap og mellom små og store kommunar både internt i og mellom dei to landa (sjå figur 5.1).



Figur 4.1 Samanlikningar gjort i oppgåva

Når det gjeld i kor stor grad datamaterialet speglar den faktiske samansetnaden av kommunestyra etter lokalvala i 2006 (Sverige) og 2007 (Noreg) er dette viktig for å kunna seia noko om kor vidt datamaterialet kan nyttast til ei generalisering. Etter det svenske kommunevalet i 2006 fordelte stemmene til dei ulike partia seg som vist i tabell 4.1. Dette speglar seg, som synt i empirikapittelet, godt i datamaterialet eg nyttar meg av. Berre Miljöpartiet de gröna og Moderaterna er i særleg grad overrepresentert i materialet, medan ingen av partia er nemneverdig underrepresenterte. Eit unntak er

Sverigedemokraterna som har noko mindre oppslutnad i materialet enn dei faktisk fekk ved det svenske kommunevalet i 2006. Også Kristdemokraterna, Vänsterpartiet og andre/lokale parti har noko lågare oppsluttnad i datamaterialet enn ved det faktiske kommunevalet i 2006. Skilnadane er likevel ikkje dramatiske.

Tabell 4.1: Samanlikning av faktiske resultat ved det svenske kommunevalet i 2006 (mandatfordeling) og fordelinga av representantar frå dei ulike partia i datamaterialet, med fordelsbrøkar

Parti	Del i populasjon	Del i utval	Fordelsbrøk
Centerpartiet	12,9 %	12,5 %	1,01
Folkpartiet liberalerna	7,1 %	7,1 %	1,04
Kristdemokraterna	6,2 %	4,9 %	0,82
Miljöpartiet de gröna	3,3 %	4,4 %	1,39
Moderaterna	20,9 %	23,8 %	1,19
Socialdemokraterna	37,0 %	37,1 %	1,04
Sverigedemokraterna	2,0 %	1,3 %	0,65
Vänsterpartiet	5,9 %	5,0 %	0,88
Andre (lokale) parti	4,6 %	3,9 %	0,85

(Kjelde: SCB, 2016²³)

Fordelinga i det norske materialet (tabell 4.2) skil seg heller ikkje i stor grad frå den faktiske oppslutninga ved kommunevalet i 2007. Det største avviket finn ein for representantar som ikkje var oppførte på landsdekkande partilister, men stod på lokale lister, samlingslister osv. Desse listene har godt og vel dobbelt så stor oppslutnad i datamaterialet som dei faktisk hadde ved kommunevalet dette året. Elles er óg Pensjonistpartiet noko overrepresentert medan Fremskrittspartiet og Senterpartiet i størst grad er partia som er underrepresenterte i materialet. Mijøprtiet de grønne (MDG), Rød Valgallianse (no Rødt) og Pensjonistpartiet har alle under 1 prosent av representantane, både i populasjonen og i utvalet. Sidan eg ikkje nyttar einskildparti som undersøkingsgrupper, men heller deler partia inn i grupper etter ideologi i dei deskriptive analysane²⁴ utgjør ikkje dette eit problem. Heller ikkje i regresjonsanalysen er dette problematisert. Dette av di eg berre ser på skilnaden mellom representantar

²³ Statistiska Centralbyrån om kommunevalg

²⁴ Sjå delkapittel 4.4.3 om operasjonisering av variablar

som er medlemmer av *Senterpartiet/Centerpartiet* og dei representantane som er medlemmer av andre parti eller er innvalde på lokale lister.

Tabell 4.2: Samanlikning av faktiske resultat ved det norske kommunevalet i 2007 (mandatfordelinga) og fordelinga av representantar frå dei ulike partia i datamaterialet, med fordelsbrøkar

Parti	Del i populasjon	Del i utval	Fordelsbrøk
Arbeiderpartiet	30,1 %	26,9 %	0,89
Fremskrittspartiet	14,8 %	11,7 %	0,79
Høyre	14,8 %	14,0 %	0,95
Kristelig Folkeparti	7,1 %	8,2 %	1,16
Senterpartiet	14,5 %	11,7 %	0,81
Sosialistisk Venstreparti	5,1 %	5,5 %	1,09
Venstre	5,1 %	5,1 %	1,00
Miljøpartiet de Grønne	0,1 %	0,1 %	1,00
Pensjonistpartiet	0,4 %	0,7 %	1,56
Rød valgallianse	0,6 %	0,6 %	1,00
Lokale/andre lister	7,4 %	15,4 %	2,08

(Kjelde SSB.NO, 2016b)

4.2 utfordringar ved å nytta dette (og andre) datasettet i denne analysen.

Ved å nytta eit allereie eksisterande datasett som grunnlag for analysane mine har eg gode moglegheiter til å undersøkje for påverknad mellom dei ulike uavhengige variablane på den avhengige variabelen. Likevel er det andre ting som vert meir utfordrande ved å nytta eit slikt opplegg. For det fyrste er eg nøydd til å godta dei operasjonaliseringane av teoretiske omgrep som vart gjorde i samband med gjennomføringa av prosjektet. For det andre har eg berre tilgang på dei uavhengige variablane som allereie er innsamla og har ikkje høve til å henta inn nye opplysningar frå respondentane om eg skulle finna dette nødvendig. Den fyrste avveginga som har vorte gjort er difor kor vidt operasjonaliseringane, særleg av den avhengige variabelen er gode nok til at eg kan nytta desse i undersøkingane mine. Sidan spørsmålet er klart og tydeleg formulert og den opprinnelege definisjonen på *representasjonsfokus* er nettopp *kven ein meiner det er viktigast å representera* (Eulau mfl., 1959) meiner eg dette er gjort på ein god måte. Óg det *geografiske representasjonsfokuset* er godt og handterleg

operasjonalisert ved dei to alternativa 16A: *heile kommunen* og 16K: *eit bestemt geografisk område av kommunen*.

Når det gjeld spørsmålet om kor vidt eg har tilgang på dei viktige forklaringsvariablane er dette meir utfordrande å seia noko om då ein aldri kan vera viss på at *alle* viktige forklaringsvariablar har vorte undersøkte for. Kanskje ligg forklaringa på variasjonen ein annan stad enn i dei variablane som ligg i settet medan dei samanhengane eg finn kan vera tilfeldige samvariasjonar eller spuriøse samanhengar (Hellevik, 2002). Begge desse omsyna går på *validiteten* til datamaterialet i høve til undersøkingsopplegget. Det fyrste tek føre seg om det er mogleg å svara på problemstillinga ved å nytta det datamaterialet eg har tilgjengeleg. Det andre om operasjonaliseringane er gjorde på ein slik måte at dei faktisk måler det eg ønskjer å måla. Adcock og Collier (2001) peikar vidare på ei anna utfordring når det gjeld å nytta data som er henta inn i fleire land, som ved dette høvet: *Ekvivalensproblemet*.

Når eit spørjeskjema vert nytta i fleire land vert det oversett frå eit opprinneleg datasett skrive på engelsk for så å verta oversett til andre språk. Dette kan føra til at oversetjingar av spørsmål vert dårlege eller ikkje passar i den lokale konteksten der dei vert nytta. For dei spørsmåla eg nyttar meg av frå undersøkinga ser ikkje dette ut til å vera eit problem, men dette er likevel viktig å ha i bakhovudet. Eit anna og meir nærliggjande ekvivalensproblem er kor vidt ein 3'ar på eit utfylt spørjeskjema tilsvargar ein 3'ar på eit anna. Her kan både kulturelle, individuelle og andre skilnadar spela inn (Adcock og Collier, 2001). Mellom Noreg og Sverige skulle ein ikkje tru at dei *kulturelle skilnadane* i kva ein legg i eit omgrep som *lite nøgd vil* vera særleg store, men dei individuelle skilnadane i korleis ein respondent svarar kan ein aldri heilt eliminera.

I ein analyse som denne, meir spesifikt i regresjonsanalysen vil det kunna oppstå problem med multikolaritet som gjer analyseresultatet mindre truverdig enn ønskjeleg (Hair mfl., 2010). Dette er kontrollert for i begge datasetta ved å gjennomføra ein diagnostisk kolaritetstest²⁵ i samband med kvar av regresjonsanalysane. Det vart ikkje funne verdiar i denne testen som tilseier at multikolaritet skal vera eit problem i analysane. I tillegg har eg gjennomført test for kurvelinearitet utan å finna at dette er til stades i materialet.

²⁵ Resultat frå testen, med toleranseverdiar kan finnast i vedlegg 1

Ei anna utfordring som er forsøkt imøtegått på ein best mogleg måte i analysane er bortfallsproblematikken. På dei fleste spørsmåla som er nytta i analysane er svarprosenten i begge landa god. Unntaket er på spørsmål 35: *Kva planlegg du pr i dag å gjera når denne kommunestyreperioden er over?* Her er bortfallet blant dei svenske representantane svært stort²⁶. Fleire måtar å minimera dette problemet på har vorte vurdert, mellom anna ved å køyra ein bortfallsanalyse i SPSS for å finna om desse skill seg vesentleg frå dei resterande respondentane på dei andre uavhengige variablane. Det syner seg at gjennomsnittsverdiane for dei som ikkje har svara på spørsmålet og dei andre respondentane stort sett samsvarar godt og eg har difor valt å behalda variabelen slik han var i utgangspunktet. Dette gjer analysen noko svakare enn eg skulle ønskja då dette gjer at desse 246 er utelatne frå heile regresjonsanalysen. Eg meiner likevel at dette er den beste tilgjengelege løysinga.

4.3 Small-N-comparison og bruk av statistiske data

I eit komparativt opplegg som dette er det fyrst og fremst viktig å vera medviten i val av kva eller kven som skal samanliknast. I motsetnad til i reine statistiske undersøkingar eller ekte eksperiment er ikkje einingane tilfeldig utvalde, men valde på bakgrunn av eit ønskje om å forstå likskapar eller ulikskapar (Moses og Knutsen, 2012: 96). Eg har her valt undersøkingseiningar ein skulle tru at liknar på ein annan. Både samfunnsmessig, politisk og økonomisk er det relativt små skilnadar mellom norske og svenske kommunar. Undersøkingseiningane har altså vorte valde ut med bakgrunn i relativ likskap på mange viktige punkt, men med bakgrunn i ein tanke om at noko likevel er ulikt og at dette vil kunna forklara ulikskapar som eksisterer i utfallet på den avhengige variabelen *representasjonsfokus*. Opplegget kan difor seiast å vera ei tilpassa utgåve av *most similar systems design* (MSSD) (George og Bennett, 2005). Eit opplegg der ein samanliknar system som i utgangspunktet er særst like (som Noreg og Sverige er), men som likevel har skilnadar på ein avhengig variabel. Ein freistar så å finna ut kva faktorar som er utslagsgjevande for utfallet på den avhengige variabelen gjerne med fokus på kor vidt ulike uavhengige variablar har ulik effekt i dei ulike undersøkingsgruppene (Gerring, 2007). Målet med denne oppgåva er på same måte å syna korleis dei utvalde uavhengige variablane påverkar utfallet på den avhengige variabelen. I tillegg er eg meir

²⁶ Av 1346 respondentar i det svenske materialet er det 246 som ikkje har gjeve svar på dette spørsmålet.

interessert i å identifisera skilnadar i påverknad mellom Noreg og Sverige enn i å finna den forklaringsmodellen som har høgast forklaringskraft.

Med berre to undersøkingseiningar å samanlikna har eg her ein såkalla Small N-comparison (Nicholson-Crotty og Meier, 2002: 443). Ei slik *liten N-samanlikning* er føremålstenleg her av di eg ikkje eigentleg har som mål å generalisera ut over dei landa som vert samanlikna. Eg ønskjer heller å seia noko om kor vidt desse landa skil seg frå einannan. Eg freistar å finna dei faktorane som er ulike og som, moglegvis har ulik påverknad den avhengige variabelen. Sjølv om eg her opererer med fleire mindre undersøkingseiningar, både store og små kommunar, er det dei store einingane, Noreg og Sverige som er hovudfokuset. Det er viktig, som Gerring (2007) seier, å skilja mellom eigentlege samanlikningseiningar (cases) og einskildobservasjonar (87). Sjølv om eg har 3044 slike einskildobservasjonar tilgjengeleg er det desse sett i system som er interessante, ikkje kvar observasjon isolert.

Målet med å nytta dei statistiske undersøkingane er å sjå korleis dei ulike variablane påverkar haldningane blant representantane og å kunna slutta frå utvalet til populasjonen. Denne typen *sluttingsstatistikk* (Moses og Knutsen, 2012) er nyttig for å kunna overføre kunnskapen frå utvala til andre grupper eller til heile universet. I motsetnad til den skildrande statistikken freistar eg her å seia noko om dei faktiske påverknadstilhøva mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen og så sjå på moglegheitene for at dette kan seia noko om heile populasjonen. Med eit såpass stort utval som eg har tilgjengeleg her har eg godt høve til å generalisera til tilhøva blant kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige og meiner at dei resultata som kjem fram i denne undersøkinga kan nyttast til å seia noko generelt om desse. Det er óg det som er oppgåva sitt einaste mål: å kunna seia noko om haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen blant representantar i Noreg og Sverige og eventuelle skilnadar mellom desse.

4.4 Variablane

I denne andre delen av metodekapittelet presenterer eg dei uavhengige variablane som vert nytta i analysane, teoretiske grunngjevingar for desse og forventingar knytte til dei ulike variablane. For å ha best mogleg føresetnad for å kunna seia noko om kva faktorar som påverkar haldningane til kommunestyrerepresentantane nyttar eg variablar på fleire analysenivå. Dette er gjort av di det er tenkeleg at forklaringa bak haldningane til

kommunestyrerepresentantane til det å representera ein skilddelar av kommunen krev variablar frå meir enn eit analysenivå. Samstundes gjev fleire analysenivå høve til ein noko breiare diskusjon av moglege samanhengar enn det å nytta berre mikrovariablar ville gjera. Analysenivåa kan delast inn i tre; makro-, meso- og mikronivået. Ut frå omfanget i denne oppgåva har eg berre ein variabel på makronivået: *skilnaden mellom Noreg og Sverige*. På mesonivået opererer eg med tre variablar; *kommunestorleik* (over eller under 10.000/30.000 for høvesvis Noreg og Sverige), *partiideologi* for dei av representantane som er innvalde på lister for landsdekkande parti og kor vidt representantane er innvalde på *lokale lister* eller ikke. Alle variablar som går på den individuelle representanten sin bakgrunn, både sosialt (alder, utdanningsnivå, butid i kommunen) og politisk (erfaring, ansiennitet og tillitsvervserfaring) og på framtidsplanane/ ambisjonane hans ligg på mikronivået. Eg vel difor å dela inn variablane på mikronivået i to grupper; sosiale bakgrunnsvariablar og politiske erfaringar og ambisjonar.

4.4.1 Den avhengige variabelen.

I problemstillinga mi:

Korleis skil det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige seg frå andre representasjonsfokus? Korleis påverkar bakgrunnen til kommunestyrerepresentantar representasjonsfokuset deira? Og i kva grad er det skilnad i haldninga til det å representera ein skilddelar av kommunen mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar?

er fokuset på det geografiske representasjonsfokuset til lokalpolitikarane. Den avhengige variabelen *representasjonsfokus* er operasjonalisert i undersøkinga ved spørsmål 16:

Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene?

Det geografiske representasjonsfokuset som som er hovudfokus i oppgåva er vidare operasjonalisert ved to underspørsmål;

16a: *Heile kommunen* og 16k: *Eit bestemt geografisk område av kommunen.*

Denne variabelen er på ordinalnivået, med fem alternativ som strekkjer seg frå *ikkje viktig i det heile* til *svært viktig*. I ein frekvenstabell ser ein at fordelinga for desse alternativa er godt fordelt, særleg for spørsmål 16K. Hovudfokus for denne oppgåva vil vera på 16K, det lokale geografiske representasjonsfokuset. Som vist i tabell 4.3 er det god spreining på dei alternative utfalla på den avhengige variabelen. Det er, som ein kan venta, ei opphoping på verdiane i midten, men både alternativet *ikkje viktig i det heile* og *svært viktig* er greitt representerte. Både typetal og median for den avhengige variabelen har verdien 2, noko som berre understrekar den umiddelbare oppfattinga av at det fins ei opphoping av svar på alternativet *middels viktig*. Den avhengige variabelen er med andre ord ein variabel som seier noko om representantane si *oppfatting* av si eiga rolle som kommunestyrerepresentantar. Slike haldningsvariablar er interessante, men samstundes potensielt problematiske då ein 3-ar frå to ulike representantar ikkje nødvendigvis betyr akkurat det same²⁷.

Tabell 4.3: Spørsmål 16k, Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera følgjande grupper sine interesser? Eit bestemt geografisk område av kommunen.

	Valid prosent
Ikkje viktig i det heile	14,8
Lite viktig	21,4
Middels viktig	31,1
Ganske viktig	23,0
Svært viktig	9,8
N= 3070	Bortfall: 74

Med såpass stor spreining på den avhengige variabelen meiner eg dette gjev eit godt utgangspunkt for å undersøkje kva faktorar som i størst grad er med å påverka det endelege utfallet på denne variabelen.

²⁷ Sjå og avsnitt 4.2

4.4.1.1 Undersøkingseiningane

Kommunestyrerepresentantar er i denne oppgåva (og i MAELG-undersøkinga) operasjonalisert som politikarar som er valde inn i det lokale folkevalde styringsorganet for perioden der undersøkinga vart gjennomført (Offerdal og Aars, 2012). For Noreg sin del vil det seia representantar som vart innvalde ved lokalvalet i 2007 medan dei svenske representantane som er med i undersøkinga er representantar som vart valde inn i kommunestyra ved valet i 2004 .

4.4.2 Om dei uavhengige variablane

Dei uavhengige variablane som verta nytta som forklaringsvariablar i denne undersøkinga ligg både på ulike målenivå og ulike analysenivå. Samstundes kan dei delast inn i tre ulike grupper av variablar, alt etter kva påverknad eg meiner dei har; sosiodemografiske variablar, variablar som tek føre seg politisk bakgrunn og variablar som tek føre seg politiske ambisjonar. I motsetnad til den avhengige variabelen er dette variablar som er baserte på meir og mindre reine fakta og med dette ikkje vert påverka av representantane sine egne oppfatningar og haldningar. Den einaste av variablane som i nokon grad kan påverkast av representantane sine meiningar og haldningar er variabelen som går på politiske ambisjonar og framtidsplanar. Sidan dette er erfaring representanten enno ikkje har vil desse kunna vera noko avvikande frå faktiske tilhøve. Dei uavhengige variablane vert kort presentert i tabellen under med kategori, variabelnamn, målenivå og moglege verdiar. Alle variablane er henta frå spørjeskjemaet frå MAELG-undersøkinga nokre av dei har vorte omkoda for å ha større nytteverdi i analysen.

4.4.3 Operasjonaliseringar av dei uavhengige variablane

I det følgjande avsnittet vert operasjonaliseringar av dei uavhengige variablane lagt fram, saman med grunngjevingar for dei omkodingane som er gjorde i samband med analysane. Så langt det har lete seg gjort er variablane nytta som dei opprinneleg framstår i datasettet, men for å letta både bruk og tolking har nokre av dei vorte omkoda. Variablane vert her presenterte i same rekkefølge og blokker som dei er sette opp etter i analysane. Landvariabelen er operasjonalisert ved spørsmål om landtilhøyrse i datasettet og er ikkje inkludert i denne oversikten.

Tabell 4.4: Oversikt over dei uavhengige variablane som vert nytta i analysen.

Variabel	Målenivå	Verdiar
Makronivået		
Land	Nominal	1 - Noreg 2 - Sverige
Mesonivået		
Kommunestorleik, Noreg	Ordinal	1 - Under 10.000 2 - Over 10.000
Kommunestorleik, Sverige	Ordinal	1 - Under 30.000 2 - Over 30.000
Partiideologi	Ordinal	1 - Venstre 2 - Senterpartiet/Centerpartiet 3 - Høgre
Valt inn på partiliste	Dummy	0 - Nei 1 - Ja
Mikronivået, sosial bakgrunn		
Kjønn	Nominal	1 - mann 2 - kvinne
Høgste fullførte utdanningsnivå	Ordinal	1 - Grunnskule 2 - Vidaregåande skule 3 - Høgskule/universitet
Butid i kommunen	Metrisk	
Mikronivået, politiske erfaringar og ambisjonar		
Tillitsverv, lokalt og regionalt/nasjonalt	Nominal	0 - Passar ikkje 1 - Har aldri hatt 2 - Har hatt tidlegare 3 - Har no
Medlemstid i partiet	Metrisk	
Kommunestyreansiennitet	Metrisk	
Planar etter inneverande kommunestyreperiode	Nominal	1 - Ønskjer å halda fram som kommunestyremedlem 2 - Ønskjer å halda fram i eit høgare politisk tillitsverv i

		kommunen
		3 - Ønskjer å halda fram politisk karriere på fylkes- eller nasjonalt nivå
		4 - Ønskjer ikkje politiske tillitsverv når perioden er over (slutta)

4.4.3.1 Mesovariablane

Kommunestorleik operasjonalisert ved variabelen *innbyggjartal* i datasetta. I utgangspunktet er dette ein kontinuerleg metrisk variabel. Han var ikkje lagt inn som spørsmål i spørjeskjemaet, men er lagt inn seinare. Til mitt bruk har eg omkoda denne variabelen til ein dikotom variabel for kvart land der *små kommunar* har verdien 1 og *store kommunar* har verdien 2. For dei norske kommunane er ein liten kommune definert som ein kommune med 10.000 eller færre innbyggjarar medan ein stor kommune har fleire enn 10.000 innbyggjarar. For dei svenske kommunane går skiljet mellom stor og liten kommune ved 30.000 innbyggjarar. Ei nærare grunngjeving for denne delinga er gjeven i avsnittet der eg gjennomgår datasettet.

Partiideologi venstre/sentrum/høgre er operasjonalisert ved spørsmål 8 i spørjeskjemaet; *Kva parti*. Partia er så forsøkt rangerte frå venstre mot høgre og delte opp i tre med ei venstre- ei sentrums- og ei høgreblokk med Senterpartiet/Centerpartiet som einaste parti i sentrumsblokka. Berre representantar som var oppførte på ei liste for eit landsdekkande parti er tekne med. Representantar frå dei lokale listene er såleis utelatne frå denne variabelen i dei deskriptive analysane. I regresjonsanalysen er partivariabelen sett opp som ein dummyvariabel der representantane som er medlemmer i Senterpartiet/Centerpartiet har verdien 1. Sidan denne variabelen har som mål å sjå på skilnaden mellom sentrumspartimedlemmane og *alle dei andre politikarane* er óg representantar som er innvalde på lokale lister inkluderte i denne dummyvariabelen.

Variabelen *lokal liste* er operasjonalisert ved spørsmål 8 i spørjeskjemaet: *Ble du valgt som kandidat...* med alternativa (1) *på ei liste for eit landsomfattande parti* og (2) *på ei lokal liste*. Variabelen er omkoda til ein dummy der representantar som er innvalde på

lister for landsomfattande parti har verdien 0 medan representantar som er innvalde frå lokale lister har verdien 1.

4.4.3.2 Mikrovariablane, sosial bakgrunn

Kjønn er operasjonalisert ved spørsmål 38 i spørjeskjemaet: *Kjønn* med alternativa *mann* og *kvinne*. Som naturleg dikotomi er denne koda med verdiane 1 for mann og 2 for kvinne og vert nytta som han er i alle analysane.

Utdanning er operasjonalisert ved spørsmål 40 i spørjeskjemaet; *kva er di høgste fullførte utdanning?* Med svaralternativa *grunnskule, vidaregåande skule eller tilsvarande* og *universitet/høgskule eller tilsvarande*. Både i dei deskriptive analysane og den lineære regresjonsanalysen er denne variabelen nytta som han er.

Butid i kommunen er operasjonalisert ved spørsmål 39 i spørjeskjemaet: *Hvor mange år har du bodd i kommunen?* Denne metriske variabelen har eg i dei deskriptive analysane koda om til ein gruppert variabel med tre grupper; *25 år eller mindre, 26-41 år, og 42 år eller meir*. Bakgrunnen for delinga er ei tredeling av representantane slik at 1/3 av respondentane ligg innanfor kvar gruppe. I dei multivariate regresjonsanalysane vert variabelen nytta som han er.

4.4.3.3 Mikrovariablane, politisk erfaring og ambisjonar

Medlemstid i partiorganisasjon er operasjonalisert ved spørsmål 29: *Kva tid vart du medlem av et parti for fyrste gong?* Variabelen er i utgangspunktet metrisk og vert nytta som han er i regresjonsanalysane. For å letta bruken av variabelen i dei deskriptive analysane vert han delt i tre ved å nytta 33-percentilar i begge landa. For dei norske kommunane har dei fem gruppene verdiane *12 år eller mindre, 13-28 år, og 29 år eller meir*.

Kommunestyreansiennitet er operasjonalisert ved spørsmål 7: *Kor mange år har du vore kommunestyrerepresentant i alt?* Variabelen er ein kontinuerleg metrisk variabel og vert nytta som dette i dei multivariate regresjonsanalysane. For å letta oversynet i krysstabellanalysen har eg koda variabelen om til ein gruppert variabel med tre grupper: *0-4 år, 5-8 år og 9 år eller meir*.

Tillitsvervserfaring er operasjonalisert ved spørsmål 30 a og b som er formulerte slik: *Har du i dag eller har du tidligere hatt eit tillitsverv (styremedlem og liknande) i din*

partiorganisasjon (utanom vervet som kommunestyrerepresentant)? Svaralternativa er delte opp og opnar for ulike svar for om det gjeld den lokale partiorganisasjonen(A) eller på høgare nivå (regionalt/nasjonalt - B). For begge desse er svaralternativa (1) *ja i dag* (2) *ja tidlegare*, (3) *nei, aldri* og (0) *Passar ikkje. Mitt parti har ikkje lokalorganisasjon eller eg er ikkje medlem av eit politisk parti.* For å letta analysane har eg laga ein ny variabel ved å slå saman 30 A og 30 B slik at eg ikkje lenger skil mellom kva nivå tillitsvervet eventuelt har vore på. I tillegg har eg lagt inn dei respondentane som har markert for alternativ 0 på spørsmålet som missing. I dei deskriptive analysane er tredelinga mellom *ja no*, *ja tidlegare* og *nei aldri* beholdt medan eg i regresjonsanalysen har laga ein dummyvariabel der representantar med tillitsververfaring har fått verdien 1 medan alle andre representantar har verdien 0.

Politisk framtid/ambisjonar er operasjonalisert ved spørsmål 35 i spørjeskjemaet; *Kva planlegg du pr i dag å gjera når denne kommunestyreperioden er slutt?* Variabelen er på ordinalnivået og har fire svaralternativ: (1) *Eg ønskjer å halda fram som kommunestyremedlem*, (2) *Eg ønskjer å halda fram mi politiske karriere i eit høgare politisk tillitsverv i kommunen*, (3) *Eg ønskjer å halda fram mi politiske karriere i eit høgare politisk tillitsverv på fylkes- eller nasjonalt nivå* og (4) *Eg ønskjer ikkje å ta på meg noko politisk tillitsverv når denne perioden er slutt.* I argumentasjonen og analysane mine skil eg mellom ambisjonar og politisk framtid. Alternativ 2 og 3 i spørsmålet vert definerte som høgare ambisjonar, medan alle fire alternativa går inn i argumentasjonen om politisk framtid. I krysstabellanalysen er variabelen nytta som han er og eg køyrer begge analysane parallelt. Til bruk i regresjonsanalysen er variabelen omkoda til to dummyvariablar; *høgare politisk nivå*, der både representantar som ønskjer å halda fram si politiske karriere på eit høgare lokalt nivå og representantar som ønskjer å halda fram på eit høgare nivå på fylkes- eller nasjonalt nivå har verdien 1. Den andre dummyvariabelen som er avleidd av dette spørsmålet kallar eg *gje seg* der representantane som ikkje ønskjer å ta på seg fleire politiske tillitsverv har verdien 1 i dummyen.

4.4.4 Tilhøvet mellom dei ulike variablane

Som synt i teorikapittelet ventar eg at alle dei uavhengige variablane vil ha effekt på den avhengige variabelen: *Kor vidt det er viktig å representera eit bestemt geografisk område av kommunen.* Forventinga er at kvar av variablane vil tilføra noko forklaring på utfallet

av denne variabelen om enn ikkje alle i like stor grad. Den samla effekten dei uavhengige variablane har på den avhengige variabelen vil og vera avhengige av korleis dei ulike avhengige variablane påverkar einannan. Eg freistar med andre ord å setja den blandinga av delforklaringar eg nyttar inn i ei større forklaringsramme der kvar variabelblokk kan sjåast som ein murstein i eit større byggverk. Det er difor viktig at forklaringane ikkje berre vert sett kvar for seg, men forsøkt sette inn i ein større samanheng. I teorikapittelet vert det gjort greie for kva forventingar eg har når det gjeld kva variablar som i størst grad vil påverka haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen.

4.5 Deskriptive analysar

Eit variabelutval som det eg har tilgjengeleg her gjev meg både moglegheiter og utfordringar. Val av deskriptiv analyse for å syna fordelinga på den avhengige variabelen med omsyn til ulike uavhengige variablar er difor viktig. Eg har her gode moglegheiter til å syna samanhengar i fordelinga mellom utfall på den avhengige variabelen for kvar av dei uavhengige variablane ved å nytta ei samanlikning av gjennomsnittsverdiane på den avhengige variabelen (*compare means* i SPSS). Dette vert gjort for å få eit oversyn som er så oversiktleg som mogleg. Presentasjonen av fordelinga er delt opp i store og små kommunar i kvart av landa og syner såleis korleis utfall på den avhengige variabelen varierer med dei ulike uavhengige variablane, kontrollert for kommunestorleik. Dette gjev ei umiddelbar tilbakemelding på kor vidt utfalla av den avhengige variabelen er som venta. Det gjev óg eit innblikk i kor vidt effektane av dei uavhengige variablane er dei same i små og store kommunar og i Noreg og Sverige. I motsetnad til ein korrelasjonsanalyse er ikkje denne analyseforma avhengig av at variablane er på eit ordinalt eller metrisk nivå då og variasjon i variablar på nominalnivå kan enkelt framstillast på denne måten (Hair mfl., 2010).

Som signifikansmål for dei deskriptive analysane nyttar eg p-verdien som er knytt til ANOVA-funksjonen (analysis of variance) for å finna eventuelle signifikante skilnadar mellom små og store kommunar internt i landa. I tillegg vil eg nytta p-verdien frå kji-kvadrattesten som vert funne gjennom krysstabellanalysar. Desse p-verdiane er å finna i vedlegg 1 med verdiar for både små og store kommunar i kvart land og for landa som heilskap. Grunnen til å nytta verdiar frå kji-kvadrattesten er at denne testen kan nyttast

på ein fornuftig måte med variablar på både nominal- og ordinalnivå (Nielsen og Kreiner, 1999).

Med variablar som stort sett ligg på desse målenivåa er eg ved å gjennomføra analysane på denne måten godt skodd for å kunna seia noko om sannsynet for at dei skilnadane eg finn er tilfeldige eller ikkje. Denne verdien som seier noko om kor stort sannsynet er for at den fordelinga ein finn mellom den uavhengige og den avhengige variabelen i kvar av krysstabellane skuldast slumpetreff, gjev ei umiddelbar tilbakemelding på i kva grad ein reell samanheng mellom desse variablane er sannsynleg. Ein for høg p-verdi vil likevel ikkje automatisk leia til at ein hypotese og med dette ei årsaksforklaring vert forkasta. Eg vil måtta sjå på kor vidt spreidingane syner tydelege mønster og såleis *kan* vera reelle skilnadar i populasjonen sjølv om dei i utvalet er ikkje-signifikante. Å skilja mellom den *statistiske* og den *substansielle* signifikansen der ein skiljer mellom det som faktisk er statistisk signifikante samanhengar og samanhengar som er teoretiske og umiddelbart meningsfulle (Midtbø, 2007: 67), er her både viktig og utfordrande. Om samanhengar som ikkje er statistisk signifikante så kan godtakast i analysen er i stor grad ei avveging som må gjerast i kvart enkelt tilfelle. Dette gjeld ikkje berre for signifikanstestane i krysstabellane, men er ei gjennomgåande ved fleire typar statistisk analyse.

Dei deskriptive analysane vert gjennomførte for kvar enkelt av dei uavhengige variablane, både som ein total for kvart land og fordelt på store og små kommunar. Dette gjev som synt tidlegare (figur 4.1) høve til å samanlikna både på kryss og tvers. Samanlikningane av gjennomsnitt vil saman med den lineære regresjonsanalysen danna grunnlaget for diskusjonen av funna. Desse metodane utfyller einannan på ein god måte då den lineære regresjonsanalysen tek tak i noko av det dei deskriptive analysane ikkje har høve til å syna: Korleis påverknadstilhøva mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen og med dette korleis ei endring i ein uavhengig variabel endrar utfallet på den avhengige variabelen mest truleg forhold seg.

4.6 Lineær regresjonsanalyse

I utgangspunktet vert den lineære regresjonsanalysen (OLS) nytta ved avhengige variablar på metriske nivå (Skog, 2004), men han kan og nyttast om den avhengige

variabelen er på ordinalnivå og har 5²⁸ eller fleire kategoriar. Resultata frå denne analysemetoden syner *kor stor* påverknad ei einings endring i dei uavhengige variablane har på utfallet av den avhengige variabelen. Resultata frå regresjonsanalysen, regresjonskoeffisientane, tilsvarar stigningstalet til regresjonslinja, som vil vera den linja som best skildrar samanhengen mellom den avhengige og dei uavhengige variablane (Midtbø, 2007). Ein positiv regresjonskoeffisient vil gje ei stigande regresjonslinje medan ein negativ regresjonskoeffisient vil gje ei synkande linje. Formelen for den multivariate lineære regresjonslinja er gjeven som:


$$Y = a + b_1X_1 + b_2X_2 \dots b_iX_i + e_i$$

der a er lik konstantleddet (verdien av Y om alle X er 0), b_x er regresjonskoeffisienten for kvar av dei uavhengige variablane (X) og X_x er verdien av den uavhengige variabelen. e er verdien for restleddet i regresjonslikninga som fortel oss om lag kor godt modellen skildrar verkelegheita. Den samla effekten av dei uavhengige variablane på den avhengige variabelen er i den lineære regresjonen med andre ord additiv. Ein legg saman effekten frå kvar av X -ane for å finna verdien av Y (eller endringar i Y). Det er ei føremon for regresjonsanalysen å nytta variablar på metrisk nivå, men óg nominal- og ordinalvariablar kan nyttast så lenge ein er bevisst på korleis desse er koda. SPSS gjev alltid ut to regresjonskoeffisientar ved ein lineær regresjonsanalyse, ein ustandardisert b -koeffisient og ein standardisert β -koeffisient. β -koeffisienten skal gjera det lettare å samanlikna effekten ulike variablar (på ulike målenivå og ulike skalaar) har på den avhengige variabelen, men vert i mange høve eit forsøk på pressa variablar som er ulike inn i den same forma og dei (Midtbø, 2007). I analysane vil eg difor nytta den ustandardiserte regresjonskoeffisienten (b) som utgangspunkt for diskusjonen heller enn den standardiserte β -koeffisienten.

Den lineære regresjonsanalysen vert gjennomført blokkvis, med variablane inndelte i blokker etter kategoriane presenterte i teorikapittelet (sjå figur 4.2). Dei fire blokkene vil verta førte inn i regresjonsmodellen ei etter ei og forklaringskrafta for kvar av dei kan difor testast. Som modelltestar for den lineære regresjonsanalysen nyttar eg forklart justert varians (*adjusted R²*) som mål på kor stor del av endringane i den avhengige

²⁸ Dette talet er stadig oppe til diskusjon, men etter nøye overveging fann eg at med min avhengige variabel med 5 verdiar kunne nytta ein lineær regresjonsanalyse.

variabelen kvar modell kan forklara. Saman med denne nyttar eg *F-testen* som vert gjeven i SPSS. P-verdien til denne testen fortel kor vidt endringa frå ein modell til ein større er statistisk signifikant. Grunnen til å nytta den forklarte justerte variansen er at R^2 vil auka di fleire uavhengige variablar ein plasserer i modellane uavhengig av om desse faktisk forklarar ein større del av endringa i Y. Di fleire uavhengige variablar ein nyttar seg av di større verdi vil dette målet få. Dette er særleg problematisk i små utval. Den justerte forklarte variansen er ein funksjon av den forklarte variansen, utvalsstorleiken og talet på uavhengige variablar (Midtbø, 2007: 105).



Figur 4.2 Analysemodell for oppgåva

Målet for denne undersøkinga er i utgangspunktet ikkje å oppnå ein høgast mogleg R^2 , men å undersøkje korleis dei *utvalde variablane* påverkar haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. Ein av metodane for å gjennomføra dette på ein god måte er å sjå på *endring* i justert R^2 mellom to blokker. Dette gjev ein indikasjon på kor mykje forklaringskraft kvar ny blokk tilfører i forklaringa av utfalla på den avhengige variabelen. På denne måten får eg høve til å undersøkje kor vidt eit sett med

uavhengige variablar påverkar haldninga til det å representera einiskiddelar av kommunen på ein slik måte som eg ventar. Noko av det mest interessante med samanlikninga mellom Noreg og Sverige vil vera å sjå på kor vidt dei ulike blokkene med variablar påverkar haldningane representantane har til det å representera eit geografisk område i kommunen på same måte eller om ulike variablar påverkar ulikt. Som synt i teorikapittelet er det ingen umiddelbare grunnar til å venta at variablane skal ha ulik effekt på representantar i dei to landa. Ein nærare diskusjon av dette er gjort i innleiingskapittelet og i kapittel 7 der resultata frå analysane vert gjennomgått.

I tillegg til dei lineære regresjonsanalysane er det gjennomført logistiske regresjonsanalysar som ein kontroll for dei signifikante effektane av variablane. Desse vert ikkje kommenterte opp mot funna i analysekapittelet, men kan sjåast som ein rein kontroll opp mot den lineære regresjonsanalysen. Dette har vorte gjort fordi den avhengige variabelen min ikkje er ein kontinuerleg metrisk variabel og heller ikkje har veldig mange alternative verdier. Alle resultat frå desse logistiske analysane er å finna i vedlegg 2 der dei er presenterte med B-koeffisient, p-verdi, oddsratio og forventingsverdi for $x=1$. Dette er verdier som alle seier noko om sannsynet for at ein respondent med verdien 1 på ein uavhengig variabel og vil ha gjeve eit svar som gjev verdien 1 på den avhengige variabelen (Tuft, 2000, Skog, 2004, Hair mfl., 2010).

4.7 Avrunding

Dette kapittelet har gjeve ein gjennomgang av både datamateriale og analyseopplegg samstundes som nokre av utfordringane med analysane er klargjorte. Sidan eit viktig moment i problemstillinga er kor vidt det er skilnadar mellom svenske og norske kommunestyrerepresentantar er det dette som i er hovudfokuset i regresjonsanalysane. Her vil fokuset i mindre grad liggja på skilnadar mellom små og store kommunar. Samanlikninga mellom dei små og store kommunane vil verta gjort utførleg i dei deskriptive analysane i kapittel 5. Eg vil og her sjå på skilnadar mellom landa. Desse skilnadane mellom land vil så vera fokuset for og endå sterkare vektlagt i diskusjonen av dei multivariate regresjonsanalysane som vert presenterte i eit eige kapittel 6. Til slutt vert diskusjon rundt samtlege analysar presentert i det kapittel 7 på ein slik måte at dei best mogleg svarar på problemstillinga for oppgåva.

5 Deskriptive analysar

I dette kapittelet presenterer eg fyrst univariate statistikkar for fordelinga av dei ulike representasjonsfokusa som er inkluderte i spørsmål 16 i MAELG-undersøkinga: *Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene?* før eg i del to av kapittelet ser nøygnare på samanhengen mellom dei utvalde uavhengige variablane og det geografiske representasjonsfokuset. Hovudtyngda av denne delen av kapittelet vil vera på spørsmål 16k: *eit bestemt geografisk område av kommunen*. Her samanliknar eg kort med det andre geografiske representasjonsfokuset som er inkludert, spørsmål 16a: *heile kommunen*. Dette vert gjort for å prøva å synleggjera korleis samanhengen mellom dei uavhengige variablane og representasjonsfokusa er ulike. For å få best mogleg oversikt syner eg dei fleste av desse i tabellar inndelte i både land og kommunestorleik²⁹ medan nokre av tabellane berre er delte inn i land. For kvar av tabellane oppgjev eg samla N for dei to landa på kvart av alternativa på spørsmål 16.; (16k) *Eit bestemt geografisk område av kommunen* og (16a) *Heile kommunen*. Eg oppgjev og p -verdiar for svenske (ps) og norske (pn) kommunar som viser om det er signifikante skilnadar mellom små og store kommunar i landa. I tillegg oppgjev eg ein felles p -verdi (p) som viser kor vidt skilnadane mellom Sverige og Noreg er statistisk signifikante.

Med utgangspunkt i det som vart sagt avslutningsvis i teorikapittelet har dei uavhengige variablane fått noko ulik vekting i dette kapittelet. Eg vil særleg fokusera på utfalla for politiske variablane *lokal liste*, *politisk ideologi*, *kommunestyreansiennitet* og *politisk framtid* saman med den sosiale bakgrunnsvariabelen *utdanningsnivå*. Eg meiner det er sannsynleg at det er blant desse variablane eg vil finna dei tydelegaste samanhengane med haldninga til å representera einskilddelar av kommunen. Grunngevingar for dette er presenterte i teorikapittelet. Dei tre siste av forklaringsvariablane; *kjønn*, *butid* og *medlemstid i partiet* vert framstilte i tabellar som berre er delte mellom land, ikkje små og store kommunar. Dette vert gjort av di eg meiner desse vil vera av mindre interesse og ha mindre påverknad på representantane sine haldningar til det å representera einskilddelar av kommunen³⁰. Eg meiner likevel desse er så interessante og vil bidra med forklaring at dei er inkluderte i analysen. Etterpå kommenterer eg kort på skilnadar

²⁹ Stor/liten kommune, som synt i metodekapittelet.

³⁰ For grunngeving sjå teorikapittelet (avsnitt 3.4)

mellom land og små og store kommunar. Heilt til slutt i kapittelet diskuterer eg kort kva funna eg har gjort her har å seia for den vidare analysen.

5.1 Geografiske og andre representasjonsfokus.

Tabell 5.1 syner korleis ulike representasjonsfokus fordeler seg for norske og svenske kommunestyrerepresentantar. I tabellen er det presentert gyldige prosentar for kvart av representasjonsfokusa som enkelt kan samanliknast for å få eit oversyn over dette. Som ein ser er dei ulike representasjonsfokusa godt fordelt hjå lokalpolitikarane. Det som likevel kjem tydeleg fram frå tabellane er at i motsetnad til fokuset på einskilddelar av kommunen er tendensen til ei samling av representantar i den positive enden av skalaen³¹. For dei fleste representasjonsfokusa har fleirtalet av representantane svara at dei meiner det er *ganske viktig* eller *svært viktig* å representera dei ulike gruppene. Tydelegast er dette for spørsmålet om kor vidt representantane meiner det er viktig å representera heile kommunen. Heile 96,9% av representantane meiner dette er ganske viktig eller svært viktig. Gruppa representantane i nest størst grad meiner det er viktig å representera er ressursvake innbyggjarar (79% av dei spurde representantane meiner dette er ganske eller svært viktig), kanskje er fokuset på tilrettelegging og rettar for desse gruppene dei siste åra (gjennom mellom anna rettighetsfestinga av tenestetilbod i dei norske kommunane) noko av bakgrunnen for dette. I tillegg er det gruppa *lokale næringsdrivande* det er størst semje blant representantane om at det er viktig å representera. 66,6% av representantane meiner det er ganske viktig eller svært viktig å representera denne gruppa.

Det lokale geografiske representasjonsfokuset skil seg med dette frå dei andre representasjonsfokusa. For det fyrste ved at fordelinga mellom dei ulike alternativa er ganske lik og for det andre ved at ein rimeleg stor del av representantane faktisk meiner at det *ikkje* er viktig å representera ein bestemt geografisk del av kommunen. Samstundes er det og mange av representantane som meiner det faktisk *er* viktig å representera einskilddelar av kommunen. Det fins ei relativt tydele splitting mellom representantane på akkurat dette punktet. Den delen av det geografiske representasjonsfokuset som handlar om å ha fokus på einskilddelar av kommunen, det

³¹ Unntaket her er fokuset på religiøse grupper/kyrkja der eit fleirtal ikkje meiner dette er viktig.

Tabell 5.1 Alle representasjonsfokus for norske og svenske lokalpolitikarar,

gyldige prosentar N=3144

	Heile kommunen	Etniske minoritetar	Kvinner	Arbeidarar	Middel- klassen	Lokale nærings- drivande	Bønder	Religjose grupper/ kyrkja	Mottakarar av bestemte komm. ytingar	Svakarestilte innbyggjarar	Eit bestemt geografisk område av kommunen
Ikkje viktig	0,1 %	4,5 %	3,9 %	3,3 %	4,2 %	1,4 %	6,4 %	15,8 %	4,7 %	1,3 %	14,8 %
Lite viktig	0,7 %	14,0 %	10,9 %	8,1 %	10,4 %	6,2 %	15,0 %	26,0 %	10,8 %	3,0 %	21,4 %
Middels viktig	2,3 %	30,1 %	28,5 %	27,6 %	34,9 %	25,7 %	33,3 %	33,2 %	33,2 %	16,7 %	31,1 %
Ganske viktig	15,1 %	31,9 %	31,2 %	32,0 %	32,6 %	42,9 %	30,1 %	17,2 %	33,2 %	37,4 %	23,0 %
Svært viktig	81,8 %	19,6 %	25,4 %	29,0 %	18,0 %	23,7 %	15,2 %	7,7 %	18,2 %	41,6 %	9,7 %
N=	3093	3068	3079	3067	3066	3080	3073	3068	3056	3067	3070

lokale geografiske representasjonsfokuset, skil seg med andre ord ut frå andre representasjonsfokus som er undersøkte her deriblant det meir generelle geografiske representasjonsfokuset med fokus på heile kommunen. Både Eulau mfl. (1959) og Christophersen (1969) meiner at den geografiske dimensjonen er viktig for folkevalde, noko tabell 5.1 óg syner. Når det likevel er stor usemje om kor vidt det er viktig å representera einskilddelar av kommunen tyder dette på at denne haldninga er avhengig av fleire bakgrunnsfaktorar.

Med dette som utgangspunkt meiner eg det er særst interessant å undersøkje korleis dei uavhengige variablane eg har inkludert i analysane mine kan vera med på å forklara haldninga kommunestyrerepresentantane har til det å skulla representera einskilddelar av kommunen og korleis desse variablane eventuelt har ulik påverknad i norske og svenske og små og store kommunar. Valet av avhengig variabel ser ut til å vera fornuftig då det er denne variabelen som i størst grad skil seg frå dei andre representasjonsfokusa med omsyn til kvar tyngdepunktet for kor viktig kommunestyrerepresentantane meiner det er å representera denne delen av kommunen.

5.2 Trivariate deskriptive analysar

I det følgjande delkapittelet vert dei trivariate analysane for kvart av landa presenterte i kvar sine tabellar. Fokuset for gjennomgangen ligg på spørsmål 16k: *del av kommunen*, og dette vert så kort sett opp mot spørsmål 16a: *heile kommunen*. rekkefølga variablane vert presenterte i tilsvarar presentasjonen av variablar og hypotesar i teorikapittelet med tre analysenivå: makro- (land), meso- (kommunestorleik og politiske variablar) og mikronivå (sosiale variablar og politiske erfaringar og ambisjonar). Som nemnt innleiingsvis i kapittelet er variablane noko ulikt vekta, medan begge dei politiske variablane på mesonivået og tre av variablane på det politiske mikronivået får spesielt stort fokus er det berre *utdanningsnivå* som får utvida plass av dei sosiale variablane på mikronivået. Dette speglar det som vart sagt om hypotesar i teorikapittelet der eg, med støtte i Eulau mfl. (1959) og Prewitt, Eulau og Zisk (1966), peikar mot at eg meiner det er dei politiske variablane som i størst grad vil påverka haldningane representantane har til det å representera einskilde geografiske delar av kommunen.

5.2.1 Makrovariabelen

H1 – Land: Norske kommunestyrerepresentantar er meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det svenske kommunestyrerepresentantar er.

Tabell 5.2 Land

	16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
	Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige	2,08	3,73
Noreg	1,85	3,83
Totalt:	1,95	3,79
	<i>p = .000</i>	<i>p = .000</i>

N16k = 3070, N16a = 3093

Av tabell 1.1 kjem det fram at representantar i svenske kommunar er meir opptekne av det å representera einskilddelar av kommunen enn det lokalpolitikarar i norske kommunar er. Gjennomsnittsverdiane for representantar i dei to landa er tydeleg ulike og, motsett av det som er venta, ser ein altså at dei svenske representantane i større grad enn dei norske meiner det er viktig å representera ein einskild del av kommunen. Om ein samanliknar dette med haldninga til å representera kommunen som heilskap, kjem det fram at norske lokalpolitikarar i noko større grad enn deira svenske kollegar meiner det er viktig å representera heile kommunen. For både spørsmål 16a og 16k er skilnadane signifikante.

Om eg ser tilbake på teorikapittelet stemmer dette dårleg med forventingane presenterte der. Både frå det Rokkan (1987), Narud og Valen (2007) og Esaiasson og Holmberg (1996) seier venta eg at dei norske representantane ville vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det deira svenske kollegar er. Når dette no syner seg å ikkje stemma kan kanskje svara liggja ein annan stad enn der eg har gått ut frå at dei er.

5.2.2 Mesovariablane

H2 – Kommunestorleik: Representantar i små kommunar vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar i store kommunar.

Ein ser av tabell 1.2 at det er skilnadar mellom små og store kommunar i kor stor grad representantane meiner det er viktig å representera både einskilddelar av kommunen og kommunen som heilskap. Noko uventa er det i dei svenske kommunane representantar i kommunestyre i kommunar med fleire enn 30.000 innbyggjarar som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Skilnadane er likevel ikke så store og uttalte som venta ut frå hypotesane i teorikapittelet. Og sjølv om skilnaden er *noko* større mellom små og store norske kommunar enn i dei svenske og her går "rett veg" er det tydeleg at forventinga om at fokuset på å representera einskilddelar av kommunen er nokså jamnt fordelt mellom kommunar av ulik storleik.

Tabell 5.3: Kommunestorleik

	16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
	Del av kommunen	Del av kommunen
Svenske under 30.000	2,06	3,74
Svenske over 30.000	2,10	3,71
Totalt:	2,08	3,73
Norske under 10.000	1,85	3,85
Norske over 10.000	1,76	3,79
Totalt:	1,79	3,81
	<i>ps= .560</i> <i>pn= .132</i> <i>p = .000</i>	<i>ps= .351</i> <i>pn= .012</i> <i>p = .000</i>

N16k = 3070, N16a = 3093

Om ein ser tilbake på det Dahl og Tufte (1973) og Gerring og Zarecki (2012) seier om demokratia i små kommunar ville eg venta at representantane frå små kommunar var langt meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det representantar frå dei større kommunane er. Frå tabell 5.3 ser ein derimot at det er små

skilnadar mellom dei ulike kommunegruppene. Skilnadane internt i landa er heller ikkje signifikante.

Om ein på den andre sida ser på samanhengene mellom kommunestorleik og kor viktig representantane meiner det er å representera kommunen som heilskap syner det seg at det heller ikkje her er store skilnadar mellom små og store kommunar. Både i dei svenske og dei norske kommunane ser ein at representantar i dei små kommunane i nokon grad meiner det er viktigare å representera kommunen som heilskap enn det representantane i dei store kommunane meiner. Det kan tenkjast fleire grunnar til dette, som vil gå noko på tvers av det (Dahl og Tufte, 1973) og bryt med det Tørhaug (2003) fann i si hovudfagsoppgåve dei svenske kommunane ser ein at snittet på spørsmålet om i kor stor grad representanten meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen ligg på 2,06 i dei små kommunane, medan gjennomsnittseverdien i dei store kommunane er på 2,1. Det ser altså ut til at representantane i dei store svenske kommunane meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen enn det representantane frå dei små kommunane gjer. Hypotesen om at representantar i små kommunar vil meina det er viktigare å representera einskilddelar enn det representantar i store kommunar meiner ser altså ikkje ut til å stemma for dei svenske kommunane. På den andre sida ser ein at det er liten skilnad i synet på kor viktig det er å representera kommunen som heilskap om ein samanliknar små og store kommunar. Skilnaden mellom dei ulike gruppene kommunar når det gjeld haldning til å representera einskilddelar av kommunen er på 0,04 ikkje stor og med eit standardavvik på høvesvis 1,150 i dei små og 1,189 i dei store kommunane (sjå vedlegg 1) finn ein at det er god spreiding i svara på spørsmål 16k.

Haldningane i dei norske kommunane stemmer betre med hypotesen om at representantane i dei små kommunane vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Medan spørsmålet om kor viktig representantane meiner det er å representera ein einskild del av kommunen har ein snittverdi på 1,85 i dei små norske kommunane, er gjennomsnittet i dei store kommunane på 1,76. Heller ikkje her er skilnadane veldig store, sjølv om dei er noko meir markerte enn i dei svenske kommunane. Samstundes ser ein at det å representera kommunen som heilskap og vert sett på som viktigare av representantane frå små norske kommunar enn deira kollegar i kommunane med over 10.000 innbyggjarar. Skilnaden her er noko mindre enn på

spørsmålet om kor viktig representantane meiner det er å representera kommunen soom heilskap, men han er likevel større enn den tilsvarende differansen i dei svenske kommunane.

H3 – Politisk ideologi: Representantar frå sentrumspartia Senterpartiet/Centerpartiet vil vera meir opptekne av enkeltdelar av kommunen enn lokalpolitikarar med andre politiske ideologiar.

Tabell 5.4: Politisk ideologi

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige under 30.000	Venstre	1,99	3,73
	Sentrum	2,38	3,75
	Høgre	2,00	3,77
	Totalt	2,06	3,75
Sverige over 30.000	Venstre	1,99	3,65
	Sentrum	2,68	3,79
	Høgre	2,10	3,77
	Totalt	2,09	3,71
Noreg under 10.000	Venstre	1,62	3,87
	Sentrum	1,80	3,82
	Høgre	1,80	3,85
	Totalt	1,74	3,85
Noreg over 10.000	Venstre	1,71	3,74
	Sentrum	1,96	3,86
	Høgre	1,72	3,83
	Totalt	1,74	3,79
		<i>ps = .574 pn = .984 p = .036</i>	<i>ps = .254 pn = .026 p = .000</i>

N16k = 2574, N16a = 2596

H3 er grunngeven i senterpartia sin tradisjonelle rolle som distrikta sine parti og at dei langt tilbake har hatt eit ekstra fokus på periferien. Tanken er at desse trekka frå det sentrale planet kan trekkjast ned på det lokale planet og vil spegla seg i at representantar frå desse partia vil vera meir opptekne enn andre representantar på å representera einskilddelar av kommunen.

Om ein ser på tabell 1.5 som syner samanhengen mellom politisk ideologi og kor viktig representantane meiner det er å representera einskilddelar av kommunen finn ein rimeleg tydelege skilnadar mellom landa og internt i Noreg. Medan representantane frå Centerpartiet heilt klart er dei representantane i dei svenske kommunane som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen er skilnadane langt mindre i dei store norske kommunane og bortimot fråverande i dei små. Med utgangspunkt i at Senterpartiet og Centerpartiet sine representantar vil vera dei som i størst grad forfektar det å representera einskilddelar av kommunen, som eg i teorikapittelet gruungav i det Christensen (2005) seier om at senterpartia har vore det partiet som i sterkast grad har hatt fokus på distrikta i både Noreg og Sverige og som i stor grad har halde på denne rolla og framleis i stor grad er talsmann for landbrukssektoren er dette som venta. Når det no syner seg at Centerparti-representantane i Sverige er noko meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det deira norske kollegar er stemmer ikkje dette med hypotesen.

Den mest interessante observasjonen i samband med partiideologi som forklaringsvariabel er nok likevel mangelen på skilnad mellom representantar frå Senterpartiet i dei små norske kommunane og representantar frå det politiske høgre i dei same kommunane. At det ikkje er nokon skilnad her i motsetnad til i alle dei andre kommunane, tyder kanskje på at det i desse kommunane ikkje berre er dei politisk ideologiske skiljelinjene som styrer haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen, men at det moglegvis kan vera andre djupareliggjande årsaker til haldningane. Eg vel å knyta dette til det Skare (1996) seier om at i kommunar der partipolitikken er sterk vert fokuset på det lokale i politikken noko svakare. På den andre sida seier Skare vidare at der det lokale elementet i kommunepolitikken er sterk vil det vera vanskelegare å sjå dei ideologiske skiljelinjene mellom dei ulike partia som er klare om ein ser på partiet sentralt. Det kan tenkjast at det lokale elementet uansett står sterkt hjå desse representantane og at desse skilja difor ikkje kjem like sterkt til uttrykk

mellom dei politiske blokkene i dei små norske kommunane som i dei store norske og i alle dei svenske.

Når det gjeld politisk ideologi og fokuset på det å representera kommunen som heilskap finn ein små skilnadar i dei store kommunane i både Noreg og Sverige, men ingen skilnadar i dei små kommunane. Når det syner seg at det óg er representantane frå sentrumspartia som meiner det er viktigast å representera heile kommunen i desse store kommunane kan ein moglegvis seia at representantane frå desse partia i det heile er meir opptekne av kommunen som eining enn det representantar frå andre parti er. Dette bør likevel takast med ei klype salt, då skilnadane er heller små over alt.

H4 – Lokal liste: Representantar som er innvalde utan å stå på lister for landsdekkande parti vil vera meir opptekne av å representera enkeltdelar av kommunen enn representantar som er innvalde på partilister.

Som venta meiner representantar som er innvalde på lokale lister (ikkje landsdekkande parti) i større grad at det er viktig å representera einskilddelar av kommunen enn det representantar som er innvalde på partilister meiner. Dette støttar godt opp om dei hypotesane som vart presentert i teorikapittelet. I dei svenske kommunane er det representantar frå dei store kommunane som ikkje var oppførte på partilister som meiner det er viktigast å representera einskilddelar av kommunen. Tydelegast er dette skiljet i dei store svenske kommunane der skilnadane mellom representantgruppene er langt tydelegare enn det skilnadane er for andre av dei uavhengige variablane. Dette støttar opp om tanken at representantar innvalde på lokale lister vil ha eit anna fokus på sin representasjon enn det representantar som er innvalde på partilister vil ha.

Dei tydelege skilnadane, aller synlegast i dei små norske kommunane der differansen mellom representantar valde inn på lokale lister og representantar valde inn på partilister er på 0,6. Dette er heller ikkje uventa, då lokale lister i små kommunar ofte er bygdelister i ei eller anna form (Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013). Representantar som står oppførte på slike lister ved eit val vil gjerne vera veldig pååtekne av å representera einskilddelar av kommunen medan listene i større kommunar i noko større grad er reine sakslister (Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013) som heller enn å ta omsyn til dei eventuelle lokale geografiske motsetnadane synleggjer ideologiske eller praktiske ulikskapar. Ein annan observasjon

Tabell 5.5: Valt inn på lokal liste?

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Svenske under 30.000	Nei	2,06	3,75
	Ja	2,16	3,89
	Totalt	2,06	3,84
Svenske over 30.000	Nei	2,09	3,71
	Ja	2,38	3,62
	Totalt	2,10	3,71
Norske under 10.000	Nei	1,74	3,85
	Ja	2,36	3,85
	Totalt	1,85	3,85
Norske over 10.000	Nei	1,73	3,79
	Ja	1,95	3,80
	Totalt	1,76	3,79
		<i>ps= .560</i> <i>pn= .153</i> <i>p = .000</i>	<i>ps= .351</i> <i>pn= .008</i> <i>p = .000</i>

N16k = 3042, N16a = 3065

som støttar hypotesen om at kor vidt ein representant er oppført på partiliste eller ikkje er blant dei viktigaste forklaringsvariablane for kva haldning representanten har til det å representera einskiddelar av kommunen er dei relativt store differansane mellom dei representantane som er oppførte på partilister og dei representantane som er innvalde på lokale lister. Dette gjeld som synt særleg i dei små norske kommunane, men er og tydeleg andre stader, som i dei store svenske kommunane.

Mønsteret frå dei svenske kommunane går med andre ord att i dei norske, med nokre små ulikskapar. Óg når det gjeld kor viktig representantane meiner det er å representera kommunen som heilskap finn ein det same i Noreg som i Sverige; det er ingen skilnad mellom representantar som var oppførte på partilister og dei som var oppførte på lokale lister ved valet på dette punktet. Som venta er det med andre ord ein sterkare

samanheng mellom det å vera oppført på ei lokal liste og det å representera einskilddelar av kommunen enn det er mellom det å vera innvald på ei lokal liste og haldninga til å representera kommunen som heilskap.

5.2.3 Mikrovariablane - dei sosiale

H5 -Kjønn: Kvinner vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn mannlege kommunestyrerepresentantar.

Tabell 5.6: Kjønn

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige	Kvinne	2,05	3,74
	Mann	2,13	3,71
	Totalt	2,08	3,73
Noreg	Kvinne	1,74	3,83
	Mann	1,88	3,79
	Totalt	1,79	3,81
		<i>ps= .560</i> <i>pn= .132</i> <i>p = .000</i>	<i>ps= .351</i> <i>pn= .012</i> <i>p = .000</i>

N16k = 3046, N16a = 3068

Som ein ser av tabell 5.6 er kjønnskilnadane blant representantane når det gjeld kor viktig dei meiner det er å representera einskilddelar av kommunen er ikkje veldig tydelege. Det syner seg likevel tydeleg nok, at hypotesen frå teorikapittelet om at kvinnelege representantar vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det deira mannlege kollegar er stemmer godt i både Noreg og Sverige. Samstundes ser ein at kvinner i dei to landa er noko meir opptekne av å representera kommunen som heilskap, sjølv om skilnadane ikkje er uttalte. Dette støttar opp om det både Esaiasson og Holmberg (1996) og Christensen og Lægreid (2009) seier om at kvinnelege representantar er meir opptekne av heilskapen i det dei arbeider med og heller ser på dei store linjene i saker enn å fokusera på detaljar fokuserer på overordna

oppgåver og dei sakene som berører mange heller enn dei som berre berører ein del av innbyggjarane i ein kommune, til dømes.

H6 - Utdanningsnivå: Di høgare utdanning ein representant har di større vil fokuset hans vera på å representera einskilddelar av kommunen.

Tabell 5.7: Høgste fullførte utdanning

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige under 30.000	Grunnskule	2,21	3,77
	Vidaregåande	2,14	3,73
	Høgskule/ universitet	1,94	3,74
	Totalt	2,06	3,74
Sverige over 30.000	Grunnskule	2,19	3,85
	Vidaregåande	2,04	3,70
	Høgskule/ universitet	2,14	3,70
	Totalt	2,11	3,71
Noreg under 10.000	Grunnskule	1,69	3,89
	Vidaregåande	1,97	3,85
	Høgskule/ universitet	1,77	3,84
	Totalt	1,85	3,85
Noreg over 10.000	Grunnskule	1,95	3,68
	Vidaregåande	2,04	3,79
	Høgskule/ universitet	1,62	3,80
	Totalt	1,76	3,79
		<i>ps = .484 pn = .148 p = .000</i>	<i>ps = .447 pn = .014 p = .000</i>

N16k = 3043, N16a = 3065

I motsetnad til for kjønnsvariabelen, der det er stort samanfall mellom haldningane i dei ulike kommunane er det større skilnadar mellom ulike kommunar når det gjeld korleis samanhengen mellom utdanningsnivå og haldning til å representera einiskildelar av kommunen. Dette er som venta ut frå forventingane presenterte i teorikapittelet. I både dei små og dei store svenske kommunane er det representantar med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå som meiner det er viktigast å representera bestemte delar av kommunen. Dette stemmer greitt over eins med hypotesen om at representantar med høgare utdanning i større grad enn andre representantar vil sjå på kommunen som ein heilskap som må støttast opp om som ei eining. Denne gruppa representantar har ein relativt høg gjennomsnittsverdi på spørsmålet om i kor stor grad dei meiner det er viktig å representera einiskildelar av kommunen, men ikkje veldig mykje høgare enn dei andre utdanningsgruppene.

I dei store svenske kommunane er gjennomsnittsverdien for representantane med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå berre litt lågare enn i dei små svenske kommunane. Skilnaden mellom dei små og store kommunane er at det i dei store er representantane med vidaregåande utdanning som meiner det er minst viktig å representera einiskildelar av kommunen medan det i dei små er representantane med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå som i størst grad meiner det same. Det som er mest interessant her vil vera at i ingen av dei svenske kommunane er det representantar som har universitets- eller høgskuleutdanning som meiner det er viktigast å representera einiskildelar av kommunen. Om me kastar eit blikk tilbake til det Skare (1996) seier om auka politisk kompetanse med auka utdanningsnivå kan det sjå ut til at denne auka kompetansen og minkar fokuset på å sjå kommunen som ei samling små einingar, men kanskje heller at desse representantane ser kommunen som ein heilskap.

I motsetnad til i dei svenske kommunane er det i dei norske, både store og små, representantane med vidaregåande som høgste fullførte utdanningsnivå som i høgst grad meiner det er viktig å representera einiskildelar av kommunen. I dei små norske kommunane er gjennomsnittsverdien på spørsmålet om i kor stor grad dei meiner det er viktig å representera einiskildelar av kommunen for denne gruppa. Det som likevel i størst grad skil dei små norske kommunane frå dei andre er at det i desse kommunane er dei representantane som har grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå som i

minst grad meiner dette er viktig. I akkurat desse kommunane kan det difor sjå ut som at *litt* høgare politisk kompetanse gjer at representantane vert *litt* meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Dette stemmer ganske godt med det Skare (1996), og for så vidt Christensen og Læg Reid (2009) seier om at auka utdanningsnivå gjev auka sjølvtilit i politisk arbeid.

Óg i dei store norske kommunane er det representantane med vidaregåande skule som høgste fullførte utdanningsnivå som meiner det er viktigast å representera einskilddelar av kommunen. I denne gruppa har spørsmålet om i kor stor grad representantane meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen noko høgare verdi enn den tilsvarande gruppa i dei små kommunane. Det som likevel skil desse kommunane frå dei små norske er at det er representantane som har høgskule-/universitetsutdanning som i minst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette er det same som syner seg i dei små svenske kommunane og stemmer igjen med at representantar med høgare utdanning i større grad enn andre kanskje ser kommunen som ei eining som må jobbast saman og ikkje splittast. Det er med andre ord store likskapar mellom alle kommunane sjølv om enkeltgrupper av kommunar skil seg frå resten. Den observasjonen som kanskje er tydelagast når ein ser på tabellen som heilskap er at skilnadane mellom dei ulike utdanninggruppene er større i dei norske kommunane, både dei små og store enn det dei er i dei svenske kommunane.

Korkje i dei svenske eller norske kommunane ser det ut til å vera ein sterk samanheng mellom utdanningsnivå og haldning til å representera kommunen som heilskap. Berre i dei små svenske kommunane er skilnaden mellom utdanningsgruppene som meiner det er viktigast å representera og dei som meiner dette er minst viktig like stor som skilnaden mellom gruppene og haldning til å representera einskilddelar av kommunen. Det ser med andre ord ut til at samanhengen mellom utdanningsnivå og haldning til å representera einskilddelar av kommunen annleis er sterkare, enn det samanhengen mellom utdanningsnivå og det å representera heile kommunen er i dei fleste kommunane. Dette er i og for seg ikkje overraskande.

H7 – Butid i kommunen: Di lengre ein representant har budd i kommunen, di større vekt vil han leggja på å representera einskilddelar av kommunen.

H7 vart i teorikapittelet grunngjeve med at di lenger ein representant har budd i kommunen, di sterkare band vil det vera naturleg at han har til einskilddelar av kommunen. Særleg gjeld dette om representanten har budd i same område av kommunen over ein lengre periode. Hypotesen er grunngjeven i det både Lægreid og Olsen (1978) seier om at band byggjer seg opp over tid og det Eulau mfl. (1959) seier i sin artikkel om at dei ser ein tendens til at representantar som har budd i eit område over tid i større grad enn andre representantar vil føla at det er naturleg å representera dette området.

Tabell 5.8: Butid

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige	→ 25 år	2,01	3,64
	26-41 år	1,98	3,75
	42 år →	2,25	3,79
	Totalt:	2,08	3,73
Noreg	→ 25 år	1,65	3,81
	26-41 år	1,83	3,80
	42 år →	1,81	3,83
	Totalt:	1,79	3,81
		<i>ps = .416</i> <i>pn = .180</i> <i>p = .000</i>	<i>ps = .402</i> <i>pn = .019</i> <i>p = .000</i>

N16k = 3031, N16a = 3053

Frå tabell 5.8 ser ein at dette stemmer nokolunde i både dei svenske og dei norske kommunane. I dei svenske kommunane er det eit tydeleg skilje mellom representantar som har budd i kommunen i meir enn 41 år og andre representantar i kor viktig dei meiner det er å representera einskilddelar av kommunen. Eit liknande skilje er tydeleg i dei norske kommunane mellom representantar som har budd i kommunen i 25 år eller mindre og 26 år eller meir. Tanken om at di lengre representantane har budd i kommunen dei sit i kommunestyret for di meir opptekne vil dei vera av det å

representera ein bestemt geografisk del av kommunen. Det kan tenkjast at denne effekten vil vera ekstra sterk om representanten har budd i det samme området av kommunen heile tida, men det ser uansett ut til at samanhengen mellom denne variabelen og haldninga til å representera einskilddelar av kommunen er relativt stabil.

På den andre sida ser ein at det i dei svenske kommunane óg er ein tilsynelatande samanheng mellom kor lenge ein representant har budd i kommunen og kor viktig han meiner det er å representera kommunen som heilskap. Ein finn her det same mønsteret som når det gjeld haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen, men det syner seg noko tydelegare for heile kommunen. Denne skilnaden mellom representantgrupper med ulik butid er fråverande i Noreg der det er minimale skilnadar mellom representantar som har budd i kommunen i 25 år eller mindre og representantar som har budd i kommunen i 42 år eller meir.

5.2.4 Mikrovariablane - dei politiske

H8 - Tillitsvervserfaring: Representantar som har, eller har hatt, tillitsverv i partiet anten på lokalt eller høgare nivå vil vera mindre opptekne av å representera enkeltdelar av kommunen enn representantar som ikkje har slik erfaring.

H8 er kort grunngjeven ved at det er sannsyn for at representantar med tillitsverv i partiet, anten noverande eller tidlegare, vil vera meir opptekne av å arbeida for partiet sine interesser. Dette fører gjerne til meir fokus på kommunen som heilskap (det store biletet?) enn einskilddelar av kommunen.

Gjennomgåande syner det seg her at det er representantar som aldri har hatt tillitsverv i partiet, korkje på lokalt eller høgare nivå, som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Det går att i både Noreg og Sverige at det er i dei små kommunane skilnadane mellom representantar med og utan tillitsvervserfaring er størst. I begge desse kommunegruppene ser ein at representantane utan erfaring frå slike verv er langt meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det representantar som har ei eller anna erfaring frå tillitsverv i partiet. Likevel er det og i dei store kommunane klart at det er representantar utan tillitsvervserfaring som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen, noko som i stor grad stemmer med hypotesen *H8* som vart presentert i teorikapittelet. Eg støtta meg der til det både Kjellberg (1965) og Skare (1996) seier om lokalpolitikken som

opplæringsarena for politikarar som ønskjer seg høgare i det politiske systemet. Det er ein tydeleg trend at representantane utan tillitsvervserfaring meiner det er viktigare å representera einskilddelar av kommunen enn dei representantane som anten har eller tidlegare har hatt slike verv. Dette støttar opp om tanken at dei som har slik erfaring vil vera meir opptekne av det som står i partiprogrammet enn av å støtta einskilddelar av kommunen.

Tabell 5.9: Tillitsverv

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige under 30.000	Nei, aldri	2,34	3,66
	Ja, tidlegare	2,01	3,87
	Ja, no	2,03	3,72
	Totalt:	2,05	3,74
Sverige over 30.000	Nei, aldri	2,27	3,55
	Ja, tidlegare	2,02	3,64
	Ja, no	2,12	3,74
	Totalt:	2,11	3,71
Noreg under 10.000	Nei, aldri	2,16	3,78
	Ja, tidlegare	1,82	3,82
	Ja, no	1,72	3,90
	Totalt:	1,85	3,85
Noreg over 10.000	Nei, aldri	1,87	3,76
	Ja, tidlegare	1,79	3,81
	Ja, no	1,72	3,79
	Totalt:	1,77	3,79
		<i>ps = .382 pn = .175 p = .000</i>	<i>ps = .322 pn = .011 p = .000</i>

N16k = 3008, N16a = 3028

På den andre sida er det små skilnadar mellom representantane som *har slike verv* no og dei representantane som *tidlegare* har hatt eit tillitsverv i partiorganisasjonen. Dette tyder på at det avgjerande for haldninga til det å representera einskilddelar er at representantane *har vore i eit tillitsverv på eit eller anna tidspunkt* ikkje kor vidt dette vervet er noko dei har no eller noko dei har hatt tidlegare. Ein kan tenkja seg at dette har med å gjera at påverknaden eit slikt verv eventuelt har på haldningane til det å representera einskilddelar av kommunen er noko som ikkje er tidsavgrensa til den perioden der representanten faktisk har vervet, men at dette er ei varig sosialisering inn i ein rolle (Lægreid og Olsen, 1978). Kor vidt ein representant som har hatt tillitsverv lenge vil vera meir eller mindre oppteken av å representera einskilddelar av kommunen enn ein representant som berre har kort erfaring i eit tillitsverv er vanskeleg å seia noko om, men det er mogleg lengda på vervet har påverka på haldninga til dette.

I motsetnad til for dei fleste andre uavhengige variablane ser ein og at det er ein samanheng mellom det å ha tillitsvervserfaring i partiet og haldninga til det å representera kommunen som heilskap. Det er ikkje store skilnadar, men dei er til stades. I alle kommunane er det representantane utan slik erfaring som i minst grad meiner det er viktig å representera *heile kommunen* og skilnaden er tydelegast i dei små kommunane, både i Noreg og Sverige. Det heile biletet syner at i alle kommunane meiner representantar som har eller har hatt tillitsverv at er viktig. Dette støttar óg opp om det som vert sagt i teorikapittelet om at representantar som har hatt tillitsverv vil vera meir opptekne av heile kommunen av di dei vert sosialisert inn i rolla som tillitsmann og dermed føler sterkare knytingar til partiet sin politikk enn ein som aldri har hatt ei slik rolle.

H9 – Partimedlemskap: Di lengre fartstid ein representant har i politiske parti di mindre oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen.

I tabell 5.10 kjem det, i motsetnad til kva som var venta, fram at blant dei svenske lokalpolitikarane er det representantane som har lengst tid bak seg som partimedlemmar som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Medan eg i teorikapittelet argumenterte for at di lengre representanten hadde vore partimedlem di mindre opptekne ville dei vera av dette med bakgrunn i sosialiseringstanken til både Lægreid og Olsen (1978) og (Christensen og Lægreid, 2009) syner det seg at for dei svenske kommunane stemmer ikkje dette. I dei norske

kommunane ser ein derimot den venta trenden med at di lengre ein representant har site som partimedlem di mindre oppteken er han av å representera einskilddelar av kommunen.

Dette kan som synt i teorikapittelet ha med å gjera at representantar som har vore partimedlemmer over ein lengre periode har vorte sosialiserte inn i ein partitankegang der vurderingane til partiet vert viktige og såleis flyttar fokuset til representantane frå einskildgrupper i kommunen – som einskilddelar av kommunen – og over på heilskapstanken til partiet som gjerne rommar meir enn fokus på det reint lokale. Skilnadane mellom korleis medlemstid påverkar haldningar til å representera einskilddelar av kommunen i dei to landa er det vanskeleg å forklara ut frå dei teoriane som er presenterte i teorikapittelet og ligg moglegvis ein annan stad i partisystemet.

Tabell 5.10 Medlemstid i politiske parti

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige	→ 12 år	2,03	3,67
	13-28 år	2,05	3,69
	29 år →	2,12	3,79
	Totalt:	2,07	3,73
Noreg	→ 12 år	1,84	3,79
	13-28 år	1,79	3,84
	29 år →	1,71	3,82
	Totalt:	1,79	3,81
		<i>ps = .711</i> <i>pn = .198</i> <i>p = .000</i>	<i>ps = .282</i> <i>pn = .015</i> <i>p = .000</i>

N16k = 3004. N16a = 3026

På den andre sida ser ein at medlemstid i parti påverkar haldninga til det å representera kommunen som heilskap på om lag samme måte i Noreg og Sverige. I begge landa er det representantane med kortast medlemstid i partiet som i minst grad meiner det er viktig å representera heile kommunen. Trenden er noko tydelegare i Sverige enn i Noreg, men

det ser ut til at di lengre ein representant er medlem i partiet di meir oppteken vil han vera av å representera heile kommunen.

H10 – Kommunestyreansiennitet: Di lengre ansiennitet ein representant har i kommunestyret, di mindre vil han leggja vekt på å representera einskilddelar av kommunen.

Tabell 5.11: Kommunestyreansiennitet

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige under 30.000	0-4 år	2,12	3,65
	5-8 år	1,99	3,73
	9 år →	2,08	3,79
	Totalt:	2,07	3,74
Sverige over 30.000	0-4 år	2,06	3,69
	5-8 år	2,13	3,60
	9 år →	2,11	3,78
	Totalt:	2,10	3,71
Noreg under 10.000	0-4 år	2,00	3,82
	5-8 år	1,75	3,85
	9 år →	1,75	3,89
	Totalt:	1,85	3,85
Noreg over 10.000	0-4 år	1,82	3,76
	5-8 år	1,85	3,83
	9 år →	1,63	3,80
	Totalt:	1,76	3,79
		<i>ps = .629 pn = .175 p = .000</i>	<i>ps = .423 pn = .011 p = .000</i>

N16k = 3009, N16a = 3032

Frå tabell 5.11 ser ein at H10 stemmer i dei norske kommunane, der det tydeleg er representantane med kortast kommunestyreansiennitet som meiner det er viktigast å representera einskilddelar av kommunen, noko som i stor grad stemmer over eins med dei hypotesane eg presenterte i teorikapittelet og som er grunngjeve med det Christensen og Lægreid (2009) seier om norske offentlege tenestemenn. I dei svenske kommunane er mønsteret noko meir uklart og skilnadane mellom dei ulike representantgruppene er mindre for denne variabelen enn for mange av dei andre, noko som er noko overraskande. Særleg dei store svenske kommunane skil seg ut ved at det her er representantane med *kortast* fartstid i kommunestyra som i minst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette stemmer dårleg over eins med hypotesen frå teorikapittelet om at ein representant som har lang fartstid i kommunestyret vil verta sosialisert inn i ein rolle som gjer at han vil ha større fokus på kommunen som heilskap (Lægreid og Olsen, 1978). Og i dei små svenske kommunane skil samanhengen mellom kommunestyreansiennitet og haldning til det å representera einskilddelar av kommunen seg frå forventingane frå teorikapittelet ved at det er liten skilnad mellom haldningane til representantane med lengst og kortast fartstid i kommunestyret.

I dei norske kommunane stemmer funna i mykje større grad med dei forventingane som vart presenterte i teorikapittelet. Dette er tydelegast i dei små kommunane at det er representantane med kortast tid bak seg i kommunestyret som er mest opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Den tydelege skilnaden mellom ansiennitetsgruppene her kan tda på at sosialiseringa inn i kommunestyra og gjer noko med representasjonsfokuset til representantane og at dette *noko* kjem sterkast til uttrykk i dei små norske kommunane. I dei store norske kommunane er det og eit tydeleg skilje mellom representantgruppene, men her går dette skiljet mellom representantar som har site i kommunestyret i 5-8 år og dei som har hatt plassen i 9 år eller meir. Mønsteret er med andre ord det same – representantane som har site lengst i kommunestyra er dei som i minst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette stemmer som synt over godt med hypotesane frå teorikapittelet og ein ser her at som både Christensen og Lægreid (2009) og Lægreid og Olsen (1978) seier vil representantar som har hatt ein viss rolle over tid verta meir sosialisert inn i rolla og ta på seg haldningar som vert venta av innehavaren av slike roller.

Korleis samanhengen mellom kommunestyreansiennitet og haldning til å representera einiskilddelar av kommunen er ser ut til å variera noko mellom dei ulike gruppene med kommunar. Det er likevel tydeleg i alle kommunane at det er representantane med lengst fartstid bak seg i kommunestyra som i størst grad meiner det er viktig å representera heile kommunen. Óg dette stemmer greitt med hypotesen *H10* om at etter som kommunestyrerepresentantane har site lengre i kommunestyret di større *ansvar* føler dei for at heile kommunen skal verta representert.

H11a – Politisk framtid 1: Representantar som har ønskje om å halda fram som kommunestyrerepresentantar vil ha mindre fokus på å representera enkeltdelar av kommunen enn representantar som har planar om å gje seg som lokalpolitikarar.

H11b – Politisk framtid 2: Representantar som har ambisjon om å stiga i gradene i partiet (både lokalt og regionalt/nasjonalt), vil ha mindre fokus på å representera enkeltdelar av kommunen enn representantar som ikkje har slike ambisjonar.

H11a er grunngeven ved at representantar som ønskjer å slutta som kommunestyrerepresentantar etter valperioden vil føla seg friare frå partiprogram og kan fokusera meir på enkeltgrupper i kommunen enn representantar som ønskjer attval. Dette kan vera av di ein representant som ønskjer attval truleg vil vera avhengig av støtte frå meir enn enkeltdelar av kommunen for å sikra plassen sin óg i neste valperiode. H11b er grunngeven slik: om ein representant ønskjer seg eit høgare verv i partiet vil det truleg vera viktig for han å ha fokus på partipolitikken som heilskap, ikkje berre enkeltdelar. Dette gjeld både om representanten ser føre seg ein posisjon i det lokale partiet eller på høgare (regionalt/nasjonalt) nivå.

Her ser ein at det er enkelte skilnadar mellom dei ulike kommunegruppene. Medan representantane i dei norske kommunane stort sett har haldningar som stemmer greitt over eins med forventingane som vart presenterte i teorikapittelet skil dei svenske kommunane seg meir frå mønsteret eg venta å finna. Særleg i dei store norske kommunane syner det seg at representantar som ønskjer å gje seg i kommunestyret etter det neste valet er dei som i størst grad meiner det er viktig å representera einiskilddelar av kommunen. Medan representantane med ambisjonar om å stiga i dei politiske gradene i noko mindre grad meiner dette er viktig. Skilnadane er likevel mykje mindre mellom desse representantgruppene enn på andre forklaringsvariablar. Óg i dei

Tabell 5.12: Politisk framtid

		16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene:	
		Del av kommunen	Del av kommunen
Sverige under 30.000	Halda fram i KS	2,10	3,75
	Høgare nivå lokalt	1,75	3,75
	Høgare nivå regionalt/nasjonalt	2,05	3,83
	Slutta som KSR	2,03	3,73
	Totalt	2,04	3,75
Sverige over 30.000	Halda fram i KS	2,15	3,69
	Høgare nivå lokalt	2,00	3,74
	Høgare nivå regionalt/nasjonalt	2,18	3,81
	Slutta som KSR	2,18	3,70
	Totalt	2,15	3,71
Noreg under 10.000	Halda fram i KS	1,95	3,89
	Høgare nivå lok.	1,65	3,94
	Høgare nivå regionalt/nasjonalt	1,52	4,00
	Slutta som KSR	1,84	3,79
	Totalt	1,85	3,85
Noreg over 10.000	Halda fram i KS	1,74	3,81
	Høgare nivå lokalt	1,52	3,75
	Høgare nivå regionalt/nasjonalt	1,61	3,75
	Slutta som KSR	1,86	3,79
	Totalt	1,76	3,79
		<i>ps = .127 pn = .127 p = .000</i>	<i>ps = .338 pn = .010 p = .000</i>

N16k = 2790, N16a = 2807

små norske kommunane er funna i stor grad som venta, sjølv om det her er representantane som ønskjer å halda fram som lokalpolitikarar som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Funna i begge dei norske kommunegruppene støttar likevel greitt opp om tanken om at representantane som ønskjer å nytta lokalpolitikken som springbrett (Kjellberg, 1965, Skare, 1996) til ei vidare karriere vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen.

Dei svenske kommunane skil seg frå dei norske ved at representantane som ønskjer å halda fram i eit høgare politisk verv på regionalt eller nasjonalt nivå i større eller like stor grad som representantar som ønskjer å gje seg som kommunestyreprerantar meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette strir mot tanken om at desse representantane vil vera meir opptekne av partiet og kommunen som heilskap for å utnytta den kunnskapen og erfaringa dei har (Elster, 2008) til å styra mot ein sikrere plass i partisystemet. Dei små kommunane har likevel eitt trekk felles med dei små norske i at representantane som ønskjer å halda fram i kommunestyret er dei representantane som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Kvifor desse kommunane skil seg ut på denne måten kan vera vanskeleg å forklara på ein god måte, men det kan tenkjast at dette har noko med sterk lokalpatriotisme i små kommunar å gjera og at større delar av dei lokale listene i desse kommunane er grendelister (Aars og Christensen, 2013) enn i små kommunar.

På den andre sida ser ein her at jamnt over er det representantane som ønskjer å halda fram som kommunestyreprerantar og representantar som ønskjer å gjer seg etter neste val er dei som i minst grad meiner det er viktig å representera kommunen som heilskap. Her skil dei store norske kommunane seg noko frå resten ved at det her er representantane som ønskjer å gje seg etter neste kommuneval som meiner det er viktigast å representera kommunen som heilskap. Skilnadane mellom dei ulike representantgruppene er likevel små på dette spørsmålet i alle kommunane. Det ser med andre ord ikkje ut til at politiske ambisjonar i nemneverdig grad påverkar haldninga til det å representera kommunen som heilskap.

5.3 Avrunding

Som ei oppsummering av kapittelet er det enklast å starta med det fyrste og seia at det er skilnad mellom haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen og andre representasjonsfokus hjå kommunestyrepolitikarane i Noreg og Sverige. Medan dei

fleste andre representasjonsfokusa vert sett på som viktige blant representantane ser ein for denne delen av fokuset at det er store variasjonar i kor viktig representantane meiner det er å representera einskilddelar av kommunen. Eg har og synt i kapittelet at samanhengane mellom dei uavhengige variablane og den avhengige variabelen likevel ikkje synest så rett fram som hypotesane i teorikapittelet kunne tyda på. Samanhengane mellom variablane ser ut til å vera langt mindre linære og forutseielege enn det eg hadde venta, noko som gjev grobotn til ny nysgjerrigheit rundt den moglege påverknaden dei ulike bakgrunnsvariablane faktisk har på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. Likevel syner det seg at nokre mønster går igjen, både i norske og svenske og små og store kommunar.

Frå det som er lagt fram i kapittelet ser ein at som venta er representantar som var oppført på lokale lister då dei vart valde inn i kommunestyret langt meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det representantar som *var* oppførte på slike partilister er. Samstundes er det tydeleg at representantar som aldri har hatt tillitsverv i partiet i større grad enn representantar med slik erfaring meiner det same. I tillegg syner det seg her nokre skilnadar mellom landa og at medlemmer i Senterpartiet/Centerpartiet i større grad enn andre meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen³².

Medan norske representantar med lang fartstid bak seg i kommunestyret meiner det er mindre viktig å representera einskilddelar av kommunen er dette mønsteret mindre tydeleg i dei svenske kommunane. Det same ser ein når det gjeld representantane sine ambisjonar og framtidsplanar. Medan dei norske kommunestyrerepresentantane som ønskjer å halda fram si politiske karriere på eit høgare nivå i partiet meiner det er lite viktig å representera einskilddelar av kommunen er dette mønsteret mindre tydeleg i dei svenske kommunane. Det same gjeld haldninga blant representantar med ulikt utdanningsnivå der skilnadane er langt tydelegare i dei svenske kommunane enn i dei norske. Óg variabelen *butid* ser ut til å ha ulik samanheng med haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen i dei to landa. Medan det er ei stigning i kor viktig dei norske representantane meiner det er å representera einskilddelar av kommunen di lengre dei har budd der finn ein ikkje dette like uttalt i dei svenske kommunane. Den siste variabelen der det er tydelege skilnadar mellom dei to landa er

³² I alle kommunar utanom dei små norske

medlemstid i parti, ein variabel eg i utgangspunktet meiner vil vera blant dei mindre viktige av dei politiske variablane for å forklara representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane. Her syner det seg at kor lenge ein representant har budd i kommunen har motsett effekt i Noreg og Sverige. Medan dei norske representantane, som venta, vert mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen di lengre dei har vore partimedlemmer har denne variabelen motsett samanheng med haldninga til å representera einskilddelar av kommunen blant dei svenske representantane.

Dei små norske kommunane skil seg på si side frå alle dei andre kommunane ved at det ikkje er eit tydeleg skilje mellom representantar frå Senterpartiet og representantar frå andre parti når det gjeld kor viktig dei meiner det er å representera einskilddelar av kommunen. Dette strir mot forventingane frå teorikapittelet då eg venta at senterpartimedlemskap ville vera ein viktig faktor for kva representantne meiner om det å representera ein bestemt geografisk del av kommunen i alle kommunar i begge land. Eg har alt i alt her eit solid bakteppe for den vidare diskusjonen av desse samanhengane som eg vil byggja vidare ut i neste kapittel og dra med meg inn i diskusjonskapittelet.

6 Multivariate analysar

I dette kapitlet vil eg gå gjennom analysane av dei multivariate regresjonsanalysane. Dei lineære regresjonsanalysane vert presentert fyrst, med ein tabell for dei norske kommunane og ein for dei svenske. Eg går etter kvar av tabellane gjennom funna som er gjorde og kommenterer desse kort opp mot hypotesane frå teorikapitlet. Funna frå desse analysane vil så verta samanlikna og kommenterte, særleg med fokus på skilnadar i påverknad og signifikans mellom dei norske og dei svenske kommunane. Bakgrunnen for valet av å presentera ein regresjonsanalyse frå kvart land er ønsket om å peika på moglege ulike effektar av dei uavhengige variablane på den avhengige. Regresjonsanalysen er bygd opp i fire blokker som er baserte på analysegruppene presenterte i teorikapitlet. I fyrste blokk ligg berre den kontekstuelle variabelen på mesonivået, *kommunestorleik*. I den andre blokk ligg dei to politiske variablane på mesonivået *valt på lokal liste* og *Senterpartiet/Centerpartiet*. Blokk tre inneheld dei fire sosiale variablane på mikronivået og endeleg er blokk fire bygd opp av dei fem variablane som seier noko om politiske erfaringar og ambisjonar. Skilnadane mellom landa kjem fram i samanlikninga mellom dei to analysane, men vert og presentert i ein oppsummerande analyse til slutt i kapitlet med alle andre uavhengige variablar som kontrollvariablar. Målet for analysen er som nemnt i innleiinga til oppgåva ikkje først og fremst å finna den *beste* forklaringsmodellen, men å sjå korleis *effekten av dei variablane som er inkluderte i analysen* påverkar utfallet på den avhengige variabelen. Ein låg R^2 vil difor ikkje verta rekna som eit grunnleggjande problem, men det vil verta kommentert på.

Frå dei lineære regresjonsanalysane nyttar eg den ustandardiserte B-koeffisienten i diskusjonen. I tillegg til regresjonskoeffisientane fokuserer eg på *p-verdiane* i analysane, både for kvar enkelt av variablane og for modellane som heilskap. Verdiane fortel som nemnt i metodekapitlet kor vidt ein modell forklarar utfalla på den avhengige variabelen betre enn den førre modellen. For å kunna seia noko om forklaringskrafta til modellane nyttar eg den justerte R^2 . Som synt i metodekapitlet er ikkje målet med regresjonsmodellane å få ein høgast mogleg R^2 , men å finna ut kor mykje kvar av blokkene i regresjonsanalysen forklarar. Bakgrunnen for desse vala er diskuterte i metodekapitlet.

Alle metriske variablar vert nytta som dei er i analysane. Det same gjeld ordinalvariabelen *utdanningsnivå*. Dei andre variablane er dummyar. Anten naturlege dikotomiar (kjønn og partiliste) eller dei har vorte omkoda. Dette gjeld variablane *politisk framtid (høgare nivå)*, *politisk framtid (gje seg)* og *tillitsvervserfaring*. Den avhengige variabelen *spørsmål 16k*³³ er nytta som den opprinnelege ordinalvariabelen i den regresjonsanalysen med verdiane 0-4. I tillegg til dei lineære regresjonsanalysane har eg gjennomført logistiske regresjonsanalyse som kontroll for effektane av variablane. Resultata frå desse analysane er presentert i vedlegg 1 og vert her samanlikna kort med enkeltresultat frå den lineære regresjonsanalysen.

6.1 Noreg

Frå tabell 6.1 ser ein at alle dei tre modellane har signifikant forklaringskraft. Det vil seia at dei alle bidreg til å forklara dei variasjonane ein finn i den avhengige variabelen. Med ein justert R^2 på 0,039 forklarar ikkje modellane all verda. Verdien på R^2 aukar mest i overgangane mellom blokk 1 og blokk 2, der dei politiske variablane på mesonivået vert innførte og mellom blokk 2 og blokk 3 der dei sosiale variablane på mikronivået vert inkluderte. Med dette som utgangspunkt ser ein allereie her at forventinga frå teorikapittelet som var grunngjeve i Eulau mfl. (1959) sine funn av at det er dei politiske variablane som i størst grad forklarar representasjonsfokuset hjå politiske representantar ikkje nødvendigvis stemmer i dei norske kommunane.

I blokk 1 er berre ein av variablane på mesonivået inkluderte; *kommunestorleik*. Kommunestorleiksvariabelen har, som venta, negativt forteikn. Med ein høg p-verdi i modellen er variabelen ikkje signifikant som sjølvstendig forklaringsvariabel. Kommunestorleiksvariabelen er heller ikkje signifikant i dei andre modellane.

Den fyrste politiske variabel som vert innført i blokk 2, *Senterpartiet*, har som venta positivt forteikn, men variabelen er ikkje signifikant i dei norske kommunane med høge p-verdiar.

Den andre politiske variabelen, *valt på lokal liste*, har ein tydeleg effekt i alle dei tre modellane. I modell 2 saman med *kommunestorleik* og *Senterpartiet* har denne variabelen ein B-koeffisient på 0,463. Representantar som er oppført på ei lokal liste

³³ Spørsmål 16: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera interessene til dei følgjande gruppene. 16k: Eit bestemt geografisk område av kommunen

Tabell 6.1 Multivariate regresjonsanalysar, norske kommunar

	Modell 1			Modell 2			Modell 3			Modell 4		
	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign
Kommunestorleik	-1,244E-7	0,000	0,776	5,431E-8	0,000	0,901	1,336E-7	0,000	0,759	3,301E-7	0,000	0,452
Senterparti				0,150	0,094	0,109	0,115	0,093	0,218	0,083	0,094	0,377
Lokal liste				0,463	0,087	0,000	0,415	0,088	0,000	0,340	0,089	0,000
Kjønn							0,159	0,063	0,012	0,123	0,064	0,055
Utdanningsnivå							-0,168	0,054	0,002	-0,157	0,054	0,004
Butid							0,005	0,002	0,005	0,007	0,002	0,001
Tillitsvervs-erfaring										-0,055	0,040	0,174
Medlemstid i partiet										-0,002	0,003	0,366
Ansiennitet KS										-0,012	0,005	0,019
Politisk framtid (høgare nivå)										-0,186	0,088	0,035
Politisk framtid (gje seg)										0,031	0,067	0,646
(Constant)	1,803	0,033	0,000	1,716	0,037	0,000	1,754	0,194	0,000	1,997	0,222	0,000
Modell	Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F	
	0,000	0,776		0,016	0,000		0,030	0,000		0,039	0,001	

Avhengig variabel: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera dei interessene til dei følgjande gruppene? - Ein bestemt geografisk del av kommunen.

N=1606

heller enn ei liste frå eit landsdekkande parti vil med andre ord ha ein langt høgare gjennomsnittsverdi på spørsmålet om i kor stor grad dei meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen enn andre. Effekten av kor vidt ein er oppført på ei lokal liste minkar noko ved innføringa av dei sosiale variablane i modell 3 og dei politiske erfaringsvariablane i modell 4. Med ein B-koeffisient på 0,340 og ein p-verdi på 0,000 er samanhengen mellom variablane likevel tydeleg i den største modellen. Ein slik koeffisient syner at om ein har ei einings auke i den uavhengige variabelen det vil seia at ein representant har svart at han er innvalt på ei lokal liste heller enn ei partiliste vil verdien på den avhengige variabelen for denne representanten auka med 0,340. For ein avhengig variabel som er koda med fem verdier som min er dette ei tydeleg auke. Effekten av det å vera oppført på ei lokal liste er for dei norske representantane heilt etter hypotesane i teorikapittelet der det vart antyda at desse representantane vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar som var innvalde på partilister. Dette støttar og opp om det Aars og Ringkjøb (2005) og Aars og Christensen (2013) seier om at lokale lister i Noreg gjerne er grende- eller bygdelister som i utgangspunktet har fokus på ein bestemt del av kommunen.

Den fyrste variabelen som vert innført i modell 3 er kjønn. Forventinga om at kvinner vil vera mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det menn er ser ikkje ut til å stemma då B-koeffisienten her har positivt forteikn. Dette går og på tvers av dei deskriptive analysane presentert i empirikapittelet. Verdien på 0,159 syner at variabelen har relativt høg påverknadskraft. Når dei politiske variablane vert introduserte i blokk 4 mistar variabelen *kjønn* noko av forklaringskrafta si og får ein ustandardisert B-verdi på 0,123. P-verdien aukar og noko i denne modellen, men ikkje meir enn at påverknaden framleis er signifikant på eit 0,1-nivå. Det syner seg altså stikk i strid med hypotesane baserte på Esaiasson og Holmberg (1996) og Christensen og Lægreid (2009) at om ein representant er kvinne vil verdien på den avhengige variabelen auka samanlikna med om representanten er mann. Kvifor samanhengen her skil seg frå utfalla i den deskriptive analysen kan vanskeleg forklarast, men moglegvis har det si forklaring i at saman med andre forklaringsvariablar endrar effekten av kjønn seg.

Variabelen *høgste fullførte utdanningsnivå* har ein negativ B-koeffisient som syner at representantane med høgare utdanning vil vera *mindre* opptekne av å representera

einskilddelar av kommunen enn representantane med lågare utdanning. Med ein B-koeffisient på $-0,168$ og p-verdi på $0,002$ ser ein som antyda i teorikapittelet at utdanningsnivå påverkar haldninga til å representera einskilddelar av kommunen. I modell 4 minkar storleiken på B-koeffisienten til $-0,157$, men effekten er likevel framleis tydeleg. P-verdien aukar til $0,004$ og effekten av utdanning på haldning til representasjon av einskilddelar av kommunen er såleis signifikant. Det ser heller ikkje ut til at dei politiske erfaringane og ambisjonane til representantane påverkar denne effekten i stor grad. Når eg omset dette til å sjå konkret på korleis utdanningsnivået til ein representant påverkar haldninga til å representera einskilddelar av kommunen vil verdien på den avhengige variabelen minka med $0,157$ for kvart steg ein bevegar seg oppover på utdanningsstigen. Dette strir igjen med hypotesen frå teorikapittelet der eg antydar at representantane som har høgst utdanningsnivå vil vera dei som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette var grunngjeve i det Skare (1996) seier om at auka utdanningsnivå vil gje auka politisk kompetanse og med det auka sjølvstende i politiske avgjerder. Kanskje er det ikkje tanken om den auka kompetansen og det auka politiske sjølvstendet som er feil, men tanken om kva dette fører til når det gjeld representantane sine haldningar til å representera einskilddelar av kommunen.

Variabelen *butid i kommunen* er den einaste som har ein auke i verdien på B-koeffisienten frå modell 2 til modell 3. Med ein verdi på $0,005$ i modell 3 ser ein at hypotesen frå teorikapittelet om at di lengre ein representant har budd i kommunen di meir oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen får støtte i dei norske kommunane. Effekten av variabelen er og signifikant på eit $0,005$ -nivå. I modell 3 aukar effekten av butid noko og B-koeffisienten har her ein verdi på $0,007$ medan p-verdien minkar og er no $0,001$. Det syner seg altså at for kvart nytt år ein representant har budd i kommunen aukar verdien på den avhengige variabelen med $0,007$. Det skal difor ikkje mange ekstra år med butid i kommunen til før dette vil vera med å påverka haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen tydelegare. Dette stemmer godt med hypotesen frå teorikapittelet der eg med utgangspunkt i Eulau mfl. (1959) og Læg Reid og Olsen (1978) seier at det er truleg at representantar som har budd lenge i ein kommune vil ha sterke band til einskilddelar av kommunen og med det føla at det er viktig for dei å representera denne delen av kommunen i deira virke som kommunestyreprerantar.

I modell 4 vert dei politiske erfaringsvariablane på mikronivået introduserte i analysen. Den fyrste av desse, *tillitsvervserfaring*, har ein B-koeffisient på -0,055. At denne variabelen har eit negativt forteikn stemmer godt med min hypotese om at representantar som aldri har hatt tillitsverv i partiet vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Med ein p-verdi på 0,174 er effekten av denne variabelen på den avhengige ikkje signifikant og har truleg inga reell forklaringskraft for utfallet

Den neste variabelen, *medlemstid i partiet*, har tilsynelatande ein svak negativ effekt. Dette stemmer greitt med hypotesen frå teorikapittelet om at di lengre ein representant har vore medlem i eit parti di mindre vekt vil han leggja på å representera einskilddelar av kommunen. Men samanhengen mellom denne variabelen og den avhengige er ikkje signifikant.

Ansiennitetsvariabelen *kor mange år har du vore kommunestyremedlem i alt* har ein B-koeffisient på -0,012. Denne negative effekten tyder på at hypotesen frå teorikapittelet om at di lengre ein representant har site i kommunestyret di mindre oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av kommunen som er basert på Lægreid og Olsen (1978) og Christensen og Lægreid (2009) stemmer godt. Ansiennitetsvariabelen har noko sterkare påverknad på haldninga til det å skulla representera einskilddelar av kommunen enn dei variablane *butid* har. Ein ser at for kvart år lenger ein representant har site i kommunestyret vil verdien på den avhengige variabelen minka noko, om ikkje dramatisk. Endringa pr år er likevel så stor at det truleg vil vera merkbare skilnadar i haldningane mellom ein representant som har sitt fyrste år i kommunestyret og ein som har lang fartstid bak seg.

Dei to siste variablane i modellen handlar begge om politisk framtid. Variabelen *høgare nivå* inkluderer alle representantar som ønskjer å halda fram si politiske karriere på eit høgare politisk nivå, både lokalt og regionalt eller nasjonalt. Som venta har denne variabelen ein negativ B-koeffisient i regresjonsanalysen. Effekten er relativt tydeleg med ein B-verdi på -0,186 noko som fortel at representantar som ønskjer seg opp på eit høgare politisk nivå er mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn andre representantar. Påverknaden denne variabelen har på den avhengige er signifikant på eit 0,05-nivå. Ambisjonane til politikarane om å halda fram på eit høgare politisk nivå har tydeleg innverknad på haldning til det å representera einskilddelar av

kommunen. Verdien på den avhengige variabelen vil minka med 0,186 om ein representant endrar seg frå å ikkje ønskja å halda fram på eit høgare politisk nivå til å ha slike ambisjonar. Funnet stemmer greitt over eins med det Elster (2008) seier om rasjonelle aktørar som vil handla til beste etter dei måla og den kunnskapen dei har, og det Skare (1996) seier om representantar sitt ønskje om å klatra i karrierestigen at dei av den grunn vil føla seg tettare knytte til partiet sine overordna mål.

Den siste variabelen, *gje seg*, har ein positiv B-koeffisient noko som stemmer godt over eins med det som er sagt i teorikapittelet om at representantar som ønskjer å ikkje påta seg politiske verv etter inneverande valperiode vil vera meier opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn andre representantar. Effekten er ikkje signifikant med ein p-verdi på 0,646.

Ein ser av den lineære regresjonsanalysen at for dei norske kommunane stemmer vurderinga av retning i stor grad. Sjølv om enkelte av variablane ikkje har signifikant påverknad syner dei variablane som *har* signifikant effekt at det er ein samanheng mellom desse variablane og haldninga til å representera einskilddelar av kommunen. Frå F-testen for dei ulike modellane ser ein at alle modellane utanom modell 1, som berre inneheld variabelen *kommunestorleik*, er signifikant betre enn den føregåande modellen.

Medan modell 2 og 3 har p-verdiar for F-testen på 0,000 er verdien for modell 4 0,002. Dei tre siste modellane er med andre ord betre enn den førre når det gjeld å forklara samhengane mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen. Om ein i tillegg ser på justert R^2 for modellane for å få innblikk i kor stor del av endringa i den avhengige variabelen dei ulike blokkene forklarar ser ein at det er ei tydeleg endring frå blokk 1 til blokk 2 der ein går frå inga forklaringskraft i det heile til at modellen forklarar noko av endringa. Nesten like stor endring er det i den justerte R^2 mellom blokk 2 og blokk 3. Det ser med andre ord ut til at både dei politiske variablane på mesonivået og dei sosiale variablane på mikronivået er med på å forklara endringane i haldning til å representera einskilddelar av kommunen i langt større grad enn det dei politiske variablane på mikronivået gjer for dei norske kommunestyrerepresentantane. Dette bryt med forventinga eg presenterer avslutningsvis i teorikapittelet der eg meiner dei politiske variablane på mikronivået vil vera dei som er viktigast for å forklara endringar i

kommunestyrerepresentantane sitt fokus på å representera einiskildelar av kommunen.

Frå gjennomgangen ser ein at variablane *butid*, *lokal liste* og *kommunestyreansiennitet* har tydeleg påverknad på haldninga til å representera einiskildelar av kommunen blant dei variablane som er inkluderte. Dette stemmer stort sett greitt over eins med presentasjonen av den deskriptive statistikken i empirikapittelet. Seks av dei tolv uavhengige variablane er signifikante forklaringsvariablar og bidreg til den vesle forklaringskrafta som er. Andre forklaringsfaktorar som ikkje er inkluderte i denne analysen kan med andre ord vera viktige for å forstå endringane i haldning til å representera einiskildelar av kommunen. Likevel fortel analysen at av dei variablane som er inkluderte i regresjonen har om lag halvparten av dei signifikant påverknad på utfallet på den uavhengige variabelen.

6.2 Sverige

Dei lineære regresjonsanalysane for dei svenske kommunane (tabell 1.2) ser noko annleis ut enn dei norske. Medan tre av fire modellar i analysen av dei norske kommunane var signifikant betre enn dei føregåande modellane er det i analysen av dei svenske kommunane berre modell 2 og modell 3, der dei politiske variablane på mesonivået og dei sosiale faktorane på mikronivået vert introduserte som er signifikant betre enn dei andre.

Variabelen kommunestorleik som vert innført som einaset variabel i modell 1 var venta å ha negativt forteikn. Dette stemmer, men p-verdien for variabelen er på høge 0,781. Med ein p-verdi som dette er ikkje effekten på den avhengige variabelen signifikant og det er naturleg å tru at det er tilfeldigheter som spelar inn for korleis samanhengen ser ut. Heller ikkje i dei påfølgjande modellane har variabelen signifikant effekt.

Den fyrste variabelen i modell 2, *valt på lokal liste*, har ein positiv B-koeffisient noko som stemmer over eins med tanken om at representantar som er innvalde utan å stå på partilister vil vera mest opptekne av å representera einiskildelar av kommunen. Likevel ser ein av p-verdien at variabelen ikkje har signifikant påverknad på utfallet av den avhengige variabelen.

Den andre variabelen som vert innført i modell 2, *Centerpartiet*, har, som venta positiv effekt på den avhengige variabelen. Med ein B-koeffisient på 0,378 i modell 2 som

Tabell 6.2 Multivariate regresjonsanalyser svenske kommuner

	Modell 1			Modell 2			Modell 3			Modell 4		
	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign	B	Std.feil	Sign
Kommunestorleik	-1,21E-07	0,000	0,781	2,00E-08	0	0,974	5,30E-08	0	0,903	3,35E-08	0	0,939
Senterparti				0,378	0,110	0,001	0,350	0,111	0,002	0,337	0,111	0,003
Lokal liste				0,066	0,209	0,753	0,040	0,210	0,850	0,044	0,210	0,833
Kjønn (m=1, k=2)							0,084	0,075	0,262	0,084	0,075	0,267
Utdanningsnivå							-0,790	0,056	0,161	-0,076	0,056	0,175
Butid							0,005	0,002	0,045	0,005	0,003	0,039
Tillitsvervs- erfaring												
Medlemstid i partiet										-0,076	0,061	0,212
Ansennitet KS										0,004	0,003	0,225
Politisk framtid (høgare nivå)										-0,009	0,005	0,084
Politisk framtid (gje seg)										-0,069	0,106	0,518
(Constant)	2,086	0,043	0,000	2,028	0,047	0,000	1,936	0,206	0,000	-0,025	0,082	0,758
Modell	Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F		Justert R ²	Sig F	
	0,000	0,781		0,009	0,003		0,014	0,033		0,015	0,349	

Avhengig variabel: Kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera dei interessene til dei følgjande gruppene? - Ein bestemt geografisk del av kommunen.

N=997

minkar til høvesvis 0,350 og 0,337 i modell 3 og 4 er effekten denne variabelen har på haldning til å representera einskilddelar av kommunen tydeleg. Den vesle nedgangen i B-koeffisienten over dei tre modellane tyder og på at dei sosiale faktorane og dei politiske erfaringane til representantane i liten grad påverkar korleis dei forhold seg til å skulla representera ein einskild del av kommunen. Med p-verdiar under 0,05 i alle dei tre modellane er påverknaden variabelen har på den avhengige óg signifikant. Dette støttar opp om hypotesen *H3* frå teorikapittelet om at Centerparti-medlemmer vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen, kanskje av di dei i større grad enn andre kan reknast som lokalistar (Page, 1991, Christensen, 2005). Om ein representant endrar partitilhøyrse frå eit anna parti til Centerpartiet vil verdien på spørsmålet om haldning til det å representera einskilddelar av kommunen auka med 0,337, noko som er ein relativt stor auke i den avhengige variabelen.

Kjønn som er den fyrste variabelen som vert innført i modell 2 har i motsetnad til venta ein positiv B-koeffisient i regresjonsanalysen. Med ein B-koeffisient på 0,079 påverkar denne variabelen den avhengige i nokon grad. Han er ikkje signifikant med p-verdi 0,298. Heller ikkje i modell 3 og modell 4 har denne variabelen signifikant påverknad på den avhengige.

Variabelen *utdanningsnivå* har ein tilsynelatande negativ påverknad på haldning til det å representera einskilddelar av kommunen. I modell 3 har variabelen ein ustandardisert koeffisient på -0,077. B-koeffisienten i modell 4 aukar til -0,079 i modell 4, men påverknaden er ikkje signifikant i nokon av modellane med ein p-verdiar på 0,246 og 0,160. Ein kan difor gå ut frå at dette er eit utslag av tilfeldigheter.

Den siste variabelen i modell 3 *butid* har som venta positiv påverknad på den avhengige variabelen. B-koeffisienten på 0,005 syner tendensen til ein positiv samanheng, og butidsvariabelen er signifikant på 0,05-nivå. I modell 4. B-koeffisienten held seg positiv og endrar ikkje storleik. Med kvart år butida til ein representant aukar i kommunen vil verdien på spørsmålet om kor viktig representanten meiner det er å representera eit bestemt geografisk område i kommunen med 0,005. Dette stemmer som i dei norske kommunane godt med det Eulau mfl. (1959) seier om at det lokale geografiske representasjonsfokuset hos ein representant vil auka med butid i eit område. På samme måte stemmer det over eins med det Lægreid og Olsen (1978) seier om at ein vert sosialisert inn i det miljøet der ein bur og over tid vil meina dette er viktigare og

viktigare. Denne variabelen er viktig som forklaringsfaktor for haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen av di han er den einaste av dei sosiale variablane på mikronivået som er signifikant i dei svenske kommunane.

I modell 4 vert dei politiske erfaringsvariablane innførte og den fyrste av desse *tillitsvervserfaring* syner som venta ein negativ B-koeffisient. Dette stemmer både med hypotesen frå teorikapittelet og delvis med funna presenterte i empirikapittelet. Likevel er effekten av denne variabelen ikkje signifikant med ein p-verdi på 0,212.

Den andre politiske variabelen *medlemstid i partiorganisasjon* har i motsetnad til det som var venta ein positiv B-koeffisient. Dette stemmer likevel med funna i empirikapittelet. Effekten av denne variabelen er heller ikkje signifikant og den tilsynelatande effekten kan komma av tilfeldigheter.

Heilt i tråd med forventingane for variabelen syner det seg at *ansiennitetsvariabelen* har negativ påverknad på den avhengige variabelen. Dette er som venta og stemmer greitt med funna i dei deskriptive analysane. Effekten av år i kommunestyret syner seg og å vera ein relativt sterk påverknad på utfallet på den avhengige variabelen med ein B-koeffisient på -0,009. P-verdien for variabelen er 0,084 og effekten han har på haldning til det å representera einskilddelar av kommunen er såleis signifikant. Dette er den einaste av variablane som tek føre seg politiske erfaringar og ambisjonar som signifikant påverkar haldninga til det å skulla representera einskilddelar av kommunen. Sjølv om effekten av variabelen på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen ikkje er veldig stor støttar dette opp om det Lægroid og Olsen (1978) og Christensen og Lægroid (2009) seier om at representantar vert sosialiserte inn i ein rolle. Og at di lengre dei har denne rolla di meir opptekne vil dei verta av å fylla henne etter forevntingane. Dette er den einaste av variablane som tek føre seg politiske erfaringar og ambisjonar som har signifikant påverknad på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen blant svenske kommunestyrepraesentantar.

Variablane som tek føre seg kva *politisk framtid* representantane tek føre seg er dei to siste variablane i analysen. Variabelen *høgare nivå* syner har venta ein negativ B-koeffisient, men heller ikkje denne variabelen har signifikant påverknad på den avhengige med ein p-verdi på 0,984.

Variabelen *gje seg* har, i motsetnad til det som er venta óg negativ B-koeffisient. Verdien på -0,035 syner tilsynelatande negativ påverknad, men denne effekten er med ein p-verdi på 0,676 ikkje signifikant.

Frå den lineære regresjonsanalysen for Sverige som heilskap ser ein at forventinga om retning på samanhengane mellom variablar stemmer i ganske stor grad. Det er likevel få av variablane som har effektar som er statistisk signifikante, berre fire av tolv i modell 4. Dette påverkar og kor gode modellane er som forklaringar på endringane i den avhengige variabelen. Av dei fire modellane er det berre modell 2 og 3 som er ei signifikant forbetring frå dei førre modellane. P-verdiane for F-testen er i desse modellane på høvesvis 0,003 og 0,011 medan han for modell 1 og modell 4 er høvesvis 0,770 og 0,260. Kvar av modellane har óg begrensa forklaringskraft. Modell 1 har ein justert R^2 på -0,001 noko som fortel at denne modellen ikkje forklarar noko av variasjonen i den avhengige variabelen. R^2 aukar noko til modell 2 og denne modellen forklarar om lag 0,9% av endringane. I modell 3 aukar verdien att til 0,015 og verdien endrar seg ikkje i modell 4. Modell 3 og 4 forklarar med andre ord berre 1,5% av endringa i den avhengige variabelen, noko som er langt mindre enn dei same modellane forklarar for dei norske kommunane.

Frå gjennomgangen av regresjonsanalysen ser ein at det er dei politiske variablane på mesonivået og dei sosiale variablane på mikronivået som i størst grad tilfører forklaringskraft i modellane. Dei politiske variablane på mikronivået tilfører lite forklaring av endringar i den haldningane representantane har til å representera einskilddelar av kommunen.

Til saman har tre av dei elleve uavhengige variablane signifikant påverknad på den avhengige variabelen. Sjølv om dei utvalde variablane til ein viss grad forklarar endringane i den avhengige variabelen er det nærliggjande å tru at andre forklaringsvariablar som er utelatne frå analysen (eller ikkje tilgjengelege) i større grad forklarar haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen blant kommunestyrerepresentantar i Sverige.

6.3 Samanlikninga Noreg - Sverige

Frå desse multivariate analysane ser ein to hovudtrekk: Det er dei politiske variablane på mesonivået og dei sosiale variablane på mikronivået som i størst grad tilfører

forklaringskraft i regresjonsmodellen, både i Noreg og Sverige. Og det er skilnad mellom landa når det gjeld talet på signifikante variablar. Medan halvparten (seks av elleve) av variablane er signifikante i Noreg er berre tre av elleve variablar signifikante i Sverige. Berre *kommunestyreansiennitet* og *politisk framtid (høgare nivå)* er signifikante forklaringsvariablar i både Noreg og Sverige. I tabell 1.4 er signifikante samanhengar i modell 4 for dei to landa markerte med + medan ikkje-signifikante funn er markerte med -. Alle funn som er signifikante på eit 0.1-nivå eller lågare er markerte i tabellen.

Tabell 6.3 Oppsummeringstabell, signifikante funn i Noreg og Sverige, samanhengar signifikante på 0,1-nivå eller lågare markerte med +

Variabel	N	S
	OLS	OLS
Kommunestorleik	-	-
Senterparti	-	+
Lokal liste	+	-
Kjønn	+	-
Utdanningsnivå	+	-
Butid	+	+
Tillitsverv	-	-
Medlemstid	-	-
Ansiennitet	+	+
Høgare nivå	+	-
Gje seg	-	-
Totalt	6	3
R²	0,038	0.020

Medan kommunestorleik ikkje er signifikant i nokon av analysane er variabelen som tek føre seg om representantane er medlemmer i høvesvis *Centerpartiet* eller *Senterpartiet* signifikant i Sverige, men ikkje i Noreg. I dei svenske kommunane stemmer hypotesen om at medlemmer av Centerpartiet vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn representantar frå andre parti godt med desse funna. Dei stemmer og med funna i dei deskriptive analysane i kapittel 5. I dei svenske kommunane er dette den uavhengige variabelen som i aller størst grad påverkar utfallet på den avhengige.

På same måte slår *kor vidt representanten var oppført på ei partiliste* då han vart valt inn ulikt ut i dei to landa. Medan denne variabelen følgjer hypotesen om at representantar som ikkje var oppførte på partiliste vil vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen for dei norske representantane gjennom heile analysen, ser

ein at han ikkje er signifikant i dei svenske kommunane. Variabelen er den som for dei norske kommunane i størst grad forklarar utfallet av den uavhengige variabelen.

Medan alle dei tre sosiale variablane på mikronivået er signifikante på 0,1-nivået i den norske regresjonsanalysen er berre *butid* signifikant i analysen av dei svenske kommunane. På kjønnsvariabelen har B-koeffisienten same forteikn i begge landa noko overraskande og stikk i strid med hypotesane frå teorikapittelet er det kvinner som er mest opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Medan kjønn er ein signifikant forklaringsvariabel i dei norske kommunane er han ikkje det i dei svenske, det at B-koeffisienten her er positiv kan vera reine tilfeldigheter. I dei norske kommunane har kjønn rett nok signifikant påverknad, men denne effekten er relativt liten samanlikna med påverknaden frå dei andre signifikante uavhengige variablane.

Utdanningsnivå og *butid* har begge samme forteikn i dei svenske som i dei norske kommunane, men koeffisienten er noko større i Noreg og berre *butid* er signifikant i både den norske og i den svenske regresjonsanalysen. Effekten av denne variabelen er noko større i Noreg enn i Sverige, men i begge landa har han tydeleg positiv effekt på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. *Utdanningsnivå* er på den andre sida signifikant i Noreg, men ikkje i Sverige. Medan den negative effekten utdanningsnivået har på haldning til det å representera einskilddelar av kommunen er tydeleg i Noreg er han ikkje signifikant i Sverige.

Dei politiske variablane ser i større grad enn dei sosiale ut til å ha den same påverknaden i dei norske kommunane som i dei svenske. Men berre ein av desse variablane er signifikante i modell 4 i dei svenske kommunane mot to signifikante variablar i dei norske kommunane. Medan variablane *tillitsverv*, *medlemstid i partiet* og *politisk framtid (gje seg)* er ikkje-signifikante i både Noreg og Sverige er variabelen *politisk framtid (høgare nivå)* signifikant i Noreg og *kommunestyreansiennitet* signifikant i begge landa.

Variabelen *politisk framtid (høgare nivå)* har i dei norske kommunane effekt som venta og representantane som ønskjer å halda fram si politiske karriere på eit høgare politisk nivå, anten lokalt eller regionalt/nasjonalt meiner det er mindre viktig å representera einskilddelar av kommunen enn representantar utan slike ambisjonar.

Kommunestyreansiennitet har som venta negativt forteikn i både dei svenske og norske kommunane. Dette stemmer godt med både funna i empirikapittelet og med hypotesen *H10* presenterte i teorikapittelet. Påverknaden dei to variablane har er om lag like stor i dei to landa, men medan han er av dei variablane som forklarar størst del av variasjonen i dei svenske kommunane er han blant variablane som i minst grad forklarar endringa i dei norske. Relativt sett er altså *kommunestyreansiennitet* ein viktigare forklaringsfaktor i svenske kommunar enn i dei norske.

Når det gjeld forklaringskrafta til dei ulike modellane i Noreg og Sverige kjem det fram at jamnt over forklarar dei oppsette modellane meir i dei norske kommunane enn i dei svenske. Medan modell 4 har ein R^2 på 0,038 for dei norske kommunane er han på berre 0,020 i dei svenske. Dei oppsette modellane forklarar med andre ord om lag dobbelt så mykje av variasjonen i dei norske kommunane som i dei svenske. Skilnaden er størst ved innføring av dei sosiale variablane i modellen, der R^2 aukar med 0,006 i dei svenske kommunane og med 0,014 i dei norske. Dette tyder for det fyrste på at det er dei sosiale variablane som er dei viktigaste for å forklara haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen blant lokalpolitikarar i begge landa. Og for det andre at dei sosiale faktorane forklarar meir blant norske enn blant svenske lokalpolitikarar.

6.4 Effekten av land

Sjølv om fleire av dei uavhengige variablane er med på å forklara skilnadar mellom haldninga til det å representera einskilddelar blant kommunestyrerepresentantar i dei to landa er den mest interessante forklaringsvariabelen i heile datasettet sjølve landvariabelen. Kontrollert for alle andre uavhengige variablar ser ein at *kva land representanten kjem frå* har relativt stor effekt på haldninga til det å representera ein bestemt geografisk del av kommunen. I motsetnad til det som vart presentert som forventingar i teorikapittelet, men til liks med funna i empirikapittelet syner det seg at svenske kommunestyrerepresentantar er meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det deira norske kollegaer er. Frå tabell 1.4 ser ein at når ein undersøker effekten av *land* kontrollert for alle dei uavhengige variablane får ein ein B-koeffisient som langt overstig verdien av dei andre forklaringsvariablane i dei førre regresjonsanalysane. Verdien på -0,322 syner at om ein kommunestyrerepresentant er svensk heller enn norsk vil verdien på den avhengige variabelen; *kor viktig representanten meiner det er å representera einskilddelar av kommunen* auka med 0,322.

Tabell 6.4 Effekten av land

	B	Std.feil	Sign
Land	-0,329	0,051	0,000
Kommunestorleik	1,817E-7	0,000	0,559
Senterparti	0,206	0,071	0,005
Lokal liste	0,325	0,081	0,000
Kjønn (m=1, k=2)	0,118	0,049	0,015
Utdanningsnivå	-0,122	0,039	0,002
Butid	0,007	0,002	0,000
Tillitsvervs- erfaring	-0,067	0,033	0,046
Medlemstid i partiet	-8,444E-6	0,002	0,997
Ansiennitet KS	-0,010	0,004	0,005
Politisk framtid (høgare nivå)	-0,141	0,068	0,037
Politisk framtid (gje seg)	-0,001	0,051	0,987
Modell	R ²	Sig. F	
	0,042	0,000	

Avhengig variabel: kor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representera dei følgjande gruppene – Ein bestemt geografisk del av kommunen (16k) N= 2603

Ein ser med andre ord at om ein samanliknar haldning til å representera einskilddelar av kommunen i Noreg og Sverige er *kva land representantane kjem frå* med på å avgjera korleis dei ser på det å representera einskilddelar av kommunen. Hypotesen om at norske kommunestyrerepresentantar ville vera mest opptekne av dette var mellom anna bygde opp rundt det Narud og Valen (2007) og Esaiasson og Holmberg (1996) skriv om representasjonsfokus hos norske og svenske representantar i nasjonalforsamlingane. Desse synte at svenske representantar i Riksdagen er mindre opptekne av å representera distriktet dei kjem frå enn norske stortingsrepresentantar. Når det no syner seg at dette ikkje går att i lokalpolitikken stikk i strid med hypotesen *H1* i teorikapittelet vil dette truleg ha fleire årsaker noko som vert diskutert vidare i avslutningskapittelet.

6.5 Avrunding

Dette kapittelet har gjeve ein oversikt over dei multivariate regresjonsanalysane som er gjorde for å syna samanhengane mellom dei uavhengige variablane og den avhengige variabelen *fokus på å representera einskilddelar av kommunen*. Ved å syna til hypotesane i teorikapittelet og dei skilnadane ein finn mellom svenske og norske representantar er

grunnen lagt for ein vidare diskusjon av kva som kan vera grunnen til dei funna som er og ikkje minst; *kvifor desse skilnadane mellom landa*. I det store og det heile stemmer funna i dette kapitlet med hypotesane frå teorikapitlet, med enkelte unntak. Det er og verdt å merka seg at medan dei fleste variablane har signifikant påverknad i dei norske kommunane er talet signifikante variablar i dei svenske tydeleg lågare. Dette ser ein mellom anna av ulikskap i forklaringskraft analysane har for dei to landa. Det er lett å med dette tru at det er andre ting enn dei uavhengige variablane som er inkluderte i denne analysen vil forklara haldning til representasjon av einskilddelar av kommunen endå betre, men dette er ikkje hovudfokuset for den vidare diskusjonen av analyseresultata.

7 Diskusjon av analyseresultat: Svara på dei store spørsmåla.

Både i dei deskriptive analysane i kapittel 5 og i dei multivariate analysane i kapittel 6 finn eg at fleire av antakingane mine om samanhengar mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen stemmer. I dette kapitlet vil eg fyrst prøva å svara på forskingsspørsmåla eg stilte innleiingsvis og gjennom heile oppgåva før eg oppsummerer og gjev eit samlande svar på problemstillinga:

Korleis skil det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige seg frå andre representasjonsfokus? Korleis påverkar bakgrunnen til kommunestyrerepresentantar representasjonsfokuset deira? Og i kva grad er det skilnad i haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar?

Dette gjer eg ved å dra linjene både tilbake til innleiing og teoridel og framover mot moglege forklaringar og vidare forskning. Ved å ta tak i dei mindre forskingsspørsmåla presenterte i innleiinga prøver eg å syna korleis mine analysar svarar på desse og korleis dette stemmer over eins med teoriane eg har valt å nytta. Fokuset i diskusjonen ligg på dei signifikante resultatata frå analysane og eg drøftar desse nærare opp mot teorien som vart lagt fram i teorikapitlet og forventingane eg la fram i det same kapitlet. Avsluttingsvis kjem eit frampeik mot mogleg vidare forskning på emnet *representasjonsfokus blant kommunestyrerepresentantar*.

7.1 Korleis var det med dette geografiske representasjonsfokuset?

I byrjinga av denne oppgåva vart det stilt fleire store forskingsspørsmål som krev gode svar. Det fyrste og største av desse er *korleis skil det geografiske representasjonsfokuset til lokalpolitikarar i Noreg og Sverige seg frå dei andre representasjonsfokusa til representantane?* Som eg syner i dei univariate og bivariate analysane i kapittel 5 varierer synet på det å representera einskilddelar av kommunen blant norske og svenske lokalpolitikarar i noko større grad enn dei andre representasjonsfokusa som er med i spørjeskjemaet til MAELG-undersøkinga. Dei andre representasjonsfokusa som er inkluderte, med unntak av fokus på religiøse grupper/kyrkja, har tyngdepunktet langt til høgre på skalaen. Tydelegast er nok dette for spørsmålet om kor viktig representane

meiner det er å representera *heile kommunen*. Nesten samtlige (96,9%) av representantane meiner det er *viktig* eller *svært viktig* å representera heile kommunen. Dei fleste lokalpolitikarane er med andre ord einige om at det er viktig å representera både *kommunen som heilskap* og einskilde grupper internt i kommunen i relativt stor grad. Det er her eit skilje mellom dei to geografiske representasjonsfokusa som er berørte av oppgåva.

Haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen har i motsetnad til dei andre representasjonsfokusa tyngdepunktet på midten på svaralternativa *lite viktig*, *middels viktig* og *ganske viktig*. Dette syner at kor viktig representantane meiner det er å representera einskilddelar av kommunen varierer mykje meir enn dei fleste andre representasjonsfokusa i spørjeskjemaet. Dette kan tyda på at det Christophersen (1969) seier om at den regionale og lokale basisen for representasjon er "*nærmest selvsagt*" framleis held seg, men at fokuset i stor grad er flytta til å vera på kommunen som heilskap heller enn einskilddelar av kommunen. Dette kan tyda på at fokuset på det mest lokale av det lokale ikkje lenger er like sjølvsgt, men at det er andre omsyn som vert tekne. Dette kan igjen knytast opp mot det Skare (1996) seier om at andre fokus enn dei lokale vert viktigare etter kvart som partipolitikken óg får ein meir framtrédande plass i lokalpolitikken.

I kapittel 5 legg eg fram bivariate analysar for korleis samanhengen mellom dei uavhengige variablane og to av representasjonsfokusa frå spørjeskjemaet fordeler seg. Fokuset ligg på spørsmål *16a: fokus på heile kommunen* og *16k: eit bestemt geografisk område*. Her kjem det tydeleg fram at det er sterkare samanhengar mellom trekk ved dei ulike representantane og deira syn på å representera einskilddelar av kommunen enn det er mellom dei uavhengige variablane og synet på å representera kommunen som heilskap. Kva som er bakgrunnen for at denne variabelen skil seg såpass mykje frå dei andre representasjonsfokusa. Noko av forklaringa på dette kan vera at det er større både ideologiske og personlege skilnader i korleis representantane ser på det å representera einskilddelar av kommunen medan andre representasjonsfokus vert sett på som meir sjølvsgte for representantane (Rokkan, 1987, Skare, 1996, Bäck, Offerdal og Aars, 2005, Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013). Samstundes som partipolitikken har penetrert lokalpolitikken er det tydeleg at fokus på dei heilt lokale sakene er særleg viktige for enkelte lokalpolitikarar. Dette er gjerne ei haldning som

heng att frå det Rokkan (Rokkan og Valen, 1962, Rokkan, 1987) omtalar som *førmoderne politisk tid*, og er noko som ligg under andre haldningar til representasjon blant lokalpolitikarane. I tillegg til at noko av det lokale har fått mindre fokus etter som partipolitikken har vorte sterkare har stadig nye innbyggjargrupper vorte viktigare dei siste tiåra . Både lokalt næringsliv, etniske minoritetar og mottakarar av kommunale tenester. Noko av bakgrunnen for dette kan vera at kommunane har fått fleire oppgåver delegert frå staten, mellom anna gjennom fleire reglar for kva tenester ein kommune skal levera og kommunestyrerepresentantane difor føler større ansvar for desse gruppene enn for einskilddelar av kommunen (Stanus, 2016).I alle høve ser det ut til at det framleis er eit visst fokus blant kommunestyrerepresentantar både i Noreg og Sverige på å vera talsmann for einskilddelar av kommunen.

7.2 Land har noko å sei.

Eit viktig utgangspunkt for arbeidet med denne oppgåva var ønsket om å kunna seia noko om skilnadar i det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar frå Noreg og Sverige. Som del av problemstillinga er difor spørsmålet *i kva grad er det skilnad i haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar?* I teorikapittelet argumenterer eg for kvifor eg ventar at representantane frå dei norske kommunane truleg vil vera meir opptekne av å framstå som representantar for ein bestemt geografisk del av kommunen. Noko uventa er det dei svenske kommunestyrerepresentantane som er mest opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Skilnadane såg med utgangspunkt i kapittel 5 og dei deskriptive analysane ikkje veldig tydelege ut, men det i regresjonsanalysen i kapittel 6 kjem fram at kva land representantane kjem frå har tydeleg effekt på haldninga deira til det å representera ein bestemt geografisk del av kommunen.

I teorikapittelet presenterer eg fleire grunnar til at norske politikarar bør ventast å vera meir opptekne av å representera ein bestemt del av kommunen. Eg tek mellom anna utgangspunkt i det Rokkan og Valen (1962) og Rokkan (1987) seier om den sterke sentrum-periferi-dimensjonen i norsk politikk. Når funna i som er presenterte her syner at dette ikkje stemmer er det vanskelegare å realiteten er som han er. Kanskje ligg noko av forklaringa i korleis geografien er i kommunane. Ein gjennomsnittleg svensk

kommune er nesten dobbelt så stor som ein norsk kommune i areal³⁴ og det kan vera nærliggjande å tru at di større geografiske avstandar det er mellom ulike geografiske einingar i ein kommune di lettare vil det vera for at både innbyggjarar og kommunestyrerepresentantar vert meir opptekne av "sin eigen" del av kommunen.

Ei anna mogleg forklaring på denne skilnaden i lokalt geografisk representasjonsfokus kan liggja i måten valkrinsane er organiserte på i dei to landa. Medan alle norske kommunar vert definerte som ein valkrins og difor berre har eitt sett med vallister og kommunestyrerepresentantar som i alle fall i utgangspunktet er innvalde frå heile kommunen, er enkelte av dei store svenske kommunane oppdelte i fleire mindre valkrinsar med eigne lister³⁵. Det er mogleg at dette fører til at representantar i desse kommunane som faktisk er valde inn frå ein einskild del av kommunen føler ei sterkare knyting til denne delen og difor meiner det er viktig at han representerer denne geografiske delen av kommunen spesielt. På same måte kan det tenkjast at i motsetnad til det eg venta: at kommunesamanslåingane i Sverige på 60-talet ikkje har viska ut gamle kommunegrenser, men at fokuset kommunestyrerepresentantane har på å kjempa for *sin* del av kommunen har halde seg sterkt i desse kommunane trass i aktivt arbeid for ein sams sentraliseringstanke frå styresmaktene. Utan å ha data frå før kommunereformane er dette likevel berre spekulasjonar.

7.3 Korleis påverkar desse faktorane? Eigentleg?

I tillegg til det eine hovudspørsmåla som vart handsama i førre avsnitt stilte eg innleiingsvis i oppgåva to litt mindre og meir konkrete, men ikkje desto mindre viktige forskingsspørsmål:

I kva grad påverkar sosiale bakgrunnsfaktorar det geografiske representasjonsfokuset til lokalpolitikarane? Og: I kva grad vert det geografiske representasjonsfokuset påverka av politisk bakgrunn og ambisjonar?

Både den deskriptive analysen i kapittel 5 og dei multivariate regresjonsanalysane i kapittel 6 syner at sjølv om forventingane som er formulerte i teorikapittelet i nokre høve stemmer godt er det andre variablar som påverkar på heilt andre måtar enn det

³⁴ Medan ein svensk kommune i gjennomsnitt er knappe 1420 km² i areal er ein gjennomsnittleg norsk kommune i overkant av 750 km². Tal henta frå CIA factbook online (www.ciaworldfactbook.us).

³⁵ Sjå kontekstkapittelet

som var venta, eller ikkje i det heile. Det syner seg mellom anna at dei politiske variablane på mesonivået, *Senterparti og oppført på lokal liste* har stor påverknad på haldninga til representantane både i Noreg og Sverige. Samstundes er det tydeleg at representantane sin sosiale bakgrunn er viktig for å forklara haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. Den politiske erfaringa og dei politiske ambisjonane til kommunestyrerepresentantane påverkar i langt mindre grad korleis dei ser på det å representera einskilddelar av kommunen.

Eg vil i denne avsluttande delen av diskusjonen sjå nøyare på einskildvariablane som er tekne med i analysane og syner signifikant påverknad på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen og diskutera moglege grunnar til at desse har den påverknaden dei har.

7.3.1 Senterparti og lokale lister

Som synt i regresjonsanalysen og som venta frå teorikapittelet har politisk ståstad mykje å seia for haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen blant både norske og svenske politikarar. Skilnaden mellom dei to landa ligg i *kvar* dei politikarane som er mest opptekne av å representera einskilddelar av kommunen er plasserte. Medan dei svenske representantane som er medlemmer i Centerpartiet er veldig mykje meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det andre representantar er finn ein ikkje den same skilnaden mellom dei norske representantane. Med utgangspunkt i det Christensen (2005) seier om senterpartia i dei to landa ville det vera naturleg å venta at medlemmane i desse partia har om lag same haldning til det å representera einskilddelar i kommunen, noko óg dei deskriptive analysane i kapittel 5 (tabell 5.4) tyder på. Når det likevel er såpass stor skilnad i kor vidt partimedlemskap faktisk påverkar haldning eller ikkje i dei to landa kan dette moglegvis skuldast at Senterpartiet og Centerpartiet ikkje er fullt så like som ein gjerne vil rekna med for to parti med om lag same bakgrunn og historiske utvikling. Kanskje kan dette og vera eit teikn på at dei politiske systema i dei to landa ikkje er fullt så like som ein gjerne trur ved fyrste augekast og at endringa frå fempartimodellane til det moderne partisystemet har teke noko ulike vegar i dei to landa.

Tradisjonelt har senterpartia, både i Noreg og Sverige vore parti med fokus på det lokale og kanskje spesielt på dei meir rurale delane av landa. Når skilnaden mellom representantar frå to utgangspunktet like parti likevel vert såpass tydelege som her kan

det tenkjast fleire grunnar til dette. Tradisjonen med lokalpolitikk står sterkt i fleire norske parti, ikkje berre i Senterpartiet. Dei fleste partia som stiller lister både ved stortingsval og lokalval har uttalte mål for korleis dei ønskjer å forhalda seg til distrikts- og lokalpolitikk. I Sverige er det på den andre sida færre parti som uttrykkjeleg har ein distrikts- og lokalpolitikk på same måte som Centerpartiet har. Kanskje fører dette til at representantar frå dette partiet i større grad enn det norske Senterpartiet skil seg frå resten av representantane ved deira syn på det å representera einskilddelar av kommunane. Om dette er tilfellet er skilnadane mellom dei norske og dei svenske senterpartimedlemmane enklare å skjøna.

Eit anna moment som kan vera ei mogleg forklaring på skilnaden er korleis haldningar sentralt i partiet trengjer gjennom til dei lokale partiorganisasjonane. Sjølv om det norske Senterpartiet sentralt har sterke haldningar til distriktspolitikken og lokalpolitikken betyr ikkje det nødvendigvis at desse kan overførast direkte til kommunenivået og haldninga til å representera einskilddelar av kommunane. Det kan i staden tenkjast at desse representantane vil meina det er ekstra viktig å representera heile kommunen. *Lokalismen* Senterpartiet er kjend for treng med andre ord ikkje nødvendigvis få det same utslaget på kommunenivå som på høgare nivå.

På same måte som at senterpartimedlemskap slår ulikt ut er det skilnad mellom Noreg og Sverige når det gjeld representantar som er innvalde i kommunestyra utan å vera oppførte på lister for landsdekkande parti. Som synt i teorikapittelet kan det vera fleire grunnar til at slike lister vert oppretta (Bäck, Offerdal og Aars, 2005, Aars og Ringkjøb, 2005, Aars og Christensen, 2013) og skilnaden mellom dei to landa kan moglegvis forklarast ved dette. Medan norske representantar som er innvalde på lokale lister i mykje større grad enn representantar som var oppførte på partilister meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen er denne skilnaden ikkje til stades i dei svenske kommunane. Sjølv om han tilsynelatande er det i dei deskriptive analysane i kapittel 5 (tabell 5.5) syner det seg i regresjonsanalysane at skilnaden ikkje er signifikant i dei svenske kommunane. Truleg kan det vera fleire grunnar til dette, men det mest nærliggjande er å tru at det er ein skilnad i bakgrunnen for opprettinga av dei lokale listene i dei to landa.

Kvifor det eventuelt vil vera slike skilnadar i bakgrunnen for grunnleggjinga av dei lokale listene kan vera vanskeleg å forklara. Aars og Christensen (2013) syner at det i

Noreg framleis er relativt vanleg med lister med fokus på einskilddelar av kommunen medan det i Sverige i større grad er ideologiske grunnar til opprettinga av slike lister (Bäck, Offerdal og Aars, 2005). Som synt i kontekst- og teorikapittela har det tradisjonelt vore slik at lokale lister ved norske kommuneval har vore knytte til einskilddelar av kommunen, anten einskilddelbygdar eller andre lokale einingar. Antakinga mi gjekk i utgangspunktet ut på at svenske lokallister er funderte på same måten. Ut frå resultata i analysane ser det ut til at dette kanskje ikkje stemmer. Det er mogleg at dei svenske lokale listene er meir fokuserte på å arbeida for einskildsaker i kommunen enn dei er danna for å representera ein enkelt del av kommunen.

Kanskje har dette noko med korleis kommunestrukturen har endra seg i mykje større grad i Sverige enn i Noreg dei siste 50 åra og dei gamle geografiske skilja sit sterkare i dei norske kommunane enn i dei svenske. Medan det svenske kommunekartet i stor grad vart teikna opp att på 1950- og 70-talet har det skjedd relativt små endringar sidan andre verdskrigen i Noreg. Samstundes har det tradisjonelt har vore sterkare sentrum-periferi-konfliktar i norsk politikk enn i andre land (Rokkan og Valen, 1962, Rokkan, 1987). Det at ein har behalde gamle strukturar kan ha ført til at like gamle konfliktlinjer held seg og at det difor er noko lågare terskel for å mobilisera til lokale lister med bygde- og grendefokus i dei norske kommunane. Når Rokkan meiner at desse konfliktlinjene ikkje er tydelege andre stader enn i Noreg betyr at kanskje dette at konfliktane internt i ein svensk kommune ligg på eit anna nivå enn det dei gjer i ein norsk kommune. Det kan likevel henda at dette ikkje er heile sanninga, men at bakgrunnen for desse skilnadane ligg heilt andre stader.

7.3.2 Sosiale faktorar og politisk bakgrunn og ambisjonar

Alle dei tre utvalde sosiale variablane på mikronivået er signifikante i dei norske kommunane medan berre *butid* er signifikant i dei svenske. Kjønn, som har motsett forteikn av det som er venta i regresjonsanalysen og såleis syner at kvinner er meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det menn er i dei norske kommunane. Det kan tenkjast fleire grunnar til dette. Men det er vanskeleg å fundera dei teoretisk då det ser ut til at den generelle oppfattinga (Lægreid og Olsen, 1978, Esaiasson og Holmberg, 1996, Christensen og Lægreid, 2009) hellar mot at kvinner er meir opptekne av heilskapen enn det menn er og med det i mindre grad enn menn "bør" vera opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Når røynda likevel er som

ho er kan det tenkjast at heller enn å tenkja på kommunen som ein heilskap som må haldast saman og handsamast som ei eining tenkjer dei kvinnelege representantane på einskilddelar av kommunen som einingar som må haldast oppe og jobbast for kvar for seg. Kanskje kan dette og ha samanheng med at kvinner³⁶ i større grad enn menn har omsorgsyrke (SSB.NO, 2016c) og jobbar meir deltid og med det føler seg tettare knytte til det som er nært av di dei ser dette behovet sterkare enn deira mannlege kollegar gjer at dei óg i større grad enn deira mannlege kollegar ønskjer å representera einskilddelar av kommunen.

På den andre sida var det venta at utdanningsnivå ville påverka haldning til det å representera einskilddelar av kommunen og at di høgare utdanningsnivå representantane har di meir opptekne vil dei vera av å representera einskilddelar av kommunen. Bakgrunnen for antakinga var den auka politiske kompetansen høgare utdanningsnivå gjev (Skare, 1996) og at dette vil føra til at representantane opererer friare frå partimandatet og i større grad vil gjera som dei sjølve meiner er rett (Christensen og Læg Reid, 2009). Tanken var at dette ville føra til at fleire med høgare utdanning meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Når dette syner seg å ikkje vera tilfelle kan det truleg liggja fleire grunnar bak dette. Det kan tenkjast at representantane som har lågast utdanning lettare vil verta påverka av meiningane til velgjarane og med det i større grad føla det viktig å representera den delen av kommunen dei føler seg tettast knytt til. Dette kan grunnjevast med det Skare (1996) snakkar om som politisk kompetanse.

Om det er slik det forhold seg vil ein kanskje kunna seia at representantane som har lågast gjennomførte utdanningsnivå og med det lågaste politiske kompetanse (Skare, 1996) óg vil vera dei representantane som i størst grad har fokus retta mot dei nære tinga, både staden og sakene dei kjenner best eller har mest kjensler for. Sjølv om det i denne undersøkinga ikkje er høve til å undersøkja om representantane meiner det er viktigast å representera den delen av kommunen dei sjølve bur i er dette i alle høve nærliggjande å tru at i alle fall i dei fleste høva er slik saka står. Det kan tenkjast at det er slik at representantane som har lågast utdanningsnivå óg er dei som har lågast politisk kompetanse slik Skare (1996) hevdar. Dei vil så vera dei som er i dårlegast stand til å ta sjølvstendige politiske avgjerder. Dette stemmer i tilfelle dårleg med tanken om

³⁶ Generelt, truleg óg blant kommunestyrerepresentantane

at representantar som meiner det er viktigast å representera einskilddelar av kommunen er dei som i størst grad bryt med den etablerte partipolitikken.

Butid som er signifikant i både dei norske og dei svenske kommunane syner som venta ein positiv påverknad på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. Dette støttar opp om antakinga om at di lengre ein representant har budd i kommunen di meir oppteken vil han vera av å representera einskilddelar av denne. Resultatet av analysen kan med dette peika mot at di lengre ein representant har budd i kommunen di tettare vil knytingane til einskilddelar av kommunen vera, noko som stemmer greitt med det både Eulau mfl. (1959) og Lægreid og Olsen (1978) seier om dette. Sjølv om det ikkje er mogleg å sjå frå materialet eg har tilgjengeleg her er det naturleg å tru at den delen av kommunen representantane meiner det er viktig å representera vil vera den delen av kommunen der dei sjølve bur. At butid kan påverka på denne måten er ikkje overraskande og når ein tenkjer at tette band til den delen av kommunen ein representant bur i kan gjera at det er lett for han å sjå seg som ein naturleg representant for denne delen av kommunen.

Blant variablane på mikronivået som tek føre seg politiske erfaringar og ambisjonar er det to variablar som har signifikant påverknad i dei norske kommunane og ein som har det i dei svenske kommunane. I både dei norske og dei svenske kommunane er variabelen *kommunestyreansiennitet* signifikant og har den venta negative påverknaden på haldning til det å representera einskilddelar av kommunen. Effekten av variabelen på den avhengige er noko større i dei norske kommunane enn i dei svenske, men skilnaden mellom representantane i dei to landa er likevel ikkje veldig stor. Når variabelen *kommunestyreansiennitet* har negativ påverknad på haldninga til å representera einskilddelar av kommunen støttar dette i stor grad opp om det Christensen og Lægreid (2009) og Lægreid og Olsen (1978) seier om at ein vil verta sosialisert inn i ei rolle med visse forventingar.

7.3.3 Og kva med det som ikkje har effekt?

Som synt har mange av dei uavhengige variablane den venta effekten på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen. I tillegg syner det seg at nokre av faktorane eg meinte ville vera viktige; *kommunestorleik* og *tillitsvervserfaring*, *medlemstid i partiet* og *kor vidt kommunestyrepreressantenten ønskjer å gje seg i vervet* ikkje har signifikant påverknad på haldninga til det å representera einskilddelar av

kommunen. Det kan vera vanskeleg å sjå klare gunnar til desse manglande samanhengane og det vil nesten alltid vera vanskelegare å forklara kvifor noko *ikkje* har effekt enn kvifor det *har* effekt då det truleg kan liggja veldig mange årsaker bak dette. Eg gjer likevel her eit forsøk på å tenkja litt rundt kvifor desse variablane ikkje har signifikant³⁷ påverknad, korkje i norske eller svenske kommunar. Kanskje er ikkje folketalet i kommunen ein viktig nok faktor til at det slår ut på haldninga til å representera einskilddelar av kommunen, trass i at både Dahl og Tufte (1973) og Gerring og Zarecki (2012) ser ut til å meina at i små demokrati vil vera tettare band mellom innbyggjarane og deira demokratisk valde representantar, noko eg meinte ville føra til at representantane i dei små kommunane ville vera meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen. Eller kanskje er det interne tilhøve i dei ulike små og store kommunane som gjer at effekten av kommunestorleik vert jamna ut og forsvinn.

Det å ha eller ha hatt tillitsverv i partiet, lang medlemstid i partiet og det å ønskja å gje seg som kommunestyrerepresentant har ikkje effekt på haldninga til å representera ein bestemt del av kommunen. Kanskje er ikkje sosialiseringa i tillitsverva spesielt, og i partiet generelt, så sterkt retta mot å ha fokus på partiet sin politikk som eg venta med støtte i Lægreid og Olsen (1978). Det kan og vera slik at det (manglande) lokale geografiske representasjonsfokuset er eit utslag av at representantane i større grad enn eg meinte i utgangspunktet vil arbeida for det dei meiner er viktig og at dette rett og slett ikkje *er* å representera einskilddelar av kommunen. Når det på desse variablane ikkje er statistiske skilnadar mellom dei ulike representantgruppene syner det i alle fall at påverknadane frå desse ikkje er som eg i utgangspunktet meinte dei var med støtte i Lægreid og Olsen (1978), Elster (2008) og Christensen og Lægreid (2009) anten han no skulle gått eine eller andre vegen.

7.4 Skilnadar mellom land og kommunar

Det tredje forskingsspørsmålet som vart stilt innleiingsvis er eigentleg todelt, men vert her handsama som eitt stort spørsmål:

³⁷ Fleire av desse hadde tilsynelatande samanheng med haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen i dei deskriptive analysane, men eg tek her utgangspunkt i resultatata frå regresjonsanalysen.

I kor stor grad er det skilnadar mellom samanhengen mellom dei utvalde forklaringsvariablane i Noreg og Sverige og mellom store og små kommunar internt i landa og haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen?

Her syner både dei bivariante analysane og regresjonsanalysane at skilnadane er til stades mellom Noreg og Sverige, men at det er relativt små skilnadar mellom desse. Noko av dette vart diskutert over, men eg ønskjer likevel å kort presentera dei tydelegaste skilnadane som kan vera interessante for ein større diskusjon av kva det *eigentleg* er som påverkar det lokale geografiske representasjonsfokuset blant kommunestyrerepresentantar.

Skilnadane er større mellom det som er definert som små og store kommunar internt i landa. I kapittel 5 kjem det fram at korleis samanhengane mellom dei uavhengige og den avhengige variabelen er varierer både mellom landa og mellom store og små kommunar. Her syner det seg óg at det er sterkare samanhengar mellom eigenskapar ved kommunestyrerepresentantane og deira haldning til det å representera einskilddelar av kommunen enn det er mellom dei same variablane og haldninga til det å representera kommunen som heilskap. Dette er stort sett som venta. Sjølv om enkelte av variablane ser ut til å ha mindre systematiske samanhengar med den avhengige variabelen enn venta er det stort sett klare mønster som går att. Det er likevel skilnadar om enn små mellom Noreg og Sverige når det gjeld nokre av desse uavhengige variablane og haldning til å representera einskilddelar av kommunen. Særleg gjeld dette variablane på mikronivået som seier noko om representantane sin sosiale bakgrunn. Det som er mest interessant er å tenkja rundt kvifor nokre variablar er statistisk signifikante i enkelte kommunegrupper, men ikkje i alle.

Dette gjeld mellom anna *kommuneansennitetsvariabelen* der det i dei deskriptive analysane er tydelege skilnadar mellom norske og svenske kommunar på kva ansiennitetsgrupper som i størst grad meiner det er viktig å representera einskilddelar av kommunen. Dette trass i at regresjonsanalysane syner både samanfallande og signifikante samanhengar i begge landa. Dei norske kommunestyrerepresentantane følgjer i stor grad forventingane frå teorikapittelet grunngjeve i Læg Reid og Olsen (1978), Christensen og Læg Reid (2009) og Prewitt, Eulau og Zisk (1966) som talar om at representantar med lang fartstid i kommunestyra vil verta sosialiserte inn i kommunestyrerepresentantrolla og med det mindre opptekne av å representera

einskilddelar av kommunen. Når dette mønsteret ikkje er like tydeleg i dei svenske kommunane, aller minst i dei store svenske er det vanskeleg å seia noko om kva som ligg bak denne skilnaden mellom landa. Det kan tenkjast at dei svenske representantane i større grad enn dei norske går inn i kommunestyret med ein tanke om å arbeida for heile kommunen, men at dette ønsket endrar seg over tid med meir erfaring og bygging av den politiske "kommunestyrekompetansen"³⁸. Kanskje kan det og vera slik at dei svenske representantane med ein lang kommunestyrekarriere bak seg i større grad enn dei norske har bygd alliansar og nettverk som gjer at det er meir naturleg å vera oppteken av einskilddelar av kommunane.

Sjølv om variabelen som tek føre seg butid i kommunen i regresjonsanalysen syner seg å ha påverknad på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen i både Noreg og Sverige, viser dei deskriptive analysane eit litt nyansert bilete av dette. Medan det i dei norske kommunane er rimeleg tydeleg auke i kor viktig representantane meiner det er å representera einskilddelar av kommunen, er ikkje dette like tydeleg i dei svenske kommunane. Skilnadane er med andre ord til stades, men ikkje voldsomt påfallande. Noko av det same er tilfelle med variabelen som tek føre seg *medlemstid i parti*. Her syner det seg at i dei norske kommunane vert representantane mindre og mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen etter som medlemstida aukar medan effekten tilsynelatande er den motsette i dei svenske kommunane. I dei svenske kommunane vert representantane noko meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen etter som medlemstida i partiet aukar. Dette kan tyda på at sosialiseringa (Prewitt, Eulau og Zisk, 1966, Lægreid og Olsen, 1978) inn i partiorganisasjonane får ulikt utslag i norske og svenske kommunar.

På den andre sida har eg kjønnsvariabelen som har signifikant påverknad i dei norske kommunane, men ikkje i dei svenske. Kvifor det er slik er det vanskeleg å seia noko om ut frå teoriane presentert i denne oppgåva. Både Esaiasson og Holmberg (1996) og Christensen og Lægreid (2009) styrer antakinga i retning av at kvinner vil vera noko mindre opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn det menn vil vera. Dette leidde og til forventingar om at eg ville finna den same kjønneffekten i begge landa. At kvinner trass alt og i motsetnad til det Esaiasson og Holmberg (1996) og Christensen og Lægreid (2009) er meir opptekne enn menn av å representera

³⁸ Bygd på Skare (1996) sin tanke om den politiske kompetansen

einskilddelar av kommunen er for så vidt interessant i seg sjølv, men endå meir interessant meiner eg det er å tenkja på kvifor det på ein så grunnleggjande variabel er skilnadar mellom norske og svenske kommunar. Det er vanskeleg å skulla peika på strukturelle eller kulturelle skilnadar mellom Noreg og Sverige som gjer at ein slik skilnad skal koma til syne.

Alt i alt er skilnadane mellom landa og mellom små og store kommunar internt i landa relativt små, men dei er til stades og nokre stader synlegare enn andre. Særleg gjeld dette variablane som tek føre seg politisk tilhøyrse, om det no er Centerparti-medlemskap eller det at ein representant er innvalt som representant på ei lokal liste. Skilnaden mellom norske og svenske representantar på akkurat desse variablane er svært tydelege og opnar som synt over for spørsmål om dette har med heilt grunnleggjande element i dei norske og svenske politiske systema og korleis haldningar vert skapte og vidareførte.

7.5 Kva er det eigentleg som bestemmer det lokale geografiske representasjonsfokuset?

Når eg avslutningsvis i dette kapittelet oppsummerer funna og freistar å seia noko om kva variablar som i størst grad påverkar haldninga kommunestyrerepresentantane har til det å representera einskilddelar av kommunen er det fleire observasjonar som stikk seg ut. Den fyrste er knytt til enkeltvariabelen *butid* som ein frå regresjonsanalysen kan sjå at i motsetnad til alle dei andre sosiale variablane *styrkar* si påverknadskraft i dei norske kommunane frå modell 3 til modell 4 der variablane som skildrar politiske erfaringar og ambisjonar vert introduserte. I dei svenske kommunane er effekten av *butid* uendra. Det kjem med andre ord her fram at *butid* saman med politiske variablar er viktigare enn *butid* saman med berre sosiale variablar og politiske variablar på mesonivået. Når variablane spelar saman³⁹ på denne måten og påverkar einannan ser ein at summen vert meir enn dei enkelte delane i modellen og at ein heilt tydeleg ikkje kan forklara kva som påverkar haldningar blant lokalpolitikarar (eller andre for den del) utan å sjå på eit større bilete. Dette biletet vil vera samansett og nokre gonger vanskeleg å finna dei rette bitane til.

³⁹ Utan at det faktisk er ein statistisk samspelseffekt til stades.

Her syner det store biletet at det er fleire faktorar som påverkar korleis representantane forhold seg til det å representera einskilddelar av kommunen og at forklaringane både ligg på det politiske mesonivået og det sosiale mikronivået medan den strukturelle variabelen på mesonivået, *kommunestorleik*, og dei politiske variablane på mikronivået i mindre grad forklarar endringar i det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane. Samanhengane er i større grad signifikante i dei norske enn i dei svenske kommunane. Det syner det likevel i regresjonsanalysen at effekten av dei to blokkene som inneheld dei politiske variablane på mesonivået og den som inneheld dei sosiale variablane på mikronivået er dei som i størst grad er med på å forklara haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen både blant norske og svenske representantar. Det går med andre ord fram her at i motsetnad til det Eulau mfl. (1959) seier så er det blant dei norske og svenske kommunestyrerepresentantane *ikkje* den politiske bakgrunnen til representantane som i størst grad påverkar deira haldning til det å representera ein einskild del av kommunen, men den sosiale bakgrunnen deira.

Det er likevel tydeleg at óg partitilhøyrse for dei svenske og det å vera oppført på ei lokal liste for dei norske representantane er med på å avgjera haldninga deira til det å representera einskilddelar av kommunen. Dette stemmer greitt med både det Christensen (2005) skriv om medlemmer i Centerpartiet i Sverige og det Aars og Ringkjøb (2005) og Aars og Christensen (2013) skriv om representantar på lokale lister i Noreg. Kvifor det er slik at dei politiske variablane på mikronivået nesten ikkje bidreg til den avhengige variabelen er ikkje lett å forklara, men det ser ut til at akkurat i ved dette høvet overtek dei sosiale variablane forklaringskraft frå dei politiske. Biletet vert brått meir samansett enn det eg såg føre meg i utgangspunktet. Det tyder nok i alle høve på at det å forklara det lokale geografiske representasjonsfokuset og truleg alle andre representasjonsfokus hjå folkevalde er ein komplisert affære som må ta opp i seg ei stor mengd ulike forklaringsvariablar.

8 Oppsummering og avrunding

Når arbeidet med oppgåva no skal oppsummerast og dei viktigaste funna skal trekkjast fram er det fleire moment som er viktige. Desse har alle vorte teke opp og diskutert rundt i løpet av dette kapittelet, men som kjent kan ikkje ein god ting seiast for ofte. Kort fortalt syner analysane og diskusjonen som er bygd opp på desse tre ting som alle er delsvart på hovudproblemstillinga i oppgåva:

Korleis skil det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige seg frå andre representasjonsfokus? Korleis påverkar bakgrunnen til kommunestyrerepresentantar representasjonsfokuset deira? Og i kva grad er det skilnad i haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen mellom norske og svenske kommunestyrerepresentantar?

Poenga er som følgjer: Det er jamnt over stor skilnad mellom korleis haldningane til det å representera einskilde geografiske delar av kommunen og haldningane til andre representasjonsfokus fordeler seg. Dette gjeld både blant norske og svenske kommunestyrerepresentantar. Medan det stort sett er utbreidd semje om at det er viktig å representera ulike grupper i kommunen og kommunen som heilska ser det ut til at det å representera geografiske einskilddelar av kommunen korkje vert sett på som like viktig eller har like brei oppslutnad blant representantane.

Når det gjeld det andre av dei tre poenga; korleis politiske *erfaringar og ambisjonar* og *sosial bakgrunn* påverkar det geografiske representasjonsfokuset til både dei norske og dei svenske representantane syner det seg at det er visse skilnadar mellom representantane frå dei to landa. Medan dei sosiale bakgrunnsfaktorane er (relativt sett) svært viktige for å forklara haldningane til dei norske kommunestyrerepresentantane er effekten av desse nesten fråverande for dei svenske representantane. Effekten av dei politiske variablane er óg noko sterkare for norske representantar enn for dei svenske. Det einaste unntaket her er når ein ser på svenske Centerparti-medlemmer og norske representantar som er innvalt på lokale lister. Desse representantgruppene virkar i stor grad å ha same effekten på haldninga til det å representera ein einskild del av kommunen.

Det siste og kanskje mest overraskande funnet i analysearbeidet går på skilnaden mellom landa. Medan eg hadde venta at norske kommunestyrerepresentantar ville vera langt meir opptekne av å representera einskilddelar av kommunen enn deira svenske kollegar er syner analysane her at dette ikkje stemmer. Dei svenske kommunestyrerepresentantane er noko meir opptekne av å vera representantar for ein bestemt geografisk del av kommunen enn det deira norske kollegar er. Skilnadane er ikkje overveldande, men frå regresjonsanalysen ser ein likevel at det har tydeleg effekt på haldninga til det å representera einskilddelar av kommunen kor vidt ein representant er norsk eller svensk. Dette gjev grobotn for tankar om kva som kan vera bakgrunnen for dette, noko som truleg vil vera vanskeleg å svara skikkeleg på utan meir og vidare forskning.

8.1 Generaliseringshøve

Arbeidet med oppgåva har synt at nokre av forventingane for korleis dei avhengige variablane vil påverka haldninga blant kommunestyrerepresentantar til å representera einskilddelar av kommunen ikkje held stikk. I ein kvantitativ studie som denne er det alltid fare for at viktige forklaringsvariablar vert utelatne eller at forventa samanhengar ikkje vert funne. Likevel har analysane som er gjennomførte gjeve eit utgangspunkt for å kunna seia noko om det lokale geografiske representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige.

I tillegg til å ha synt at for representantane som er i utvalet er det sosial bakgrunn og politiske tilknytingar som i størst grad påverkar korleis dei ser på det å representera ein einskild del av kommunen kan funna forsøksvis nyttast til å seia noko generelt om kommunestyrerepresentantar i Noreg og Sverige. Når det syner seg at for dei 3144 representantane i utvalet er viktig om dei står på ei lokal liste i Noreg eller er innvalde for Centerpartiet i Sverige er det å venta at dette óg vil gjelda for den store massen av kommunestyrerepresentantar i desse landa. Eg meiner med andre ord at høvet til å generalisera ut frå dei funna som er gjorde her er godt. Eit lite forbehold må eg likevel ta då bortfallet på variabelen som seier noko om kommunestyrerepresentantane sine framtidsplanar er svært høgt i dei svenske kommunane. Det svenske utvalet er likevel såpass stort at eg vågar meg på å seia at óg desse resultata kan nyttast til generalisering.

8.2 Kva kan ein sjå på no?

I forlenginga av dei deskriptive og dei multivariate rson har vorte gjort i denne oppgåva er det fleire ting det hadde vore interessant og truleg gjevande å undersøkje vidare. Det å forstå kvifor kommunestyrerepresentantar og andre folkevalde handlar som dei gjer når avgjerder skal takast er med på å sikra at ein skjønar korleis meiningsdanningsprosessar fungerer. Ved å ha kunnskap om dette kan ein samstundes få eit breiare innsyn i kva mekanismar som er medverkande til at demokratiet, fungerer og kva påverknad som er sterkast når politiske haldningar til det å representera einskildgrupper i samfunnet.

Særleg meiner eg det vil vera interessant å sjå nærare på haldningane til det å representera bestemte grupper i kommunen i både eit mindre og eit større bilete. Komparative studiar som i større grad enn denne er kvalitative vil truleg kunna gje eit heilt anna innblikk i korleis haldningane til representasjon fordeler seg og kjem til uttrykk gjennom både politiske samtalar, prosessar og avgjerder. Komparasjonar av færre kommunar der ein har høve til å gå i djupna på korleis haldningane oppstår og kva representantane sjølve meiner påverkar desse kan vera ein måte å gjera dette på.

Samstundes kan det vera interessant å følgja med på og undersøkje korleis representasjonsfokuset i norske kommunar eventuelt endrar seg etter den føreståande kommunereformen der kommunetalet i Noreg truleg vert tydeleg redusert. Ei slik endring kan gjera det endå viktigare for ein kommunestyrerepresentant å virka som representant for *sin del av kommunen* enn det det er no. Representasjonsfokuset til kommunestyrerepresentantane er på mange måtar ei kjelde til uendeleg undring og diskusjon og eg har her berre peikt på ein del av forklaringa for kvifor haldningane er som dei er. Vidare forskning på emnet kan difor vera både teoretisk interessant og kunnskapsbyggjande.

Litteraturliste

- Adcock, Robert og Collier, David (2001). Measurement Validity: A Shared Standard for Qualitative and Quantitative Research. *American Political Science Review*, 95, 529-546.
- Baldersheim, Harald og Rose, Lawrence E. (2011). *Hvordan fungerer lokaldemokratiet? – Kartlegging av innbyggernes og folkevalgtes erfaringer og oppfatninger. En sammenfattende rapport basert på 82 kommuner.* Kommunal- og regionaldepartementet.
- Bengtsson, Åsa og Wass, Hanna (2011). The Representative Roles of MPs: A Citizen Perspective. *Scandinavian Political Studies*, 34, 143-167.
- Bergsgård, Arne (1937). *Styringa i bygder og byar før formannskapslovene*, Oslo, Noregs Ungdomslag og Studentmållaget.
- Bertrana, Xavier, Egner, Björn og Heinelt, Hubert (red.) (2015). *Policy making at the second tier of local government in Europe: What is happening in provinces, counties, départements and Landkreise in the ongoing rescaling of statehood?*, London New York, Routledge.
- Burke, Edmund (1774). Speech to the Electors of Bristol - On his being declared the Sheriffs Duly Elected one of the Representatives in Parliament for that City. *The Works of the Right Honourable Edmund Burke - in Twelve Volumes I.*
- Bäck, Henry, Offerdal, Audun og Aars, Jacob (2005). Partikommunens oppgång och fall. I Demker, Marie og Svåsand, Lars (red.) *Partiernas århundrade*. Stockholm, Santérus.
- Christensen, Dag Arne (2005). Senterpartiene i Norge og Sverige. I Demker, Marie og Svåsand, Lars (red.) *Partiernas århundrade - Fempartimodellens oppgång och fall i Norge och Sverige*. Stockholm, Santérus.
- Christensen, Tom og Lægreid, Per (2009). Living in the Past? - tenure, roles and attitudes in the central civil service. *Public Organization Review*, 11, 17.
- Christophersen, Jens A. (1969). *Representant og velger*, Oslo, Universitetsforlaget.
- CIA World Factbook (2016). *The world factbook*. [internett] Tilgjengelig frå: <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/> [Henta 20. mai 2016]
- Copus, Colin (2004). *Party politics and local government*, Manchester, Manchester university press.
- Dahl, Robert A. og Tufté, Edward R. (1973). *Size and democracy*, Stanford, Calif., Stanford University Press.
- Demker, Marie og Svåsand, Lars (2005a). Den nordiska fempartimodellen: En tilfällighet eller ett fundament. I Demker, Marie og Svåsand, Lars (red.) *Partiernas århundrade: fempartimodellens oppgång och fall i Norge og Sverige*. Stockholm, Santérus.
- Demker, Marie og Svåsand, Lars (2005b). *Partiernas århundrade : fempartimodellens oppgång och fall i Norge och Sverige*, Stockholm, Santérus.
- Elster, Jon (2008). *Reason and Rationality*, Princeton, NJ, USA, Princeton University Press.
- Esaiasson, Peter og Holmberg, Sören (1996). *Representation from above : members of parliament and representative democracy in Sweden*, Aldershot, Dartmouth.

- Eulau, Heinz og Karps, Paul D. (1977). The Puzzle of Representation: Specifying Components of Responsiveness. *Legislative Studies Quarterly*, 2, 233-254.
- Eulau, Heinz, Wahlke, John C., Buchanan, William og Ferguson, Leroy C. (1959). The Role of the Representative: Some Empirical Observations on the Theory of Edmund Burke. *The American Political Science Review*, 53, 742-756.
- Fimreite, Anne Lise, Flo, Yngve, Tranvik, Tommy og Aars, Jacob (2004). Tillit mellom forvaltningsnivåene. Sentrale aktørers oppfatninger av og holdninger til kommunene. Bergen, Rokkansenteret.
- George, Alexander L. og Bennett, Andrew (2005). *Case studies and theory development in the social sciences*, Cambridge, Mass., MIT Press.
- Gerring, John (2007). *Case study research : principles and practices*, Cambridge, Cambridge University Press.
- Gerring, John og Zarecki, Dominic (2012). *Size and democracy revisited*. Boston, Boston University. [internett] Tilgjengeleg frå: <http://people.bu.edu/jgerring/documents/SizeDemocracyRevisited.pdf> [Henta 23. mars 2016]
- Glassberg, Andrew D. (1981). *Representation and Urban Community*, Basingstoke, Macmillan.
- Hair, Joseph F., Black, William C., Babin, Barry J. og Anderson, Rolph E. (2010). *Multivariate data analysis : a global perspective*, Upper Saddle River, N.J., Pearson.
- Heidar, Knut (1988). *Partidemokrati på prøve : norske partieliter i demokratisk perspektiv*, Oslo, Universitetsforl.
- Heinelt, Hubert og Bertrana, Xavier (2011). *The second tier of local government in Europe provinces, counties, départements and Landkreise in comparison*, London New York, Routledge.
- Hellevik, Ottar (2002). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, Oslo, Universitetsforlaget.
- Helvik, Anna Laupsa (2015). *Geografisk representasjonsfokus blant lokalpolitikarar - ein komparasjon av haldningar til representasjon i Noreg og Sverige - Feltoppgåve*. Universitetet i Bergen
- Holmberg, Sören og Esaiasson, Peter (1988). *De folkvalda : en bok om riksdagsledamöterna och den representativa demokratin i Sverige*, Stockholm, Bonnier.
- Kjellberg, Francesco (1965). Politisk lederskap i en utkantkommune. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 6, 74-90.
- Krogh, Thomas. (2014, 21. november). Edmund Burke. I Store norske leksikon. [internett]. Tilgjengeleg frå https://snl.no/Edmund_Burke. Henta 23. mai 2016]
- Lazarsfeld, Paul F., Gaudet, Hazel og Berelson, Bernard (1968). *The people's choice / how the voter makes up his mind in a presidential campaign*, New York, Columbia University Press.
- Lægred, Per og Olsen, Johan P. (1978). *Byråkrati og beslutninger : en studie av norske departement*, Bergen, Universitetsforlaget.
- Mandt, Andrea (2011). Stemmene fra grasrota? : En analyse av lokale listers etablering, omfang og varighet i lokalpolitikken. [masteroppgåve], *Institutt for statsvitenskap*. Universitetet i Oslo.
- March, James G. (1988). *Decisions and organizations*, Oxford, Blackwell.
- Midtbø, Tor (2007). *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere : med eksempler i SPSS*, Oslo, Universitetsforl.

- Miller, Warren E. og Stokes, Donald E. (1963). Constituency Influence in Congress. *The American Political Science Review*, 57, 45-56.
- Mo, Dag Rune (2009). Sjø framover. *Hordaland Folkeblad*. Norheimsund.
- Modalen kommune (2014). *Kommuneval*. [internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.modalen.kommune.no/kommuneval.300224.nn.html> [Henta 10. mai 2016].
- Moses, Jonathon W. og Knutsen, Torbjørn L. (2012). *Ways of knowing : competing methodologies in social and political research*, Basingstoke, Palgrave Macmillan.
- Narud, Hanne Marthe og Valen, Henry (2007). *Demokrati og ansvar : politisk representasjon i et flerpartisystem*, Oslo, Damm.
- Nicholson-Crotty, Sean og Meier, Kenneth J. (2002). Size doesn't matter: In Defense of Single-State Studies. *State Policy and Politics Quarterly*, 2, 12.
- Nielsen, Tine og Kreiner, Svend (1999). *SPSS : introduksjon til databehandling & statistisk analyse*, København, Jurist- og Økonomforbundets Forlag.
- NOU 2003: 19. Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen
- Offerdal, Audun (1999). *Den politiske kommunen*, Oslo, Det norske samlaget.
- Offerdal, Audun og Aars, Jacob (2012). Norske kommunestyrerepresentantar i europeisk lys - Rapport frå ei undersøking av representantar i 14 ulike land. Bergen, uniRokkansenteret.
- Olsen, Johan P. (1984). Representativitet og politisk organisering. I Berg, Ole og Underdal, Arild (red.) *Fra valg til vedtak*. Gjøvik, Aschehough.
- Page, Edward C. (1991). *Localism and Centralism in Europe – The Political and Legal Bases of Local Self-Government*, Oxford, Oxford University press.
- Pitkin, Hanna Fenichel (1967). *The concept of representation*, Berkeley, Calif., University of California.
- Pletten, Christina (2015). Nå skal bybanen over Bryggen igjen. *Bergens Tidende*. [Internett], 14. oktober. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Na-skal-Bybanen-over-Bryggen-igjen-3459665.html> [Henta 20. mai 2016]
- Prewitt, Kenneth (1970). Political Ambitions, Volunteerism, and Electoral Accountability. *The American Political Science Review*, 64, 5-17.
- Prewitt, Kenneth, Eulau, Heinz og Zisk, Betty H. (1966). Political Socialization and Political Roles. *The Public Opinion Quarterly*, 30, 569-582.
- Regeringskansliet, (2015). *Indelning och uppgifter i kommuner och landsting*. [internett] Regeringskansliet. Tilgjengeleg frå: <http://www.regeringen.se/artiklar/2015/05/indelning-och-uppgifter-i-kommuner-och-landsting/> [Henta 29. januar 2016].
- Ringkjøb, Hans-Erik (2004). *Partia i lokalpolitikken*, Bergen, [doktorgradsavhandling] Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Rokkan, Stein (1966). Electoral Mobilization, Party Competition, and National integration. I LaPalombara, Joseph og Weiner, Myron (red.) *Political Parties and Political Development*. New Jersey, Princeton University Press.
- Rokkan, Stein (1987). Stat, nasjon, klasse : essays i politisk sosiologi. I Alldén, Lars og Hagtvet, Bernt (red.) [Oslo], Universitetsforl.
- Rokkan, Stein og Valen, Henry (1962). The Mobilization of the Periphery: Data on turnout, Party Membership and Candidate Recruitment in Norway. I Rokkan, Stein (red.) *Approaches to the Study of Political Participation*. Bergen, Christian Michelsen's Research Institute.

- Rommetvedt, Hilmar (2000). Kommune- og fyllestingsvalg, lokalpolitikk eller riksgallup? I Aars, Jacob og Offerdal, Audun (red.) *Lokaldemokratiet: status og utfordringer: aktuelle forskningsbidrag*. Oslo, Kommuneforlaget.
- SCB (Statistiska Centralbyrån), (2014). *Folkmängd i riket, län och kommuner 31 december 2014 och befolkningsförändringar 2014*. [internett] Statistiska Centralbyrån. Tilgjengeleg frå: http://www.scb.se/sv_/Hitta-statistik/Statistik-etter-amne/Befolkning/Befolkningens-sammansattning/Befolkningsstatistik/25788/25795/Helarsstatistik---Kommun-lan-och-rikt/385423/ [Henta 13. mars 2016].
- SCB (Statistiska Centralbyrån), (2016). *Allmänna val, valresultat*. [internett] Statistiska Centralbyrån. Tilgjengeleg frå: http://www.scb.se/sv_/Hitta-statistik/Statistik-etter-amne/Demokrati/Allman-na-val/Allman-na-val-valresultat/#c_li_ME0104A [Henta 26. februar 2016].
- Skare, Audun (1996). Jo mer lokalpolitikk, dess mindre partipolitikk : om partienes rolle i lokalpolitikken. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift (trykt utg.)*.
- Solheim, Bjarne (2010). *Skolestriden i Kvam herad – En casestudie av en skolelokaliseringskonflikt*. [masteroppgåve] Universitetet i Bergen
- SOU 2000: 1. En uthållig demokrati - Politik för folkstyrelse på 2000-talet
- Sveriges kommuner och landsting (SKL) (2016). *Så går de 310 valen till*. [internett] Skl.se. Tilgjengeleg frå: <http://skl.se/demokratiledningstyrning/valmaktfordelning/sagarvalentill.1021.html> [Henta 19. april 2016].
- Skog, Ole-Jørgen (2004). *Å forklare sosiale fenomener : en regresjonsbasert tilnærming*, Oslo, Gyldendal akademisk.
- SSB, (2016a). *Mitt SSB: Statistikkbanken*. [internett] ssb.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selecttable/hovedtabellHjem.asp?KortNavnWeb=folkemengde&CMSSubjectArea=befolkning&checked=true> [Henta 13. februar 2016].
- SSB (2016b). *Mitt SSB: Statistikkbanken*. [internett] ssb.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Rd1182Aa&nvl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=valg&KortNavnWeb=kommvalgform&StatVariant=&checked=true> [Henta 26. februar 2016].
- SSB, (2016c). *Forskjellene mellom menn og kvinner blir mindre*. [internett] ssb.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/likekom/aar> [Henta 20. mai 2016].
- Status, Cristina (2016). The political representation focuses of second-tier councillors in Europe. I Bertrana, Xavier, Egner, Björn og Heinelt, Hubert (red.) *Policy Making at the Second Tier of Local Government in Europe*. Oxon, Routledge.
- Stava, Per (2005) Lokalt sjølvstyre og det norske demokratiet. I Saglie, Jo og Bjørklund, Tor (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. Oslo, Gyldendal.
- Thorsnæs, Geir & Berg, Ole T. (2016, 6. april). Kommune. I Store norske leksikon. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/kommune>. [Henta 20. mai 2016].
- Tufte, Per Arne (2000). En intuitiv innføring i logistisk regresjon. I (SIFO), Statens institutt for forbruksforskning (red.) Oslo.
- Tørhaug, Stian (2003). Norden i regionenes Europa: nordiske representanters atferd i europeiske regionale organisasjoner . [masteroppgåve]. *Institutt for statsvitenskap*. Universitetet i Oslo.

- Valmyndigheten (u.å). *Valgeografi – valkretser och valkretsmandat* [internett].
Tilgjengeleg frå:
http://www.val.se/det_svenska_valsystemet/valgeografi/index.html [Henta 10. april 2016]
- Werner, Kjell (17. juni 2008). Vil gå bort fra felles valgdag. [internett]. Oppdatert 16. desember 2013. Oslo: FriFagbevegelse. Tilgjengeleg frå:
<http://frifagbevegelse.no/vil-ga-bort-fra-felles-valgdag-6.158.54493.f691b9db1a>. [Henta 10. april 2016]
- Wirkola, Sindre (2015). Rettighetsfesting av kommunale tjenester. En studie av stortingspolitikeres holdninger. [masteroppgåve] *Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap*. Bergen, Universitetet i Bergen.
- Aars, Jacob (2014). Ties That Bind? Effects of Inter-level Mobility on MP Attitude to Local Government in Two Scandinavian Countries. *Scandinavian Political Studies*, 37, 345-365.
- Aars, Jacob og Christensen, Dag Arne (2013). De mange partisystemene: lokallister og nasjonale partier i kommunestyrevalget 2011. I Bergh, Johannes og Christensen, Dag Arne (red.) *Et robust lokaldemokrati - lokalvalget i skyggen av 22. juli 2011*. Oslo, Abstrakt forlag.
- Aars, Jacob og Ringkjøb, Hans-Erik (2005). Party Politication Reversed? Non-partisan Alternatives in Norwegian Local Politics. *Scandinavian Political Studies*, 28, 19.

Vedlegg 1: Toleransetestar for kollinearitet

Tabell 5: Toleransetest regresjonsmodell norske kommunar

	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Kommunestorleik	1,000	0,987	0,980	0,958
Senterparti		0,978	0,949	0,902
Lokal liste		0,971	0,962	0,945
Kjønn			0,925	0,883
Utdanningsnivå			0,878	0,698
Butid			0,914	0,904
Tillitsvervs-erfaring				0,884
Medlemstid i partiet				0,662
Ansiennitet KS				0,648
Politisk framtid (høgare nivå)				0,811
Politisk framtid (gje seg)				0,775

Tabell 6: Toleransetest regresjonsmodell svenske kommunar

	Modell 1	Modell 2	Modell 3	Modell 4
Kommunestorleik	1,000	0,989	0,983	0,971
Senterparti		0,992	0,976	0,971
Lokal liste		0,986	0,971	0,951
Kjønn			0,973	0,968
Utdanningsnivå			0,898	0,704
Butid			0,907	0,900
Tillitsvervs-erfaring				0,978
Medlemstid i partiet				0,624
Ansiennitet KS				0,612
Politisk framtid (høgare nivå)				0,841
Politisk framtid (gje seg)				0,863

Tabell 7: Toleransetest regresjonsmodell norske og svenske kommunar kommunar

	Modell 1
Land	0,839
Kommunestorleik	0,946
Senterparti	0,955
Lokal liste	0,910
Kjønn	0,931
Utdanningsnivå	0,881
Butid	0,705
Tillitsvervs-erfaring	0,881
Medlemstid i partiet	0,623
Ansiennitet KS	0,621
Politisk framtid (høgare nivå)	0,826
Politisk framtid (gje seg)	0,812

Vedlegg 2: Logistiske regresjonsanalysar

Tabell 8: Logistiske regresjonsanalysar norske kommunar

	Step 1			Step 2			Step 3			Step 4							
	B	Sig	Exp B	Px=1	B	Sig	Exp B	Px=1	B	Sig	Exp B	Px=1					
Kommune- storleik	-0,000	0,773	1,000	50,0	0,000	0,649	1,000	50,0	-0,000	0,415	1,000	50,0	-0,000	0,317	1,000	50,0	
Partiliste					0,522	0,001	1,686	62,8	0,419	0,007	1,521	60,3	0,305	0,055	1,356	57,6	
Senterparti					0,008	0,965	0,992	49,8	-0,040	0,820	0,961	49,0	-0,103	0,566	0,902	47,4	
Kjønn									0,375	0,001	1,455	59,3	0,303	0,011	1,355	57,5	
Utdanningsnivå									-0,286	0,004	0,751	42,9	-0,270	0,007	0,763	43,3	
Butid									0,004	0,327	1,004	50,1	0,007	0,064	1,008	50,2	
Tillitsvervs- erfaring													-0,051	0,499	0,951	48,7	
Medlemstid i partiet													-0,005	0,288	0,995	49,9	
Ansiennitet KS													-0,024	0,015	0,976	49,4	
Politisk framtid (høgare nivå)													-0,178	0,298	0,837	45,9	
Politisk framtid (gje seg)													0,143	0,254	1,154	53,6	
(Constant)	-0,851	0,000	0,427		-0,932	0,000	0,394		-0,832	0,020	0,435		-0,541	0,186	0,582		
Omnibus	Chi-Square	0,082	0,774	Signifikans	Chi-Square	11,891	0,003	Signifikans	Chi-Square	18,661	0,000	15,438	Chi-Square	15,438	0,009	Signifikans	0,009
Model	Chi-Square	0,082	0,774	Signifikans	Chi-Square	11,973	0,007	Signifikans	Chi-Square	30,634	0,000	46,072	Chi-Square	46,072	0,000	Signifikans	0,000
Nagelkerke R	0,000				0,011				0,027				0,040				

Avhengig variabel: (16k) I ditt arbeid som kommunestyrerepresentant, kor viktig meiner du det er å jobba for interessene til dei følgjande gruppene? Heile kommunen
N = 1606

Tabell 9: Logistiske regresjonsanalyser svenske kommunar

	Step 1			Step 2			Step 3			Step 4						
	B	Sig	Exp B	Px=1	B	Sig	Exp B	Px=1	B	Sig	Exp B	Px=1				
Kommune- storleik	-0,000	0,545	1,000	50,0	0,000	0,350	1,000	50,0	0	0,276	1,000	50,0	0,000	0,294	1,000	50,0
Partiliste					0,118	0,752	1,125	52,9	0,025	0,947	1,026	50,6	0,023	0,003	1,028	50,7
Senterparti					0,657	0,001	1,929	65,9	0,614	0,002	1,849	64,9	0,576	0,952	1,776	64,0
Kjønn									0,06	0,661	1,062	51,5	0,051	0,711	1,051	51,2
Utdanningsnivå									-0,224	0,026	0,800	44,4	-0,224	0,027	0,807	44,7
Butid									0,006	0,123	1,006	50,1	0,009	0,051	1,010	50,2
Tillitsvervs- erfaring													-0,104	0,344	0,902	47,4
Medlemstid i partiet													0,009	0,167	1,009	50,1
Ansiennitet KS													-0,025	0,01	0,974	49,3
Politisk framtid (høgare nivå)													-0,081	0,68	0,934	48,3
Politisk framtid (gje seg)													0,08	0,587	1,102	52,4
(Constant)	-0,543	0,000	0,581		-0,649	0,000	0,523		-0,433	0,242	0,649		-0,207	0,673	0,813	
Omnibus																
<i>Block</i>	0,362		0,547		11,629		0,003		9,913		0,019		8,739		0,122	
<i>Model</i>	0,362		0,547		11,991		0,007		21,903		0,001		30,643		0,001	
Nagelkerke R	0,000				0,016				0,030				0,041			

Avhengig variabel: (16k) I ditt arbeid som kommunestyrerepresentant, kor viktig meiner du det er å jobba for interessene til dei følgjande gruppene? Heile kommunen
N = 997

Vedlegg 3: Spørsmål frå MAELG-undersøkinga nytta i oppgåva

Spørsmål 16, avhengig variabel:

1		Hvor viktig er det for deg som medlem av kommunestyret å representere følgende gruppers interesser?				
		Svært viktig	Nokså viktig	Middels viktig	Lite viktig	Ikke viktig i det hele tatt
108	Hele kommunen	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
109	Etniske minoriteter	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
110	Kvinner	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
111	Arbeidere	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
112	Middelklassen	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
113	Lokale næringsdrivende	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
114	Bønder	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
115	Religiøse grupper/kirken	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
116	Mottakere av bestemte kommunale tjenester	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
117	Svakstilte innbyggere	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
118	Et bestemt geografisk område av kommune	4 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>

Uavhengige variabler:

Spørsmål 7, kommunestyreansienitet

7	Hvor mange år har du vært kommunestyrerepresentant i alt?..... år
----------	---

Spørsmål 8, partitilhøyrse

8	Ble du valgt som kandidat
65	1 <input type="checkbox"/> På en liste for et landsomfattende politisk parti: (Angi hvilket).....
	2 <input type="checkbox"/> På en lokal liste

Spørsmål 29, medlemstid i politiske parti

29	Når ble du medlem av et parti første gang?
237	År:..... Vennligst angi hvilket parti.....
	0 <input type="checkbox"/> Jeg har aldri vært medlem av noe politisk parti

Spørsmål 30, tillitsvervserfaring

30 Har du idag, eller har du tidligere hatt, et tillitsverv (styremedlem o.l.) i din partiorganisasjon (Bortsett fra vervet som kommunestyrerepresentant)?				Passer ikke. Mitt parti har ikke lokalorganisasjon eller jeg er ikke medlem av noe politisk parti	
	Ja idag	Ja tidligere	Nei, aldr i		
239	I det lokale partiet	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>
240	På høyere nivå (regionalt/nasjonalt)	3 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	1 <input type="checkbox"/>	0 <input type="checkbox"/>

Spørsmål 35, politisk framtid

35 Hva planlegger du pr.idag å gjøre når denne kommunestyreperioden er slutt?	
<i>Vennligst velg ett av alternativene</i>	
270	1 <input type="checkbox"/> Jeg ønsker å fortsette som kommunestyremedlem
	2 <input type="checkbox"/> Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et høyere politisk tillitsverv i kommunen
	3 <input type="checkbox"/> Jeg ønsker å fortsette min politiske karriere i et tillitsverv på fylkes- eller nasjonalt nivå
	4 <input type="checkbox"/> Jeg ønsker ikke å påta meg noen politiske tillitsverv når denne perioden er slutt

Spørsmål 38, kjønn

38	
279	Kjønn? 1 <input type="checkbox"/> Mann 2 <input type="checkbox"/> Kvinne

Spørsmål 39, butid i kommunen

39 Hvor mange år har du bodd i kommunen?	
280år

Spørsmål 40, utdanningsnivå

40 Hva er din høyeste fullførte utdanning?	
281	1 <input type="checkbox"/> Grunnskole
	2 <input type="checkbox"/> Videregående skole eller tilsvarende
	3 <input type="checkbox"/> Universitet/høyskole eller tilsvarende.